

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2010



ROGALAND BONDELAG



2011 blir eit spennande år

2011 blir eit spennande år for norske bønder på mange områder. Noko av grunnen til dette er arbeidet med ny landbruksmelding, ei melding som skal setja premisser for norsk landbruk for minst dei neste ti åra. Alle som er engasjert i landbruket forstår at denne meldinga er ekstremt viktig. Meldinga skal ikkje berre legge føringar for dei neste åra, men ein er og inne i ei brytningstid for norsk landbruk. Stadig fleire bruk sluttar på grunn av for dårleg økonomi og for høge bygningskostnadar. Kva retning skal norsk landbruk ta? Rekrutteringa er viktig. Ein må jobbe for å auka midlar til investeringar i neste jordbruksoppgjer slik at nye og unge bønder får høve til å investera i nybygg og ei god og lys framtid der dei og oppnår ein god og sunn økonomi på bruket sitt.

På verdsbasis vil ein kunne få ein langt vanskelegare matforsyningsituasjon. Kraftig vekst i folketallet og eit meir vestleg forbruksmønster i store land som Kina og India fører til auka vekst i etterspurnaden etter mat. Berre i India er det i dag ein middelklasse på over 200 millionar med levestandard på europeisk nivå. Også her heime blir det fleire munnar å mette, då det er forventa 1 million nye nordmenn dei neste tju åra. Sjølvforsyninga må minst halda takt med veksten i folketallet og helst aukast.

Matproduksjonen i Noreg bør foregå med utgangspunkt i nasjonale og lokale ressursar. Men ein må også betra produktiviteten på dei areala ein alt har, i tillegg til at areal som går ut av landbruksproduksjonen må erstattast av nytt areal. Å auka produktiviteten betyr at ein må forske på nye kornsortar og grassortar som er tilpassa eit varmare klima og eit meir ekstremvær. Derfor har me i Noreg eit stort ansvar for å produsera mat, då me har god råd og kan produsera vår eigen mat, sjølv om det blir dyrare enn i land med eit stort og effektivt landbruk. Innanfor landbruksnæringa har me derfor stor tru på at denne auken skal gi oss eit løft slik at me fortsett klarer å produsera mat til ein veksande befolkning. Det er ikkje berre ute i distrikts-Noreg at det er store forventningar til den nye landbruksmeldinga. I meiningsmålinger seier eit stort fleirtal av det norske folket - faktisk 8 av 10 - at norsk matproduksjon er ein viktig samfunnssak som angår oss alle. Arbeidet med å etablere ein framtidsretta politikk for matproduksjon, er ei viktig samfunnssak som angår oss alle. Så skal ein ha eit stort ønske for 2011, må det være at alle folk tar inn over seg at ein må ha mat til alle i denne verda og at bonden er garantisten for at det kan skje med hjelp frå alle forbrukarar i heile verda. Me i Noreg har eit ekstra ansvar her.

Matkjedeutvalget skal legge fram si innstilling nå i vår. Litt på overtid, men det er betre dei jobbar grundig og brukar god tid for dette er eit viktig arbeid. Det ein må kunne forventa frå denne nemnda, er at dei tar tak i betaling for å få hyllepllass i butikk. Mange håpar på at kryssubsidieringa også vert fjerna.

Den kan nok bli verre å få vekk, men ein får håpe at utvalet gjer ein grundig jobb og vågar å ta nokre tøffe val.

Det er også på gang eit arbeid med nye gjødselforskrifter og vassdirektivet, som kan få stor betydning for oss bønder i Rogaland. Me har gode folk på denne jobben, personar som har opparbeidd truverd gjennom saklege og agronomiske argument. Dette har så langt vist seg å vera ein god taktikk. Utnytting av beiteresuriane i Rogaland er viktig for oss også i denne samanhengen.

Rogaland Bondelag er også med i eit ARENA-prosjekt saman med eit bredd landbruksmiljø i Rogaland, for å få til opplegg for Biogass-produksjon ut frå eit breitt perspektiv inkludert miljø-elementet. Det vil og vera viktig for Rogalands-bonden når det gjeld nye gjødselforskrifter og problemet med for mykje fosfor ut i vassdrag. Det er bevilga 350 000 kr til eit forprosjekt gjennom Innovasjon. Ein har fått på plass prosjektansvarleg og sekretær som er i gong med utforminga av søknad til hovudprosjektet. Regionalplan for landbruket i Rogaland går mot sluttbehandling. Det er gjort eit godt arbeide og planen kan bli eit verktøy for både landbruket og politikarane.

Korn og kraftfôrpolitikk er sterkt belyst i året som gjekk. Det blir det også i året som kjem. Me i Rogaland har sagt heile tida at det er viktig å få på plass kvalitetsbetaling på korn. Men det har ikkje skjedd så mykje her enda og det er på høg tid at ein får til noko.

Revidering av nye mjølkeforskrifter skal også gjerast i løpet av året. Staten legg opp til ei oppmuking og ei meir fleksibel ordning. Så får me sjå om det stemmer når me går gjennom dei nye forskriftene.

Jordvern er alltid ei viktig sak for Rogaland Bondelag. Jordvern kan lett gi konfliktar mellom utbyggjar og landbruksinteresser. Jordvernet må styrkast. I dag har Noreg 1,75 dekar fulldyrka mark pr person mot 2,7 dekar i snitt i resten av verda. Sidan 1949 er omlag 1,1 millionar dekar bygd ned her i landet - inkludert 600 000 dekar fulldyrka jord. I 2009 vart det etter jordlova og plan- og bygningslova om disponert nær 8.200 dekar dyrka jord her i landet. Rogaland sin del av dette var dessverre ca 2.100 dekar. Ut frå dette er det tvingande nødvendig med nye tiltak for å stoppa nedbygginga.

Dei to viktige tinga me fekk til i jordbruksoppgjaret våren 2010 var prosenttoll på flytande mjølkeprodukt og fraktutjamninga på kjøtt. Dette var viktig og me kjem til å dra nytte av dette i lang tid framover.

Rogaland Bondelag ynskjer alle medlemmer og andre kontaktar eit godt år og ser fram til eit spennande og aktivt år.

Stavanger 24. januar 2011

Ole Johan Vierdal, *leiar*

Per Inge Egeland

Margunn Nedrebø (RBK)

Arnstein Gilje, *nestleiar*

Stein Pettersen

Elin Grødeland (RBU)

Innhald

| | |
|---------------------------------------------------|----|
| Årsmøtet – 2010 | 2 |
| Styret og utval til Rogaland Bondelag – 2010..... | 8 |
| Arbeidsplan 2010/2011 | 10 |
| Styresaker..... | 12 |
| Næringspolitiske saker..... | 12 |
| Organisasjonssaker..... | 30 |
| Andre saker..... | 34 |
| Arbeidet i utvala..... | 43 |
| Organisasjonsarbeidet | 48 |
| Leiarane i lokallaga..... | 55 |
| Rekneskapen 2010 | 56 |
| Medlemsoversikt | 58 |
| Gardsrekneskapslaga i Rogaland | 59 |



Tekst til framsidebiletet:

Frå besøket av leiinga i Norges Bondelag i september. Her i veksthusanlegget til Håvard Skavland, Tølgje. Frå venstre: leiar i Norges Bondelag Nils T. Bjørke, 1. nestlediar Berit Hundåla, Håvard Skavland og styremedlem Einar Frogner. Foto Randi Undseth

Tidlegare fylkesformann Torleiv Gaute Hognestad døydde 2. november 2010 – 84 år gammal

Torleif Gaute Hognestad var som bonde og politikar engasjert og oppteken av landbruket og bonden sin situasjon. Både gjennom drifta av eigen gard på Hognestad i Time kommune og gjennom arbeidet som seljar for landbruksrekvisita, traff han mykje folk innan næringa og var såleis godt orientert om det som skjedde innan næringa.

Han var først med i styret til Rogaland Bondelag i fire år frå 1960 – 63. Dei to siste åra av desse var han og vararepresentant til Rogaland Bondelag sitt arbeidsutval. Våren 1964 vart han vald til formann i fylkesbondelaget, eit verv han hadde i fem år fram til og med våren 1970. I tida som formann i fylkesbondelaget var han og medlem av representantskapet til Norges Bondelag.

På dette tidspunktet hadde Rogaland Bondelag også ei eiga Trafikknemnd der Torleif Gaute Hognestad var aktiv med i mange år – frå 1964 - 68. Gjennom sitt engasjement i fylkesbondelaget var han og med i ei nemnd tilknytta jordbrukskulane i fylket for å få etablert teknikarlinjer ved ein av skulane.

Rogaland Bondelag vil takka Torleif Gaute Hognestad for hans engasjement for landbruket i fylket.

Vi lyser fred over hans minne.



Årsmøtet 2010

Årsmøtet vart halde på
Quality Airport Hotel, Sola
12. og 13. mars 2010.
Ordstyrar - Elisabeth Kallevik
Nesheim, Vats.

Deltakrar

Det møtte 73 utsendingar frå 34 lokal-
lag, sju frå styret, fire medlemmer av
årsmøtet til Norges Bondelag i tillegg til
dei som møtte på anna grunnlag, to frå
Rogaland Bygdekvinnelag, to frå Roga-
land Bygdeungdomslag og møteleiaren
– totalt 89 røysteføre. I frå Norges Bon-
delag deltok styremedlem Einar Frog-
ner, Hedemark. I tillegg fleire gjester.

Godkjenning av innkalling og saklista

Fylkesleiar Arna Høyland ønska årsmø-
teutsendingar, æresmedlem og gjester
velkomne. Innkallinga og saklista for
årsmøtet vart godkjent og årsmøtet vart
gjorde ope for presse og gjester, men
med høve til å lukka årsmøtet dersom
saker skulle tilseia det. Til å skriva un-
der møteboka saman med ordstyraren,
vart Lisa Breiland, Finnøy og Svein Ro-
ald Tengesdal, Bjerkreim valde.

Oppnemning av Karl Brådli og Bjarne A. Undheim til æresmedlemmer

Fylkesleieren fekk først årsmøtet si til-
slutning til å oppnemna Bjarne A. Und-
heim, Time og Karl Brådli, Bjerkreim til
æresmedlemmer i Rogaland Bondelag.

*Fylkesleiar Arna
Høyland overrekker
diplomen for
æresmedlemsskap i
Rogaland Bondelag til
Bjarne A. Undheim.*

BONDELAG



Ho overrekte Bjarne Undheim diplom
men om æresmedlemsskap til Rogaland
Bondelag og blomster. Karl Brådli var
vekkreist og fekk overlevert diplommen
seinare. Bjarne Undheim takka for ut-
nemninga og retta ein takk til årsmøtet
til Rogaland Bondelag som på eit tid-
legare tidspunkt gjennom vala, gav han
høve til gå inn i ulike verv som førde han
til leiarjobben i Norges Bondelag.

Lelars tale

I talen sin tok Arna Høyland innleiings-
vis opp jordvernsaka som ei viktig sak
og nemnde særleg saka om innføring av
eit eige vern av dyrka jord i jordlova. Ho
refsa enkelte ordførarar på Jæren som etter
henna vurdering brukte bøndene
som alibi for å gå i mot lovforslaget.

I tilknyting til vårens jordbruksfor-
handlingar understreka ho at den ge-
nerelle inntektsutviklinga i næringa må
betrast og mjølkeproduksjonen må få
eit betydeleg løft. - Mjølkeproduksjo-

nen er den tyngste og viktigaste pro-
duksjonen og er heilt avgjerande for å
oppretthalde eit landbruk i heile landet.
Den er grunnmuren til norsk landbruk
og det er viktig å ha ein stødig grun-
mur poengerte ho.

Ang. departementet sitt arbeid med
ny landbruksmeldinga understreka ho at
næringa fortsett må vera ei politisk næ-
ring der ambisjonsnivået er høgt og ho-
vudmålet er eit aktivt og økonomisk bere-
kraftig landbruk over heile landet. - Dette
er det brei politisk semje om meinte ho,
men ho var meir i tvil om det er **politisk
vilje** til å betale prisen for dette.

Vidare framheva ho at den norske
modellen må sikrast og styrkast for
framtidia. Svekking av modellen vil og
svekka samvirke sin posisjon i markna-
den som i neste omgang og vil svekkja
marknadsordningane som er viktige for
å oppretthalda eit landbruk over heile
landet. Eit solid samvirke er også viktig
i kampen om kven som skal ha kontroll
over maten og verdiskapringa.

Årsmelding for 2009

Nestleiar Arnstein Gilje gjekk gjennom
årsmeldinga og refererte kort dei fleste
sakene styret hadde arbeidd med.

Rekneskap for 2009

Organisasjonsjefen gjekk gjennom re-
kneskapen og trekte fram hovudpunktata
og forklarde enkelte postar og særleg
grunnane for at fylkeslaget kom ut med
eit overskot på vel 203.000 kr etter at
det var sett av midlar til diverse tiltak.

Etter leiars tale og framlegginga av
årsmelding og rekneskap for 2009, var
det fleire som tok ordet. Det vart retta
ein samlande takk til fylkesleieren for
ein fyldig og god tale i tillegg til at det i
frå fleire vart retta ein generell takk til



Frå årsmøtesalen

styret og administrasjonen for eit godt utført arbeid og ei god årsmelding.

Spesielle punkt som vart tekne fram var:

- Prisnedskriving på korn må prioritast under forhandlingane, men det må også setjast kvalitetsskrav for korn som vert levert. Det vart her særleg tenkt på mykotoksin-innhaldet.
- Samdrifter bør få dobbelt driftstillegg for å betra økonomien
- Skeptisk til opplegget med Folkefjos. Det bør heller satsast på å byggja alt nytt.
- Det må satsa på kompetanse og rekrutering til fagskulane til landbruksbygningene.
- Ein må setja meir fokus på nedskrivninga av driftsbygningar.
- Rogaland Bondelag bør fortsatt halda fokus på gamle driftsbygningene i landbruksbygningene. Mange stader står desse og forfall og skjemmer kulturlandskapet og kan fort verta farlege plasser å oppehalda seg ved og i.

Leiaren kommenterte enkelte punkt som vart tekne opp. Ho presiserte at Folkefjoset har sin rett.

Etter dette tok ordstyraren årsmelding og rekneskapen opp til godkjenning. Begge vart einstemmig godkjende. Leiars tale og påfølgjande debatt med innspel av fleire punkt, vart teke til orientering.

Stortingsrepresentant Geir Pollestad

fekk ordet for å helsa til årsmøtet. Han peika på at det er viktig at næringa står samla framover. Han poengterte at Senterpartiet ville gjera sitt i regjeringa for å få eit rimeleg godt jordbruksoppgjerd,



Stortingsrepresentant Geir Pollestad, Sp helsa under årsmøtet.

men at det var ei felles sak for heile regjeringa. Når det galdt arbeidet med varig vern av jordbruksareal hadde regjeringa ikkje teke endeleg standpunkt ennå, men han var oppteken av at ei innføring av vern ikkje måtte svekka dei områda som ikkje vert verna.

Resolusjonskomite

Ordstyraren tok så opp spørsmålet om å setja ned resolusjonskomitear og fekk årsmøtet si tilslutning til å oppnemnda to komitear.

- Arbeidet med ny landbruksmelding - følgjande vart oppnemnde: Ole Johan Vierdal, styret sin representant og leiar av komiteen, Bente Gro M. Slettebø, Andreas Lundegård, Leidulv Harboe og Ole Magnar Undheim med Svein Helge Harbo som sekretær.
- Revideringa av husdyrgjødselsforskriftene - følgjande vart oppnemnde: Arnstein Gilje, styret sin repr. og leiar, Sigmund Slettebø, Kåre Søyland, Lisa Breiland og Hans Petter Valen med Olav Sande som sekretær.

Utfordringar norsk landbruk står overfor og forventningar til vårens forhandlingsrunde

-var temaet styremedlem i Norges Bondelag, Einar Frogner hadde fått. I innleget sitt var han innom følgjande tema, eit overblikk over situasjonen, opplegg for aksjonsdagen 14. april, tiltak fram mot jordbruksforhandlingane og Norges Bondelag sitt arbeid med ny landbruksmelding. Utfordringane framover for eit globalt landbruksoppgjerd er å fø fleire personar. I dag er det ca 6,7 mrd menneske – 1 mrd av desse får for lite mat i dag. Opp mot 2060 vil vi vera rundt 10 mrd menneske på jorda. Utfordringa om å skaffa nok mat til alle i framtida, må også det norske landbruksoppgjerdet ta del i.

Ang. aksjonsdagen 14. april viste han til at ideen og hovudgrepene var å dela ut bonden si eiga kundeavis ”Mer enn bare lave priser” til forbrukarane der budskapet var todelt:

1. **Mer enn bare lave priser** - du får meir med på kjøpet enn berre matvarene – forbrukarane får også kulturlandskap, vakker natur, busetnad m.m.
2. **Vi forhandler for deg også** - det er høve til å ta vare på og styrkja desse verdiane gjennom jordbruksforhandlingane.

Når det galdt jordbruksforhandlingane vil det vera ein jobb for heile organisasjonen å presisera regjeringa si eiga målsetning i Soria Moria 2 om å ”vide-

reutvikle inntekts- og velferdspolitikken i landbruksoppgjerdet fra forrige periode.” For å nå dette må ein ha betydeleg med friske budsjettmidlar poengterte Frogner.

I debatten etterpå tok m.a. Sigmund Slettebø opp situasjonen for kommunane i Dalane der han viste til at det var heller stor reduksjon i talet på landbruksforetak i fleire av kommunane – spesielt i Lund og Sokndal. For å bøta på situasjonen meinte han at det må til ei styrking av økonomien i mjølkeproduksjonen både via prisauke på mjølka og heving av driftstillegget. I tillegg må distriktsstilskota både på mjølk og kjøtt aukast.

Han sende og over følgjande forslag til resolusjonstekst:

”Årsmøtet i Rogaland Bondelag er bekymra over utviklinga for distriktsjordbruksoppgjerdet. Distriktsjordbruksoppgjerdet produserer levende bygder, flotte kulturlandskap og gir politisk aksept for å prioritera betydelige overføringer til jordbruksoppgjerdet. Det er derfor svært viktig å sette inn nødvendige tiltak nå for å stoppe den negative utviklingen! Vi vil ha et aktivt jordbruk over hele landet.”

I frå andre vart det presisert at:

- Rogaland må ikkje verta delt kvotemessig slik styret i RB hadde gått inn for.
- Det er tid for å få eit nytt og godt slagord og viste til overskrifta i Bondesvennen nr 10 av 12. mars 2010 der det står ”Bønder skal kunna leva som andre”.
- Det er tid for å prioritera utviklingsbonden og kapitalen må verta verande i næringa. Difor er det uheldig at ein må betala for ny kvote og for leige av kvote.
- Det vart ytra bekymringar for mjølkesproduksjonen på Jæren om fylket vart delt kvotemessig.
- Det er ikkje for å straffa Jæren-jordbruksoppgjerdet at styret har gått inn for ei todeling av Rogaland, men for å sikra at ein opprettheld eit landbruk i heile fylket også framover.
- Vert det ei avskalling av landbruksoppgjerdet i distrikta, er det fare for at vi og vil tapa den felles landbruksoppgjerdet vi har i dag.
- Situasjonen som vart omtala for Dalane, gjeld heile fylket.

Stortingsrepresentant Hallgeir Langeland, SV gav uttrykk for at det er vaniskelege tider i næringa og at ein må arbeida for å redusera kostnadane innan næringa. Bøndene må ikkje verta leig-

lendingar under store grossistar som Reitan. Det må næringa arbeida mot. På spørsmål frå salen om kva som er viktigast for Langeland – tog eller landbruket – gav han uttrykk for at han ikkje ville saldera landbruket med noko.

Regionplan for landbruket i Rogaland – korleis nyttar den for å få gjennomslag i ny landbruksmelding var temaet den ny landbruksdirektøren Hadle Nevøy hadde fått. Han gjekk gjennom hovudpunktene i meldinga kom til å omtala og organiseringa av arbeidet med planen.

Nokre av måla med regionplanen er å:

- Styrkja landbruket og landbruksbasert næringsutvikling
- Vera retningsgivande for utviklings tiltak, prosjekt og virkemiddelbruk på regionalt og kommunalt nivå.
- Grunnlag for utforming av strategidokument og handlingsplanar
- Avklara det regionale handlingsrommet
- Oversikt over status og utviklings trendar.

Temaområda i planen er mange og omfattande og han konkluderte med følgjande: **Landbruket er viktig i Rogaland og Landbruket i Rogaland er viktig for landet.**

I den påfølgjande debatten vart det peikt på at:

- Kompetansekrava er viktige – ein må kunna stilla kompetansekrav til bonden og den som går inn i landbruket må ha lyst til det.
- Næringa må pleia kulturlandskapet – vi har gardane på lån og vi skal gi dei frå oss i betre stand enn då vi sjølv tok over.
- Avløysarordninga må vidareutviklast.
- Rekrutteringa til næringa er viktig og mange bøndene må levera frå seg gardane til neste generasjon på eit tidlegare tidspunkt enn det ein ofte er vitne til i dag.

Orientering frå valkomitearbeid

På slutten av det ordinære møtet første dag la leiaren i valkomiteen for Rogaland Bondelag Ragnhild Dyngeland, fram nemnda si innstilling for vala som skulle gjennomførast andre dag av årsmøtet.

Medlem i Norges Bondelag si valnemnd Audun Meland, frå Vest-Agder orienterte om arbeidet til Norges Bondelag si valnemnd og oppmoda årsmøtedeltakarane om å koma med innspel til nemnda sitt arbeid.



Arna Høyland takkar ny landbruksdirektør Hadle Nevøy for god gjennomgang av arbeidet med Regionplan for landbruket i Rogaland.

Lukka møte

Etter bolken med informasjon frå valnemndene vart årsmøtet lukka – berre årsmøtedelegatane og tilsette ved kontoret - hadde høve til å vera til stades. Temaet var: **Orientering og drøfting av evt. opplegg for markering i samband med jordbruksforhandlingane.**

Einar Frogner orienterte først ut frå Norges Bondelag sitt aksjonsutval som hadde sett spesielt på aktuelle tiltak. Ved brot ville første fase vera umiddelbare reaksjonar – punktaksjonar - lokallaga i hovudsak står for. I andre fase ville det vera meir organisert opplegg der fylkeslaget har ein viss rolle. Det heile ville avsluttast med ei samling/demonstrasjon i Oslo. Han var og inne på ”fredsplikta” under forhandlingane og understreka at den var absolutt.

I sitt innlegg kom fylkesleiar Arna Høyland inn på drøftingar styret i Rogaland Bondelag hadde på møtet 9. mars. Styret la opp til å følgja opplegget til utvalet sentralt med gjennomføring av traktoraksjonar enkelte plasser i fylket, bruk av rundballar. Ho oppmoda sterkt til mobilisering dersom brotsituasjonen skulle oppstå.

Den generelle oppfordringa var at - vert det brot så må ein stilla opp og gjennomføra det som vert planlagt. Då er det ikkje tid for gruppemøte.

Aktivitetsprisen 2010

Under middagen delte fylkesleiaren ut Aktivitets-prisen for 2010. Fylkesstyret hadde tidlegare gått inn for å gjera om premieringa av beste lag til å leggja vekt på heile arbeidsomfanget til lokallaga

og ikkje berre resultatet av vervearbeitet og utviklinga av medlemstalet i lokallaget. Juryen for utveljinga var arbeidsutvalet til Rogaland Bondelag og leiaren i verveutvalet. Dei var kome til at **Aktivitetsprisen - 2010** skulle gå til Nærø Bondelag. Under årsmøtemiddagen overrekte fylkesleiaren møteklubbe med inskripsjon på til leiaren i Nærø Bondelag Jofrid Torland Mjåheit. I tillegg vart det oversendt 5.000 kr til lokallaget.

Budsjett for 2010

Orgsjefen gjekk kort gjennom styret sitt forslag til budsjett

Arbeidsplan for Rogaland Bondelag 2010 – 2011

Styremedlem Per Inge Egeland gjekk gjennom hovudpunktene i styret sitt forslag. Den byggjer på strategiplanen til Rogaland Bondelag og er grunnfesta i visjonen **Vi får Rogaland til å gro.**

Det var ingen som hadde merknadar til det framlagde budsjett, men til arbeidsplanen vart følgjande forslag innleverte:

- Arbeida målretta mot fylket og kommunane for å få i stand ein konkret handlingsplan for ugrasbekjempelse i Rogaland
- Arbeida for å vera meir synleg gjennom heile året:
 - I vekeblad, avisar og liknande
 - Få fram gjennomsnittsbonden sin kvardag
 - Vera synleg for forbrukarane - gi forbrukarane meir opplysning
 - Få fram dei positive sidene ved landbruket

- Arbeida aktivt for å få odelsjenter og andre kvinner som aktive brukarar på gardane
 - Arbeida for å få til eit samarbeid om landbruksutdanninga i fylket. Kva kan gjerast for å auka interessa for faget?
 - Ha eit aktivt engasjement retta mot Fylkesmannen i Rogaland
 - Ha direkte kontakt med NHO Rogaland for å vurdera kva ein kan få til gjennom eit samarbeid
- Budsjettet og arbeidsplanen med tillegga vart einstemmig godkjend.

Kva utfordringar kan landbruket i Rogaland få ved innføring av vassdirektivet og nye gjødselvareforskrifter var rådgivar i klima og miljø Anne Grete Rostad hjå Fylkesmannen si landbruksavdeling sitt tema.

Ho viste innleiingsvis til at Rogaland har 18 – 20 % av produksjonen av dei viktigaste produksjonane i landet og at auken dei siste åra hadde i hovudsak foregått på Jæren og då særleg for dei

kraftforkrevjande produksjonane. Ho peika på at begge elementa i tittelen vil gi Rogalandsjordbruket og andre deler av landet store utfordringar, men på grunnlag av fagleg engasjement der eit samla landbruk står saman hadde ho god tru for at roglandslandbruket også vi makta desse utfordringane.

For vegne vidare oppsummerte ho det slik:

- Vi kjem til å følgja prosessane nøyne og ha eit godt samarbeid med Bondelaget – både med omsyn til gjødselvareforskrifta og vassdirektivet.
- Vi har eit felles mål om at vil skal ivaretaka Rogaland som matfylke.

I debatten etterpå vart det gitt svært god tilbakemelding på Anne Grete Rostad sitt innlegg. Nokre av punkta som vart trekt opp var:

- Landbruket må samarbeida med andre og ein må unngå at landbruket får ansvar for ting andre er årsaka til.
- Det er dramatiske ting vi står overfor



Miljørådgiver hjå Fylkesmannen landbrukssavdelinga Anne Grete Rostad, orienterte om utfordringar for landbruket med nytt vassdirektiv og revidering av gjødselvareforskrifta.

både ang. vassdirektivet og endring av spreiearealkravet. Difor må vi ta problema på alvor og ikkje gå oss vekk med å skylda på andre.

Uttale frå Rogaland Bondelag sitt årsmøte

Leiarane i dei to resolusjonsnemndene la fram kvar sine forslag til uttale. Med grunnlag i nokre få ytringar frå årsmøtet med korrigeringar av resolusjonane, vart begge einstemmig vedtekne med følgjande ordlyd:

Uttale frå årsmøtet til Rogaland Bondelag

Ny landbruksmelding

Ei melding for det aktive landbruket

Landbruket må fortsatt vera ei politisk næring med eit høgt ambisjonsnivå der hovudmålet er eit aktivt og økonomisk berekraftig næring over heile landet. Dette må det ikkje berre vera politisk semje om, men også brei politisk vilje til å gjennomføra hjå politikarane, er budskapet frå eit samla årsmøte til Rogaland Bondelag. Meldinga må leggja til rette for ei inntektsutvikling som gjer bonden i stand til å nyta eigne og gardens ressursar for ei framtidsretta drift.

Forutan den viktigaste verdien som matprodusent, er landbruket også viktig for å oppretthalda eit vakkert kulturlandskap og levande bygder. Dette multifunksjonelle landbruket har stor verdi for heile landet, inkludert ei aukande reiselivsnæring.

Etter årsmøtet til Rogaland Bondelag si meining må ei ny landbruksmelding m.a. sikra følgjande element:

- Eit aktivt landbruk over heile landet.
- Eit inntektsmål og velferdsordningar som sikrar rekrytteringa til næringa.
- Eit effektivt grensevern.
- At forhandlingsinstituttet vert oppretthalde og at samvirkeorganisasjonane har ein viktig rolle ved omsetning av næringa sin produksjon. Den norske modellen må ivaretakast og utviklast.
- At landbruket er ei kompetansenaering og at ein sikrar eit tilbod ang. fagutdanning og etterutdanning som er tilpassa næringa sitt behov.
- Gode og stabile rammevilkår.
- At kulturlandskapet vert teke i vare gjennom aktiv drift og beiting.
- At skogen vert ein del av satsinga innan eit samla landbruk, også ut frå eit klimaomsyn.

Revidering av gjødselvareforskrifta

Landbruket i Rogaland er ei omfattande næringssgrein, som betyr mykje for busetting, sysselsetting, samfunnsøkonomi og sikker matproduksjon for heile landet.

Næringa er opptatt av at all matproduksjon vert gjort på ein miljømessig, økonomisk-, etisk og agronomisk rett måte, med grunnlag i ei berekraftig utvikling.

Årsmøtet er kjent med at forskriftene som omhandlar bruken av husdyrgjødsel skal reviderast. I samband med dette vil

årsmøtet i Rogaland Bondelag krevja at det vert teke omsyn til følgjande:

- Innhaldet i forskrifta må ta utgangspunkt i agronomi og baserast på forsking og faktiske forhold.
- Gjennomgangen av forskriftene må ikkje føra til endringar i dei landbrukspolitiske målsetningane eller til reduksjon av matproduksjonen.
- Landbruket i Rogaland må kunna utviklast vidare for å møta behovet for auka matproduksjon i landet.
- All gjødsling må vera basert på planteine sitt behov av næringssstoff.
- Kulturateitene betyr mykje for Rogalandsjordbruket. Store delar av desse områda er kupert terreng og godkjent som spreieareal. Det må ikkje settast krav om spreitemetodar som gjer at desse områda ikkje kan nyttast som spreieareal.
- Normene for næringssinnhald i husdyrgjødsel må oppdaterast og faktisk innhald av næringssstoff i husdyrgjødsel må leggast til grunn for utrekning av GDE.
- Ved etablering av biogassanlegg / separering av biomasse, må faktisk innhald av næringssstoff i bioresten leggjast til grunn ved utrekning av GDE.

Val

Innstillinga frå valkomiteen var lagt fram tidlegare i årsmøtet. Det var ingen merknadar til utsendt innstilling. Alle forslaga frå valnemnda var einstemmige.

Leiar for 1 år

Arna Høyland hadde sagt frå seg attval.
Ole Johan Vierdal, Vats vart vald til ny leiar.

To styremedlemmer for 2 år og ein for eitt år

Arnstein Gilje, Stavanger vart attvald som Jæren sin styrerepresentant for to år.

Stein Pettersen, Bjerkreim vart attvald som Dalane sin representant for to år.

Gette Eidesen, Skåre vart vald som ny repr. for Nord-Rogaland for eitt år i staden for Ole Johan Vierdal som vart vald som leiar.

Nestleiar for 1 år

Arnstein Gilje, Stavanger vart attvald.

Tre varamedlemmer til styret for 1 år

1. vararepresentant
Lisa Breiland, Finnøy - ny
2. vararepresentant
Sonja Herikstad Skårland, Time - ny
3. vararepresentant
Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal - attval

6 utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag for to år – 2010 og 2011

Fylkeslaget har over 6.000 medlemmer. Det gir grunnlag for 11 utsendingar. Fem vart valde for to år under årsmøtet i fjor.

Desse vart valde for to år:

Frå Nord – Rogaland:
Sven Ivar Dybdal, Tysvær
Gette Eidesen, Skåre

- for eitt år i staden for Ole Johan Vierdal.

Frå Ryfylke:

Lisa Breiland, Finnøy
Frå Dalane
Stein Pettersen, Bjerkreim

Frå Jæren:

Sonja Herikstad Skårland, Time
Ole Andreas Aarsland, Varhaug
Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal

11 vararepresentantar i nummerorden for eitt år

1. Sigbjørn Andreas Hofsmo, Lund
2. Anita Øvregård, Imsland
3. Guttorm Gudmestad, Rennesøy
4. Jostein Sleveland, Helleland
5. Kristin Hesby, Randaberg
6. Kåre Søyland, Gjesdal
7. Børge Næss, Strand
8. Jon Serigstad, Klepp
9. Andreas Lundegård, Vats
10. Sigmund Svendsen, Riska

11. Svein Helge Harbo, Nærø

Ordstyrar til leiarmøtet i 2010 og årsmøtet i 2011

Arna Høyland, Nærø med Ingar Naustvik, Suldal som vararepresentant.

Revisor for 2 år

Svein Levik, Forsand

4 medlemmer med personlege vararepr. til valnemnda for årsmøtet 2011 og 2012

For Nord-Rogaland
Svein Ståle Kolstø, Nord-Karmøy - attval
Vararepr. Jon Egil Frøystad, Skåre - attval
For Ryfylke:

May Ann Levik, Forsand - attval
Vararepr. Per Mæhle, Hjelmeland - attval
For Jæren:

Kristin Hesby, Randaberg - ny
Vararepr. Ingvald Tjetland, Gjesdal - attval
For Dalane:
Sigmund Slettebø, Eigersund - ny
Vararepr. Sigbjørn Andreas Hofsmo, Lund - ny

Leiar og nestleiar i valnemnda

Leiar: Ragnhild Dyngeland, Time - attval
Nestleiar: Svein Ståle Kolstø, Nord-Karmøy - attval

Utdanningsprogram naturbruk **Studiekompetanse og solid fagutdanning**

Tilbodet skoleåret 2010 – 2011

Vg1 Naturbruk

Vg2 Landbruk og gartnernæring

Vg2 Heste- og hovslagerfag

Vg2 Anleggsgartner- og idrettsanleggsfag

Vg3 Landbruk (agronom)

Vg3 Naturbruk (studiekompetanse)

Vg3 Påbygging til generell studiekompetanse

Elevane på Vg1 naturbruk kan å fordjope seg innan enten hest, anleggsgartner eller landbruk. Alle dei tre retningane kan føre til studiekompetanse, agronom eller ulike fagbrev. Du finn meir informasjon om dette på skolen si heimeside.

Skulen vil og frå hausten av tilby toppidrett innan hest.

Ta kontakt med skolen for meir opplysningar:
Tlf 78 80 00 eller e-post oksnevad-vgs@rogfk.no

Søknadsfrist ordinære kurs: 1. mars

www.oksnedav.vgs.no



AIRPORT HOTEL STAVANGER
BY CHOICE HOTELS

Ditt kurs og konferansehotell
Tlf. 51 94 20 09



Verdiskaparen som er til for bøndene

TINE Rådgiving

- ✓ GRUNNPAKKE
- ✓ ØKONOMI
- ✓ FÖRING
- ✓ HELSE
- ✓ TEKNIKK
- ✓ AVL

Vil du ha betre produksjonsresultat:

Prøv TINE Rådgiving



TINE MEIERIET SØR BA - <http://medlem.tine.no>

www.fkra.no

**TA ET SOLID GREP OM DIN
FRAMTID**

VÅRT FELLESKJØP!



Felleskjøpet Rogaland Agder

Styret og utval til Rogaland Bondelag – 2010

Styret

Ole Johan Vierdal, Vats, leiar
Arnstein Gilje, Stavanger, nestleiar
Per Inge Egeland, Hjelmeland
Stein Pettersen, Bjerkreim
Gette Eidesen, Skåre, Haugesund
Elin Grødeland, Orre, RBU
Margunn Nedrebø, Gjesdal, RBK

1.v.m. Lisa Breiland, Finnøy
2.v.m. Sonja Herikstad Skårland, Time
3.v.m. Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal

Arbeidsutvalet

Ole Johan Vierdal
Arnstein Gilje
Sekretær: Svein Helge Harbo

Utval direkte tilknyta fylkeslaget:

Informasjonsutvalet
Arnstein Gilje, Stavanger - leiar
Gette Eidesen, Skåre
Sonja Herikstad Skårland, Time
Sigbjørn Andreas Hofsmo, Lund
Børge Ness, Strand
Sekretær: Målfrid Husebø

Grøntutvalet

Ståle Runestad, Fogn - leiar
Øystein T. Kleppa, Årdal
Johannes Wiig, Orre
Odd Sele, Bore
Arne Vagle, Jæren Forsøksring
Sekretær: Svein Helge Harbo

Verveutvalet

May Ann M. Levik, Forsand, leiar
Kjell Høyvik, Tysvær
Kjell Ingar Bøe, Randaberg
Sekretær: Signe Henriksen

Samarbeidande utval

U-landsutvalet
RB - Elisabeth K. Nesheim, leiar
RBK - Målfrid Stangeland, Sandnes
Samarb.rådet - Terje Øen,
TINE Meieriet Sør
Rog. 4H - Åse Marit Hodnefjell
Sekretær: Olav Sande

Jordvernutvalet

Arnstein Gilje, Stavanger leiar
Andreas Lundegård, Vats
Andreas Joa, Sola, Jordvernforeninga
Erik Thoring, Naturvernforbundet i
Rogaland
Sekretær: Svein Helge Harbo

Samarbeidsutval Rogaland Bondelag/ Gjensidige Forsikring, Rogaland

Ole Johan Vierdal, Vats
Per Inge Egeland, Hjelmeland
Svein Helge Harbo

Eingongsutval

Ny landbruksmelding
Ole Johan Vierdal, leiar
Arnstein Gilje, Stavanger
Ole Magnar Undheim, TINE
Olav Røysland, Samarbeidsrådet
Tor Audun Bilstad, Felleskjøpet
Rogaland Agder
Ståle Runestad, Grøntnæringa
Hadle Nevøy, FMLA Rogaland
Sekretærar - Olav Sande og
Svein Helge Harbo

Revidering av gjødselvareforskrifta

Arnstein Gilje, Stavanger, leiar
Ole Andreas Byrkjedal, Gjesdal
Ragnvald Gramstad, Norsk landbruks-
rådgiving, Rogaland
Lars Kjetil Flesland, Norsk Landbruks-
rådg. Haugalandet
Torger Gjefsen, Bioforsk
Jens Randby, Felleskjøpet Rog. Agder
Eirik Hobberstad, HLB
Anne Grete Rostad, FMLA
Olav sande, sekretær

Desse har representert Rogaland Bondelag i følgjande organ i 2010

Styret i RBU

Per Inge Egeland, Hjelmeland

Styret i RBK

Per Inge Egeland, Hjelmeland

Utsendingar til RBU sitt årsmøte

Arna Høyland, Nærø
Livar Nedrebø, Time

Utsendingar til RBK sitt årsmøte

Sigmund Wiig, Orre
Jon Serigstad. Klepp

Styret i Samarbeidsrådet for landbruksorg. i Rogaland

Ole Johan Vierdal, Vats, nestleiar

Medlem i Innovasjon Norge, styret i Rogaland

Arna Høyland, Nærø fram til somma-
ren 2010
Ole Johan Vierdal, Vats

Kontaktperson for Landbrukets HMS -tjeneste

Per Inge Egeland, Hjelmeland

Prosjektgruppe for Fylkesdelplan for landbruket i Rogaland

Per Inge Egeland, Hjelmeland

Agrovisjon - hovudkomiteen

Arnstein Gilje, Stavanger

Heimevernets distriktsråd – felles for Rogaland og Agder

Audun Meland, Hægebostad
– fast medlem
Vararepr. Gunleif Risa, Nærø

Regionalt miljøprogram

Styringsgruppa: Ole Johan Vierdal, Vats
Prosjektgruppa: Svein Helge Harbo

Ressursgruppe for Økologisk landbruk

Per Inge Egeland, Hjelmeland

Aksjon Jærvassdrag

Arnstein Gilje, Stavanger

Råstoffgruppa for Hå Bio-park

Olav Sande – sekretær for gruppa

Styringsgruppe for frivillede tiltak


Arnstein Gilje, Stavanger

Referansegruppe for vassregionen

Olav Sande

Fagforum for mat og drikke A/S

Arnstein Gilje, Stavanger



Oppgåvene til styremedlemmene er mangfelle. Gette Eidesen har god kontakt med dyra, og Olav Sande kontrollerer at alt går rett for seg.
Foto Randi Undseth.

NCE- Culinology

Arnstein Gilje, Stavanger

Jakten på smaken av Norge

Målfrid Husebø

Fagforumstyret Naturbruk – Rogaland

Svein Helge Harbo

Arbeidsgruppe for fagskuletilbud

Olav Sande

Folkefjoset

Arna Høyland, Nærø

Arbeidsgruppe for handlingsplan for Åkerrikse

Olav Sande

Referansegruppe på fylkesnivå ang. vassdirektivet

Olav Sande

Arbeidsgruppe for ARENA-prosjekt for biogass

Ole Johan Vierdal, Vats

Prosjekt ang. kulturlandskap

- Arvesølvet i Rogaland

Svein Helge Harbo

Referansegruppe for handlingsplan mot framande skadelege artar

Lisa Breiland, Finnøy

Styringsgruppe for tursti langs Figgjo-vassdraget

Bjarne Brunes, Sandnes

Rådgivande utval for Jærstrendene

Arild Ånestad, Bore

Fylkesbondelaget sin repr. ang. rovdýrsaker

Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal

Faste repr. i styret, representantskapet og utval i Norges Bondelag busett i Rogaland:

Styret i Norges Bondelag

Willy Finbakk, Time – 2. varasrepr. til styre i NB

Representantskapet

Ole Johan Vierdal, Vats

Grøntutvalet

Ståle Runestad, Fogn

Miljø- og kvalitetsutvalet

Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal

Kornutvalet

Arnstein Gilje, Stavanger

Utsendingane til Norges Bondelag sitt årsmøtet - 2010

Ole Johan Vierdal, Vats

Gette Eidesen, Skåre

Per Inge Egeland, Hjelmeland

Stein Pettersen, Bjerkeim

Ragnhild Dyngeland, Time

Sven Ivar Dybdal, Tysvær

Sonja Herikstad Skåland, Time

Arnstein Gilje, Stavanger

Ole Andreas Aarsland. Varhaug

Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal

Ingvold Tjetland, Gjesdal

Lisa Breiland, Finnøy

Margunn Nedrebø, Gjesdal møtte for NBK

Æresmedlem i fylkeslaget

Einar K. Time, Stavanger

Bjarne A. Undheim, Time

Karl Brådli, Bjerkeim

Arbeidsplan for 2010/2011

Arbeidsplanen bygger på strategiplanen til Rogaland Bondelag og er grunnfesta i visjonen:

Vi får Rogaland til å gro

Prioriterte arbeidsområda

- Ramevilkåra for landbruket, styrke inntektsutviklinga og sikre rekruttering til næringa
 - Engasjera lokallaga og gje utale på saker som påverkar bondens inntekt
 - Stimulera til engasjement i lokallaga ang. Regionplan for landbruket i fylket
 - Engasjement ang. ny Landbruksmelding
 - Arbeida aktivt ang. revideringa av gjødselsforskriftene og spreieareal-kravet
- Praktisk HMS arbeid på garden
 - Følgja opp 0-visjonen - reduksjon av ulykker og null dødsulykker i landbruket
 - Mål om 15 studieringar i 2010 og 15 studieringar i 2011.
- Areal og ressursforvaltning
 - Vera tilhøyrar på fylkesutvalsmota, sakslista bør vurderast før oppmøte.
 - Vera aktiv i utforminga av regionplanar knytta til landbruket i fylket.
- Delta i samfunnsdebatten – fylge opp info-strategien
 - Følgja opp kontakten med storingsbenken og fylkespolitikarar og delta på møte der representantar frå leiande næringsorganisasjonar møtes og ha god kontakt med media.
 - Skaffe seg kunnskap og kunne delta aktivt på møte der rammevilkåra for landbruket vaert drøfta.
 - Delta aktivt i klima- og miljødebatten framover
 - Ta aktiv del i arbeidet med utvikling av bio-gassanlegg i Rogaland
 - Delta på møte i lokallaga
- Arbeida for å vera meir synleg gjennom heile året:
 - I vekeblad, avisar og liknande
 - Få fram gjennomsnittsbonden sin kvardag
 - Vera synleg for forbrukarane - gi forbrukarane meir opplysning



Arbeidsplanen til fylkeslaget legg også føringar for arbeidet til lokallaga. Frå distriktsmøte på Sandnes med representantar frå Fogn Bondelag i front - Gerd Johanne Bøe og Helga Østhus.

- Få fram dei positive sidene ved landbruket
- Utarbeida ny strategiplan for Rogaland Bondelag

Andre tiltak knytte opp til måla i strategiplanen:

Våre medlemmer

- Ta vare på medlemmer ein alt har og ha fokus på verving av bønder med produksjon, marknadsføra unge bønder-pakken og følgja desse spesielt opp.
- Arbeida for å få fleire kvinner som aktive medlemmer og som tillitsvalde i organisasjonen
- Arbeida aktivt for å få odelsjenter og andre kvinner som aktive brukarar på gardane
- Vere meir synlege overfor medlemmane gjennom heimesidene våre og bondebladet
- Hjelpa lokallag som ynskjer å oppretta heimesider
- Styrkja samhaldet og solidariteten i organisasjonen og innan næringa

Lokallaga

- Følgja opp innhaldet i Tiltaksplan for å styrkja organisasjonsarbeidet og auka aktiviteten i lokallaga
- Hjelpa til med opplegg lokallaga kan nytta i møte med lokale politikarar og andre i sitt nærmiljø
- Gå aktivt ut med kurstilbod til tillitsvalde og stimulera dei til å delta
- Motivera til å etablera fellesstyre mellom lokallag i ein kommune og stimulera til samarbeid mellom lokallag innan regionane i fylket

- Styret skal i løpet av arbeidsåret ha to kontaktrundar med leiarane i lokallaga og vera bevisste på lokallaga sine ynskjer og utfordringar
- Oppmoda lokallaga til å pleia kontakten med lokalpolitikarane og næringsavdelingane i kommunen, og søke medlemsskap i lokale næringsforeiningar
- Oppmoda lokallaga til støtta opp om bygdeungdomslaget
- Hjelpa lokallaga til å gjennomføra Open Gard og arbeida for at det vert Open Gard-arrangement fordelt over heile fylket
- Gjennomføra leiarmøte hausten 2010 i tilknyting til Agro-visjon 2010

Næringspolitikk

- Følgja opp saker som kjem frå enkeltmedlemmer og lokallaga
- Gjennomføra tiltak som vert lagt opp frå Norges Bondelag
- Ha eit aktivt engasjement i næringspolitiske saker opp mot Norges Bondelag
- Delta på ulike næringskonferansar i fylket

Nettverksbygging

- Ha direkte kontakt med NHO Rogaland for å vurdera kva ein kan få til gjennom eit samarbeid
- Arbeida for å få til eit samarbeid om landbruksutdanninga i fylket. Kva kan gjerast for å auka interessa for faget?
- Gjennomføra tiltak i samband med Den Grøne Skulen
- Oppretthalda kontakten med hjelpeprosjektet i Sambolabbo i Kamerun. (U-landsutvalet),

- Gjennomføra ekstra kurs for kokkeelevar på vidaregåande skular i fylket
- Delta aktivt i partnarskapet i NCE (Norwegian Centres for Expertice) - Nasjonalt senter for utvikling og vekst innanfor matindustriell forsking - og gjera det betre kjent hjå medlemmane
- Støtta opp om Nei til EU ved behov

funne grunn til å gjera vesentlege endringa anna enn å stadfesta prioriteringa.

Av større saker ein ikkje har hatt tid til å prioritera er utarbeidning av nytt prinsippsprogram for fylkeslaget. Det heng og noko saman med eit ønskje om at den nye org.sjefen og bør vera med i den prosessen.



Ha direkte kontakt med NHO i Rogaland er eit av måla i arbeidsplanen. Her kler fylkesleiar Ole Johan Vierdel opp direktøren i NHO Rogaland Halvard Ween.

Den politiske kontakten

- Ha møte med Rogalandsbenken og sentrale fylkespolitikarar
- Ta direkte kontakt med politikarar på alle nivå ved behov
- Ha eit aktivt engasjement retta mot Fylkesmannen i Rogaland
- Ha eit aktivt engasjement retta mot Fylkesmannen i Rogaland

Nye satsingsområde - landbruksbasert næringsutvikling

- Arbeida vidare med landbruksbasert næringsutvikling
- Følgja opp strategiplanen for Økologisk landbruksproduksjon i Rogaland

Arealforvaltning

- Hjelpe til og oppfordra lokallaga til engasjement i plan- og regulerings-saker på kommunenivå
- Gå aktivt inn i ulike vernesaker som kjem opp til behandling
- Arbeida målretta mot fylke og kommunar for å få i stand ein konkret handlingsplan for ugrasbekjemping i Rogaland

Samarbeidet mellom styret og administrasjonen

- Foreta evaluering av arbeidsmåten og arbeidssituasjon i styret
- Gi tid under styremøta til næringspolitiske diskusjonar og innspel på saker det bør arbeidast vidare med
- Gjennomføra styresamling saman med dei tilsette

Vidare drøfting av arbeidsplanen

Etter årsmøtet har styret konkret drøfta innhaldet i arbeidsplanen for å vurdera kva arbeidsoppgåver ein primært må konsentrera seg om. Styret føler seg klart bunden av den årsmøtevedtekne arbeidsplanen, men er også heile tida opteken av å ta fatt på dei arbeidsoppgåvene som er mest presserande og viktige til ei kvar tid. Ved gjennomgangen av planen i styret hyar ein kome til at dei prioriterte oppgåvene i opphaveleg plan er dei viktigaste og ein har ikkje

procontra Foto: Espen Ges

“Den va’kje heilt nauden”

[jærsk uttrykk, ofte brukt av boliglånskunder som har fått presentert et nytt fordelsprogram en typisk vårveld i Jærhagen]

**Åpent
10 til 20
fra mandag
til torsdag.**

**10 til 18
på fredag!**

KLEPP SPAREBANK
Enkelt og greit

Telefon Jærhagen 51 78 96 80 www.klepp-sparebank.no

Styresaker

I meldingsåret – 1. januar til 31. desember 2010 – har styret hatt 10 ordinære møte og eit telefonmøte - 9. mai som primært vart nytta til informasjon om utviklinga under jordbruksforhandlingane. Arbeidsutvalet har hatt 3 møte og behandla 9 saker.

Styret har i meldingsåret behandla 87 førebuide saker pluss fire saker som har vorte behandla rett i styremøtet utan noko administrativ saksbehandling på førehand. Ein del av styresakene har vorte drøfta på fleire møte og ut frå arkivsystem får same sak nytt nummer kvar gong saka har vore oppe til drøfting i styret. I tillegg har fleire saker frå året før vorte drøfta i meldingsåret. Styret har og hatt ei rekje referatsaker til orientering og delvis behandling.

I årsmeldinga vert dei viktigaste saken omtala. For saker styret har gitt uttale til, har ein teke med heile uttalen i viktige næringspolitiske saker, medan berre hovudpunktet i andre.



Cherry-tomata smaka ekstra god. Her frå veksthusanlegget til Håvard Skavland, Fogn. Frå venstre: Næringspolitisk sjef i NB, Jostein Lindland, leiar Nils T. Bjørke, Olav Sande, Arnstein Gilje og Håvard Skavland. Foto Randi Undseth.

Næringspolitiske saker

| | |
|--------------------------------------------------------------------|----|
| Styresaker..... | 12 |
| Uttale til jordbruksforhandlingane 2010..... | 13 |
| Uttalen frå Grøntutvalet | 19 |
| Tiltak i forkant og under jordbruksforhandlingane våren 2010 | 22 |
| Innføring av eiga kvotesone for Jæren?..... | 23 |
| Ny landbruksmelding..... | 24 |
| Strategi for bruken av BU-midlane for 2011 | 26 |
| Evaluering av arbeidet til Innovasjon Norge | 26 |
| Forskrifter for tildeling av RMP-midlane i Rogaland..... | 27 |
| Forskrifter om hald av pelsdyr | 28 |
| Utvila bruk av skogfondsordninga..... | 29 |

Uttale til jordbruksforhandlingane 2010

Med grunnlag i heftet "Jordbruksoppkjøret 2010 – strategier og vegvalg" med spørje- og prioriteringsskjema, har lokallaga gjennomført studieringar og medlemsmøte i forkant av utarbeidingsa av uttalane sine. Fylkeslaget har fått inn fråsegn frå 28 av 43 lokallag. I tillegg har ein fått uttalar frå fylkeslaget sitt Grøntutval og frå 19 ulike organisasjonar og instansar. Alle innkomne fråsegn er lagt fram for styret og sendt Norges Bondelag. I tillegg har styret hatt samrådsmøte med landbruksrelaterte organisasjonar i fylket.



Hovudprioriteringar

- Generell inntektsauke og tetting av gap** – er eintydig og klart prioritert som det viktigast av alt i fråsegnna frå lokallaga.
- Mjølkeproduksjonen må prioriterast høgast.**
- Prisnedskrivinga på norskprodusert korn til kraftfor må hevjast med 15 øre.**
- Fraktordningane må styrkjast vesentleg** – det må gjelda alle fraktordningar, også for produksjonar innan grøntsektoren som ikkje har fraktordningar. Gode fraktordningane er avgjerande for å oppretthalda eit landbruk over heile landet.

Generelt

Verdiskapinga i landbruket i fylket er om lag 6 milliardar kr. Sysselsettingsmessig har næringa omfattande ringverknad ut over dei ca 8000 personane som direkte har sitt arbeid innan landbruket. Tar ein med både dei som har sitt arbeid på gardane og dei som er sysselsette med grunnlag i landbruksproduksjonen i fylket, er landbruket den nest største næringa i fylket etter oljenæringa.

Størstedelen av veksten innan landbruket i fylket dei siste åra har foregått i Jæren-regionen. Det er positivt med eit sterkt landbruksmiljø som viser vilje og interesse for å styrka sin posisjon. Denne delen har i dag ca 55 % av produksjonen i fylket. Sjølv om ein registererer auke i produksjonen på Jæren, ser vi også her at urovekkjande mange bønder avviklar landbruksproduksjonen sin og går over i anna yrke.

I andre delar av fylket er det jamt over reduksjon for landbruksnæringa. I kommunane Sokndal og Lund sør i

Kontakt med Rogalandsbenken er viktig i forkant av jordbruksforhandlingane. Her frå møte med benken i Høghuset på Bryne i april 2010. Frå venstre: Torfinn Opheim, Ap, Tore Nordtun, Ap, Arve Kambe, H, Siri A. Meling, H, Bente Thorsen, FrP og Ketil Solvik-Olsen FrP.

fylket, er talet på søkerarar av produksjonstilskot næraste halvert dei siste 10 åra. Noko tilsvarande situasjon vil ein også finna i andre kommunar. Får ein ikkje snu denne trenden snart, vil landbruksmiljøet fort forsvinne og bruk og produksjon vil verta lagt ned. I neste omgang får det fort konsekvensar for sysselsettinga, busetnaden og kulturlandskapet. Dette viser klart at Distriktsatsinga Nord-Trøndelag Bondelag har teke initiativ til også gjeld for fleire kommunar i Rogaland.

Målsettinga om eit aktivt landbruk over heile landet må stå fast.

Vesentleg auke av budsjettmidlar og nei til omfordeling av midlar

Rogaland Bondelag går klart i mot ei omfordeling av midlar innan jordbruksavtalen. **Ingen grupper i landbruket har inntekt å gi fra seg og det er eit klart krav og behov for eit økonomisk løft for heile næringa og alle produksjonar.** Noko av dette bør dekkjast inn via auke i prisane for bonden sin produksjon, men den vesentlege delen av inntektsauken må koma via friske midlar over statsbudsjettet. Resultatet av forhandlingane må føra til:

- Full inndeckning av kostnadsstigninga dei siste åra**
- Lik inntektsauke i kr som det andre grupper får**
- Ei vesentleg tetting av etterslepet mellom landbruket og andre grupper. Regjeringa må her følgja opp lovnadane sine i Soria Moria 2 om ei**

vidareutvikling av inntektsutviklinga for bøndene.

- Styrking av midlar til ulike fraktordningar og til investeringar.**

Markedssituasjonen i år tillet berre små justeringar på prisen til bonden. **Difor må det meir budsjettmidlar til frå Staten for å gi heile næringa det økonomiske løftet ho treng.** Heiltidsbonden må prioriterast.

Næringa må få behalda rasjonaliseringseffekten

Rogaland Bondelag vil sterkt peika på at rasjonaliseringseffekten næringa oppnår må næringa sjølv få behalda – både når det gjeld det som skjer på den enkelte garden, men også innan den landbruksbaserte industrien. I foredlingsindustrien er rasjonaliseringa kome fram til eit punkt der ein i denne omgangen, ikkje kan rekna med eller leggja til grunn ytterleg rasjonalisering og økonomisk vinst av det.

Rekruttering

Landbruket sliter med rekrutteringa til næringen. Ved søknaden til opptaket ved dei vidaregåande skulane i fylket nå pr 1. mars, var det berre 11 ungdommar som søkte vanleg agronomutdanning – Vg3 Naturbruk. Hovudgrunnar til denne situasjonen er stort arbeidspress og lita inntening. Betre generelle økonomiske rammevilkår og gode avløysarordninga er viktige. Nye brukarar må få ein startspakke slik at dei ikkje treng gå opptil eit år og meir, før dei får støtte over jordbruksavtalen.

Arbeidsgrupper nedsett under forhandlingane i fjor

Som eit resultat av forhandlingane våren 2009 vart det oppretta fleire ulike arbeidsgrupper som skulle sjå på kvar sine tema. Etter planen skulle fleire i ri meleg tid før forhandlingane slik at ein skulle kunna ha dei med som grunnlag for lokallaga og fylkeslaga sine fråsegn til årets forhandlingar. Rogaland Bondelag ser m.a. arbeidet med endring av fraktordningar, endringar av arealtilskotet og andre som svært viktig tema. Dei fastlegg som regel viktige premisser for ordningane framover. Fylkeslaget vil sterkt beklaga at ingen av desse rapportane har vore tilgjengelege nå i samband med arbeidet med ny jordbruksavtale. Systemet med at partane set ned arbeidsgrupper under forhandlingane for å gå djupare inn i enkeltpørsmål er bra, men arbeidet til gruppene må koma tidlegare i gang slik at innstillinga og forslaga til endring, kan vera noko av grunnlaget for ei breast mogleg drøfting i organisasjonen i forkant av nye forhandlingar.

Husdyrregisteret

Husdyrregisteret må verta ferdig utforma for alle husdyrslaga slik at ein kan ta det i bruk og sløyfa teljedatoane.

Målprisen Generelt

For fleire av produksjonane innan landbruket må hevinga av målprisane i år vera moderat og konsentrert til produksjonar som har eit reelt grunnlag for å kunna ta ut auken i markedet. Endleg vurdering av dette må markedsansvarlege saman med avtalepartane avgjera.

Forslag til endring på viktig produksjonar som fortsatt har målpris

- Mjølk - + 10 – 20 øre, men føresetning er at tollsatsane for mjølkeprodukt og ost vert endra **frå kr-toll til %-toll** for å styrka importvernet.
- Geitemjølk + 35 øre
- Svinekjøtt – her bør ein primært arbeida for å ta ut full målpris før ein aukar den, men skal ein ha ein auke bør den vera frå 50 øre til 1 kr
- Saukjøtt - + kr 1,50 – 2,00
- Egg + kr 1,20 – 1,50
- Grøntsektoren + 5 %
- Korn – ikkje auke i målprisen generelt, men sterkare prisgradering etter kvalitet.



Eit svært sentralt tema under årets jordbruksforhandlingane var overgang frå kr-toll til %-toll på drikjemjølk. – Vi vant!

For storfekjøtt og kylling bør markedsansvarleg klart etterstrevå å ta ut noko meir i markedet slik at minst kostnadssigneringa i produksjonen vert dekkja opp via auka uttak frå markedet.

Virkemiddel i avtalen

Generelt

Dei ulike virkemidla ein har for næringa må hengja saman med måla og utvikling ein ynskjer framover for næringa. Vesentleg omlegging nå kan lett føra til at det vil føregå ei uønska omfordeling av midlar. Opplegg som fører til spekulasjonar i tilskotsordningane må ein likevel sjå på straks. Rogaland Bondelag er oppteken av at det vert ei ballansert utvikling av dei ulike virkemidla. I hovudsak må virkemidla vera med å hevja det generelle inntektsnivået.

Både gjennom prisløypa for produksjonen og via tilskotsordningane må ein for alle produksjonar stimulera til kvalitetsproduksjon. Taket på produksjonstillegget må auka i samsvar med justeringane som vert gjort for ordningar som kjem inn under taket.

Areal- og kulturlandskapstillegget

AK-tillegget bør gå til aktive brukarar. Det er uheldig utad at mange – ca 7.000 brukarar - får AK-tillegget utan at dei har noko produksjon som nyttar grovforet. Det må vera legalt å selja grovforet, men det bør arbeidast for å finna ei ordning slik at det i hovudsak er dei som nyttar grovforet også søker og får AK-tillegget for det arealet grovforet vert produsert på. Målet må vera at også dette tilskotet går til aktive bønder.

For fleire år sidan vart omreknings-

faktoren for kulturbete sett ned frå 0,7 til 0,6. For heile Vestlandet som er typiske beiteområde med mykje kulturbete, var dette svært urimeleg og det vart reagert sterkt då det vart gjort. Med utgangspunkt i ønskje om å oppretthalda eit vakkert kulturlandskap og for å byggja opp under satsinga for ulike beitetiltak, vil fylkeslaget be om at faktoren vert sett opp att til 0,7. Det vil styrka både grovforproduksjonen og ei aktiv kulturlandskapspleie.

Driftstilskotet husdyr

Rogaland Bondelag er glad for auken denne ordninga fekk under forhandlingane i fjor. Det er eit tilskot husdyrhaldarane får direkte og det slår likt ut hjå alle. Fylkesbondelag ber om at denne ordninga vert prioritert også i årets forhandlingar.

Gjennom tidlegare avtalar er det opna for fleire driftstillegg pr bruk. I utgangspunktet er det bra, men ut frå utvikling og ting som skjer er det behov for betre avklaringar. Med dagens regelverk går det mykje ressursar til å kontrollera ordninga. I praksis vert ordninga også ulikt praktisert mellom kommunane. Det skaper ueheldige situasjoner. Ut frå dette vil fylkeslaget be om at regelverket vert endra slik at ein får ei meir lik behandling og færre får høve til å splitta opp bruket i to eller fleire føretak.

Rasekravet ved utbetaling av driftstillegget for ammekuproduksjon må oppretthaldast.

Tilskot til husdyr

For mjølkekjyr vil ein føreslå at grunnlaget for **driftstilskot** til mjølkeproduk-

sjonen bør endrast slik at eit bruk med 5 kyr får ca kr 50.000 kr i driftstilskot, 6 kyr gir ca 60.000 kr, 7 kyr gir ca 70.000 kr og med 8 kyr får ein fullt driftstilskot. Bruk med 4 kyr eller mindre bør ikkje gi grunnlag for dette tilskotet.

Struktur- og distriktsstilskot

Ein del av dei friske budsjettmidlane ein får, må nyttast til struktur- og distriktsretta tiltak for å sikra økonomien på mindre og mellomstore bruk som ikkje får same effekt av auke i målpri- sene slik større bruk får. På den andre sida må vi ikkje stilla store og små bruk og ulike distrikt opp mot kvarandre. Vi treng dei alle og alle typar bruk må ha ei anstendig inntektsutvikling.

Distrikts- og strukturtillægga må dekka opp meirkostnadane det er med å driva mindre og mellomstore bruk og med å driva i distrikta.

RMP- og SMIL-ordninga

Med grunnlag i utfordringa næringa i fylket har ang. forureining og klimarettatiltak har ein her i fylket alt i fleire år arbeidd aktivt for å gjennomføra ekstra tiltak for å møta desse utfordringane og redusera forureininga. Gjennom arbeidet til Aksjon Jærvassdrag har ein oppnådd vesentlege forbetingar alt, men det er klart behov for ennå sterkare satsing. Gjennom fleire år er det via RMP-ordninga vorte øyremarka heller store beløp til andre avgrensna område med særlege utfordringar. Etter styret si vurdering bør det i år vera Rogaland sin tur til å få ekstra midlar og ein vil sterkt tilrå at det vert **avsett 10 mill kr gjennom RMP-ordninga øyremarka tiltak i Rogaland.**

I praksis ser ein at **SMIL-midlane** vert nyitta til ulike tiltak og ofte utanom ordninga sine eigentlege oppgåver. Ut frå det ser styret det som rett at regelverket for bruken av ordninga vert innstrama og at det vert ytterleg presisert at avtalepartane – dvs lokallaga til Bondelaget og Bonde- og Småbrukarlaga – vert tekne med på råd ved fastsettinga av bruken av midlane i dei einskilde kommunane. Vi ser det som rett at bruken av midlar skal kunna tilpassast lokale forhold og behov, men når bruken er så ulik som ein ser vert det uheldig og grunnlag for murring innan næringa. Ein del SMIL-midlar vert nyitta til restaurering av eldre verneverdigare bygg knytta til næringa. Det er ok, men også midlar frå andre budsjettpostar bør kunna nyttast til slike ting. Ramma til SMIL-ordninga bør ikkje aukast.

Frakttilstoksordningane

Frakttilstok må prioriterast i år. Det er avgjerande for å oppretthalda eit landbruk i distrikta og at samvirkeorganisasjonane fortsatt skal ha mottaksplikt. Det er heilt urimeleg at samvirkeorganisasjonane og enkeltbønder i distrikta må ta på seg store ekstrakostnadar her som bør dekkast av fellesskapet.

Rogaland Bondelag går sterkt inn for at det fortsatt må vera slakteria som tek i mot frakttilstoket og administrerer det. Malen arbeidsgruppa legg fram for kjøtt, bør og kunna nyttast for andre produksjonar. For produksjonar som ikkje har fraktordningar i dag slik som dei fleste produksjonane innan grøntsektoren, bør og få si rettmessige ordning.

For mjølkeproduksjonen der fraktutjamninga er ein del av prisutjamninga, må oppretthalda.

Kvoteordninga for mjølkeproduksjonen

Generelt

Rogaland Bondelag går inn for at ein både for ku- og geitemjølk fortsatt bør ha ei kvoteordning, men stiller spørsmål ved om det etter nær 30 år med ordninga, er behov for ei gjennomgåing av ordninga for å sjå om det er behov for endring. Dette kan gjerast i regi av jordbruksavtalesystemet eller i arbeidet med ny landbruksmelding. Prinsipielt stiller fylkesbondelaget seg noko spørjande til om det er rett at ein må kjøpa produksjonsretten. Kjøp av mjølkekvote må kunna utgiftsførast.

Kumjølk

Med dagens prissystem på kvote vert det ein ekstra kostnad for bønder som ønskjer å utvida produksjonen sin. Det kjem oftast som ei ekstra økonomisk belastning i samband med store investeringar i nytt bygg. For å bøta noko på dette vil ein føreslå at prisen pr liter på den statlege delen av kvoten vert redusert til kr 2,50 pr liter i staden for kr 3,50 i dag. Det bør og vurderast å innføra maksbeløp pr liter for den frie kvoten – både ved sal og ved leige.

For Rogaland sin del ser vi at det i fleire år har føregått ei klar flytting av kvotar frå distrikta i fylket inn mot Jæren. Dette har rett nok minka noko dei siste par åra, men er ennå klar og det har tappa mjølkeproduksjonen kraftig i distriktskommunane. For å kunna oppretthalda mjølkeproduksjonen i desse områda framover og dermed busetnaden, går Rogaland Bondelag inn for at Rogaland

kvotemessig vert delt med ei sone for Jæren og resten av fylket ei anna sone. Fylket har totalt ca 285 mill l i kvote. Noko over halvparten av dette vert produsert på Jæren. Med ei deling vil kvar sone likevel ha ein vesentleg kvote.

Det bør ikkje vera opning for at ein kan leiga ut størstedelen av mjølkekvoten, men halda att noko slik at ein kan levera litt mjølk og utnytta/spekulera i tilskotsordningane. Det må klarare regelverk til her.

Med grunnlag i at det truleg kan verta behov for å auka kvotegrunnlaget framover, vil Rogaland Bondelag stilla spørsmål ved om sovande kvotar bør kunna seljast til staten og fordelast saman med anna kvote staten har hand om. Dei siste åra har det vorte enklare å ta i bruk sovande kvote ved generasjonsskifte noko som har vorte positivt motteke.

Geit

Ved kjøp og sal av kvotar for geitemjølk bør partane sjå på soneinndelinga på nytt slik at ein sikrar anlegg som behandler geitemjølk, får nok råstoff og kan oppretthalda eit fagmiljø. Dersom det oppstår ubalanse i markedet bør staten halda att sal av kvote.

Samdrifter

I frå fleire hald både frå samdriftene sjølv og frå rekneskapslaga, vert det gitt klare signal om at mange samdrifter slit økonomisk i dag og fleire er oppløyste. Dette viser og at heile mjølkeproduksjonen **må prioriterast i år.** Viktig for samdriftene er og at rammevilkåra vert holdne stabile.

Primært ønskjer Rogaland Bondelag av kvotetaket vert som nå, men skal det gjennomførast eit felles kvotetak bør det liggja rundt 600.000 liter – nok til ein robot. Med grunnlag i å oppretthalda eit aktivt landbruk over heile landet ser ein det som vanskeleg om ein skal ha eit felles kvotetak på 750.000 l. Tillatt avstand på 17 km mellom bruk tilknytta ei samdrift, bør stå ved lag. Talet på deltakarar pr samdrift bør kunna aukast.

Medlemmer av samdrifter må og få leiga kvote opp til taket for enkeltbruk.

Kjøtt- og andre produksjonar Belteretta tillegg

Rogaland Bondelag er positiv til den auka vektlegginga ein har hatt innan tilskotsordningane for dyr på beite. Desse ordningane bør styrkast ut frå ønskje om å oppretthalde eit velpleidd og vakert kulturlandskap.

Storfekjøtt

Rogaland Bondelag vil ut frå dei gode erfaringane ein har med tillegget på lammekjøtt, føreslå innføring av eit slaktedyrtillegg på kr 500,- til slaktegruppa ung okse, kastrat og kvige og innafor gitte kvalitetskriteria.

Sauenhald

Økonomien i sauehaldet må opprettast på same nivået som i dag.

Gris

Tilskotet til dei første 35 avlspurkene bør aukast med kr 1.000 pr purke og 30 kr pr slaktegris opp til 500 slaktegriser. Dette gir effektiv auke for alle, men får forholdsvis størst effekt for dei minste besetningane.

Egg

Ut frå fleire innspel stiller Rogaland Bondelag spørsmål ved om det er grunnlag for å oppretthalda distriktstilskotet på egg på 0,45 kr/kg i Trøndelag. Rogaland Bondelag vil føreslå at dette heller vert innført i andre områder som treng ein stimulans for å oppretthalda/auka eggproduksjonen, td. Agder.

Rogaland Bondelag vil støtta opp om fjørfenæringa sitt forslag om å sjå nærmare på referansebruksområdet i dag vert nyttta for eggproduksjonen. Mange eggprodusentar driv i dag i kombinasjon med grasbasert næring. Desse er ikkje representert i referansebruksområdet. Truleg vil det vera best om at det i staden for dagens referansebruksområdet, vert teke i bruk kalkylar for konsesjonsbesetningar.

Birøkt

Rogaland Bondelag er positiv til at birøkt vart teke med under jordbruksforhandlingane i fjor. Det viktigaste for mange kulturar innan grøntsektoren er at det er bier og ikkje plent at det er mange bikuber. Ut frå det vil ein rå til at minste talet på kuber for å koma inn i



Storoksen av kjøttferase koser seg med røktaren sin Arnstein Røyneberg eller er det motsatt? - gjensidig? Foto Randi Undseth.

ordninga vert sett til 25 bikuber. Kravet om minst 20.000 kr i omsetning for å få tilskot, må og gjelda birøkt. Teljedatoen bør endrast til 30. juni eller 31. oktober for å ta omsyn til dei som slår saman kuber for å få sterke bisamfunn under lynghonningtrekket.

Korn/kraftforpolitikken

Kornøkonomien

Betring av økonomien til kornproduksjonane må skje via auke i arealtilskotet eller at det vert innført eit grunntilskot for korn basert på levert vare.

Markedsordninga

Markedsordninga er viktig og ansvarlig for ordninga må også framover tilleggjast landbruket gjennom Norske Felleskjøp. Av ulike grunnar har heile ordninga kome skeivt ut og det bør vurderast nøyne om ein bør gå gjennom

ordninga på nytt slik at ein får ei fullgod ordning som også fungerer dersom verdsmarkedsprisen på korn skulle koma over norsk kornpris. Det må vera viktig at norsk produsert korn vert brukt opp i løpet av sesongen.

Prisnedskrivninga

Rogaland Bondelag ser på denne ordninga som svært viktig og må prioriterast og nyttast i det omfang ein kan ut frå den totale økonomiske ramma ein rår over under forhandlingane. I utgangspunktet vil fylkeslaget rå til ein auke på 15 øre pr kg, men at ein over tid bør tilføra ordninga meir midlar fordi det er viktig å redusera produksjonskostnadane i eit samla landbruk. Denne ordninga er noko av det beste tiltaket i så måte. Noko av grunnen for det er at ein gjennom prisnedskrivninga av norsk korn og får redusert toll på importert korn. Denne multipliseringsfaktoren på rundt 1,5 er viktig å ta med seg.

Norsk korn utgjer i gjennomsnitt ca 60 % av kraftforet. I tillegg til norsk korn vert det nyttet importert korn, norsk og importert proteinråvarer, fett og ulike tilsettingsstoff, mykje for å få den kvaliteten ein krev som for. Prisen på dette er uavhengig av jordbruksavtalen, men styrt av verdsmarkedet og avgifter. Ut frå dette vert det galt nå kraftforprisen under forhandlingane berre vert justert etter same øre-endring som kornprisen pluss/minis endring av prisnedskrivninga. Den reelle auken i kraftforprisen må



Godt stell av kalvane gir eit godt grunnlag.

leggjast inn i kalkylane der ein finn kor mykje som må til for å kompensera ein auke i kraftforprisen.

Kvalitetsprising av norsk korn

Generelt må forbrukarane av kornet – husdyrhaldarane og kraftforindustrien – i større grad enn i dag definera kvalitetskrava for norsk korn. Då både med omsyn til proteininnhaldet, men ikkje minst også innhaldet av mykotoksiner. Etter det Rogaland Bondelag kjenner til er det nå utvikla sikre målemetodar ang. innhaldet av mykotoksin i kornet ved levering om hausten. Med grunnlag i dette må det alt frå hausten av innførast kvalitetskrav og betaling deretter i forhold til DON-innhaldet ved levering. Dette har vore sterkt i fokus dei siste par åra og det bør setjast klare kvalitetskriterie der prisinga av kornet etter kvalitet vert nytta. Kornlaster med for stort soppinnhald må forkastast som for og prisast lågt og nyttast til andre ting – t.d energiproduksjon. Slike korn må fjernast på den enkleste og billegaste måten. Alle innan varekjeden for korn må gå saman her og ta eit felles ansvar slik at ein lukkast i å innføra ei ny kvalitetsvurdering for korn alt frå hausten av.

Grøntproduksjonen

Styret viser til Grøntutvalet sin uttale og støttar opp om den. Styret vil understreka kor viktig det er at næringa får ei betre løysing på tilgangen av godkjende plantevernmiddel. Forbruket av slike middel er svært liten, men ei fjerning av middel som har vore lovlege, før nye er tillatte, set næringa i ein svært vanskelig situasjon.

Pelsdyrnæringa er ei viktig næring for landet og produksjonsomfanget har hatt ei positiv utvikling dei siste åra.



Eit godt og sikkert tollvern er og viktig for grøntsektoren slik det og er for dei flest andre produksjonane innan landbruket.

Rogaland Bondelag vil og sterkt oppmoda Norges Bondelag og Grøntutvalet sentralt til å arbeida aktivt med problema kring registrering av potetal. Styret vil støtta opp om utvalet si vurdering om at det snarast mogleg vert utarbeidd ein ny forvaltningspraksis som vil gi avklaringar om korleis både bønder og rettleiingstenesta skal foreholde seg i desse sakene. Styret støttar eit opplegg der næringa og bonden sjølv må leva med dette og ta ansvar for forvaltinga. (Sjå utvalet sin uttale lenger bak.)

Økologisk produksjon

Rogaland Bondelag har forståelse for at det er eit marked for økologisk produserte matvarer og at norsk landbruk skal dekka opp den etterspørselen, men regjeringa sitt politisk vedteke mål om kor stort forbruk ein skal ha av økologisk dyrka mat, er håplaust. Utviklinga viser at forbruket av enkel produkt har gått ned og for TINE vert berre ca halvdelen av den økologisk produserte mjølka dei tek inn, omsett som økologisk konsummjølk. Ekstra kostnadane pga vedteke produksjons- og forbruksmål av økologiske varer må politikarane sjølv ta ansvaret for og ikkje la det verta ei ekstra økonomisk belastning verken for landbruket generelt eller for omsetningsledda som ikkje får selt varene dei tek inn økologisk. Samvirke og andre omsetningsledd må ikkje verta pålagde å bera desse ekstra kostnadane og tapa i konkurransen med andre.

Ved omlegging til økologisk produksjon må ein større del av tilskota via jordbuksavtalen tildelast ut frå levert mengde vare og ikkje berre ut frå areal. Meirkostnadane ved økologisk drift vert i dag kompensert med tilskot og auka pris i markedet. Styret er skeptisk til å auke tilskotssatsane meir i forhold til konvensjonell drift. Ein større del av inntekta bør kunna tas ut av markedet.

Pelsdyrnæring

Pelsdyrnæringa i fylket har hatt ei positiv utvikling dei siste åra. Dette må vi ta vare på og arbeida for at den kan vidareutvikla seg. Næringa har fleire odds mot seg, men likevel har ho mange positive element i seg slik at næringa fortsatt må vera ein del av landbruket. Det vil vera eit klart tap for Norge om pelsdyrnæringa vert avvikla.

Rundt 80 % av pelsdyrnæringa ligg i næringssvake område. Difor er det viktig at fraktkostnettet på pelsdyrfor vert oppretthalden minst på dagens nivå slik at næringa også framover kan vera ein distriktsrettet produksjon. Pelsdyrnæringa må vidare få sin rettmessige del av BU-midlane. Næringa står overfor store utfordringar knytta til krav ang. dyrevelferd. Rogaland Bondelag er kjent med at det nyleg er sendt ut nye forskrifter om hald av pelsdyr frå Landbruks- og matdepartementet. Denne saka må organisasjonen arbeida aktivt saman med pelsdyrnæringa sjølv, slik at næringa også framover kan få rammevilkår dei kan utvikla seg med.

Velferdsordningane

Prioriteringane frå lokallaga ang. velferdsordningane går klart på at ein først



og fremst må styrkja **sjukelønnsordninga**. Dette er eit godt sikkerhetsnett som er viktig når situasjonane for behovet for ordninga inntreff. Den heng etter og dagsatsen må hevast.

Ferie og fritidsordninga er etterkvart vorte ei kostbar ordning for bonden og det vert frå fleire hald peika på at direkte inntekt til bonden er viktigare enn ei vesentleg auke i satsane for ferie og fritid. Satsane bør halda tritt med den generelle lønnsauken i samfunnet. I frå mange vert det også presisert at det må endringar til i utbetalingsrutinen. Rogaland Bondelag går inn for at det fortsatt vert ein søknadsomgang, men at det vert lagt til rette for to utbetaling av tilskotet – ei a konto utbetaling i januar/februar og ei om sommaren. Begge utbetalingane bør vera samtidig med utbetalinga av produksjonstilskota. Bønder som startar opp med produksjon må få eit a-kontobeløpet.

Tidlegpensjonsordninga må oppretthaldast og satsane må over tid følgje den generelle inntektsutviklinga i samfunnet.

Investeringstiltak BU-ordninga

Med aukande kapitalslit i landbruket og behov for nye store investeringar i heile landbruket delvis og på grunn av offentlege pålegg, må tilgangen på investeringsvirkemiddel aukast vesentleg. Totale ramma til tradisjonelt landbruk i BU-ordninga må aukast kraftig og gjennom det må Rogaland få auka si ramme vesentleg for at ein skal koma opp mot det behovet vi har ut frå produksjonsomfanget i fylket.

Ved vurdering og tildeling av investeringsstøtte må heile produksjonen på bruket vurderast som ei eining og ikkje berre prosjektet det er søkt om midlar til. Også framover må det vera dei mellomstore bruka som skal vera grunnstammen i det landbruket vi vil ha. For mjølkeproduksjonen må difor praksisen ved tildelinga av midlar endrast kraftig. Bankar og andre finansieringskjelder **krev** at det ved nybygg skal vera sikra lønnsam drift på bruket etterpå. Det er forståeleg, men det viser seg at ein då oftast må opp i 50 – 60 kyr og helst fleire, skal dei finna det økonomisk interessant å gå inn med lån. Rogaland Bondelag er svært bekymra for denne utviklinga. Ein driftsstorleik tilpassa eit bruk med 25 – 30 kyr må og vera eit produksjonsomfang ein må kunna satsa på ved einsidig mjølkeproduksjon. Lønns-

emda i mjølkeproduksjonen må vera så god at den tillet investeringar for ein slik moderat storleik.

Grøfting av jordbruksareal er eit forsømt område og bør stimulerast. Grøfting har og ein positiv effekt ang. forureining og er såleis eit miljøbasert tiltak. Innføringa av at grøftekostnadane kan vera grunnlag for rentestøtte via BU-ordninga i fjar, var greitt, men det bør fortsatt arbeidast for å kunna gi tilskot og lån til grøfting ut frå godkjente grøfteplanar. Retningslinjer for bruken av rentestøtte til grøfting vert etterlyst.

Rentestøtta

Ordninga med rentestøtte ved lån må endrast slik at lånetakarane får hjelp til å dekka ein større del av renta ved investeringane dei første åra - t.d. 5 første åra – i staden for nå at dei får det delt ut over 15 år. Dette vil hjelpe lånetakarane ved oppstarta og i dei vanskegaste åra etterpå.

Næringsutvikling – landbruks- baserte tilleggsnæringer

I frå fleire hald er det positiv forståing for opplegg rundt Inn på tunet og at Norges Bondelag går inn for å nytta ressursar for å utvikla denne ordninga og hjelper bønder som vil satsa på dette, til å utvikla gode ordningar og avtalar. Men det vert i frå lokallaga klart peika på at avtalemidlar i svært avgrenså omfang må gå til drift av dette. Gjennom Inn på Tunet tilbyr bøndene driftsapparatet sitt til andre først og fremst kommunane. Då må det også vera dei som dekker kostnadane fullt ut.

Klima og energi/miljø

Landbruket må vera aktiv med i arbeidet med å finna gode løysingar ang. utfordringane næringa har i denne sammenhengen. Ut frå det er Rogaland Bondelag klart innstilt på at næringa i fellesskap og det enkelte bruket, bør gjera sitt for å redusera utslepp av klimagassar og CO₂. Klima er eit nasjonalt ansvar. Difor må det også for tiltak retta mot landbruket på dette området, ytast midlar også frå andre departement.

Det bør ikkje gå midlar over jordbruksavtalen til bygging og drift av biogassanlegg.

Skatt og avgifter

Rogaland Bondelag er positiv til jordbruksfrådraget, men ordninga bør ik-

kje utvidast. Ein stor del av bøndene - særleg dei unge – har for lita inntekt til at dei får full utteljing for frådraget. Dette er beklageleg og det vert ofte påpeika at det har ein langt mindre effekt enn det berekningane viser og då særleg for dei som burde fått full effekt av det. Rogaland Bondelag har ikkje noko løysing på det, men ein vil likevel peika på problemstillinga og utfordra kompetansen innan Norges Bondelag til å sjå nærmare på om dette kan gjerast på ein annan måte. Ei omlegging må likevel ikkje svekka grunnlaget for sjukelønnsordninga og utrekninga av pensjonspengene.

Andre skatte- og avgiftsorningar ein bør sjå på:

- Auka avskriving på driftsapparat – særleg bygningar og då til 8 %. Ein bør få forhold som i våre naboland Danmark og Sverige. Nye driftsbygningar har og stort sett kortare brukstid enn tidlegare.
- Avgift på plantevernmiddel må i sin heilhet førast tilbake til næringa i form av forsking og anna utprøving.
- Høve til fondsavsetninga til seinare investeringar. Bankane krev større eigenkapital ved større investeringar og ei slik ordning vil vera til stor hjelp i så måte. Ei tilsvarande ordning som skogfondet bør vurderast for landbruket.
- Kostnadane med kjøttskontrollen og andre oppdrag Mattilsynet utfører, må i sin heilhet verta dekkja over statsbudsjettet.
- Det bør opnast for ei BSU-ordning for ungdom som planlegg å overta eit gardsbruk.
- Dokumentavgift ved overtaking av gardsbruk bør fjernast. Dette er ei ekstra belastning i ei elles økonomisk vanskeleg tid.

I tillegg til denne uttalen vart også ei oppsummering av svara lokallaga ga på spørjeskjema, sendt Norges Bondelaga.

Uttalen frå Grøntutvalet

I arbeidet med utforminga av Grøntutvalet til Rogaland Bondelag sin uttale til jordbruksforhandlingane 2010, vart representantar frå ulike organisasjonar og enkeltpersonar knytta til den grøne sektoren, inviterte til eige møte saman med utvalet.

Som grunnlag for utforminga av utvalet/møtet sin uttale førelåg:

- Norges Bondelag sitt grunnlagsmateriell for grøntsektoren – 2010
- Innkomne fråsegn – det er kome inn uttale frå Grøntutvalet i Finnøy og frå Ryfylke Tomat / Gartnerhallen Rogaland
- Innspel og diskusjon under møtet.

Utvælet støttar opp om innkomne fråsegn og la dei med uttalen sin.

Generelt

Den grøne sektoren treng eit løft ved årets jordbruksoppgjerd. Kostnadsauken siste året har spist opp tillegga som ein fekk i fjar og det er viktig at sektoren ikkje vert liggjande etter i den økonomiske utviklinga. Utvælet vil og peika på at ein gjennom utforminga og styrkinga av ulike tiltak, må prioritera gartnerar/bruk som hentar hovuddelen av inntekta si frå produksjonen.

Følgjande element må prioritera:

- Eit fortsatt sterkt tollvern
- Innføra fraktordningar og for grøntsektoren og då særleg innfrakt
- Distrikts- og kvalitetstillegget bør hevjast og særleg for produksjonar der ein ikkje kan auka målprisen noko – t.d. tomat.

Tollvernet

For heile den grøne sektoren og særleg for veksthusnæringa, er tollvernet det klart viktigaste virkemiddelet. Norges Bondelag må fortsatt arbeida hardt for å oppretthalda eit best mogleg tollvern for alle produksjonar innan sektoren. Tolla er alt jamt over låg for desse produkta og det er lite å gå på før ein tapar i konkurransen med utanlandske varer. Det er og eit stort press for å opna for import av dei fleste vareslaga innan sektoren. Tollvernet er på mange måtar ein kompensasjon for meirkostnadane vi har med mindre driftseiningar og eit kaldare klima. Eit redusert tollvern for den grøne sektoren vil såleis få katastrofale verknadar for heile næringa. Verdien

Gartner Håvard Skavland, Talgje er godt nøgd med størrelsen på klasane sine – god setting.

av at grøntsektoren har eit godt tollvern, betyr klart meir enn dei andre næringsspolitiske elementa som er nemnde nedafor.

Utvælet vil særleg peika på problemet for tomatproduksjonen og tidspunktet når tolltillegget slår inn 10. mai. Enkelte grossistar har gjennom fleire år føreteke for stor import av tomat rett i forkant av at tollperioden trer i kraft. Det må vera eit klart mål å fjerne dette høve til spekulasjonselementet. Dette har ført til for stor import av varer som igjen, pressar prisen på den norske tomaten i fleire veker etterpå. Utvælet ber Norges Bondelag om å gjera noko med dette. Aktuelt tiltak er å flytta tida for den norske perioden fram eit par veker slik at tolla trer i kraft nokre veker tidlegare på våren. Med ei forskyving av tidspunktet for tollinnslaget, vil det vera lettare å få ein grei pris i mai og sikra betre pris på norsk tomat gjennom heile mai. Nye sortar som vert tekne i bruk har lengre lagringstid slik at problemet vil kunna verta større framover. Denne første produksjonen er kostbar – store fyringskostnadar. Difor er det svært

uheldig når stor import først i mai preser prisane gjennom heile mai månad slik vi har mange døme på.

Målpris

Utvælet ser det som viktig at det vert teke mest mogleg ut av markedet, men det må ikkje forhindra at det også vert brukt meir friske budsjettmidlar til struktur- og distriktsretta tiltak ut i frå eit klart ønske om å oppretthalda distriktsproduksjonen innan den grøne sektoren. Utvælet går inn for at målprisane får ein moderat auke i år på ca 5 % i gjennomsnitt. For enkelte produksjonar er det vilje hjå forbrukarane til å betala meir for norske varer. Det bør ein utnytta, medan ein for tomat må vera svært forsiktig å auka målprisen i år ut frå vanskane med å ta ut målprisen i 2009.

Det er vidare viktig at ein tek ut maks pris i periodar då markedet gir opning for det. Fordelinga av auken mellom dei ulike produksjonane må gjerast ut frå ei samla vurdering etter at ramma er fastsett. Varer som best toler auke i målprisen må prioriterast.



Utalet er oppteken av at produsenten får mest mogleg jamne prisar gjennom lagringsperioden av varene – unnatak for tidlegproduksjonar og i andre høve då forbrukarane er villege til å betala ein høg pris for å få varene. Ei viss godtgjersle for lagring og svinn bør liggja inne i priskurva. For potet bør priskurva i januar og februar auka meir enn i dag for å dekka inn lagerkostnadene og svinn. For å unngå stor import av tidlegpotet rett før norske varer kjem, rår utalet til at målprisen ved overgangen til tidlegpotet - i vike 23 og 24 - vert vesentleg hevja.

For kornprodusentane vart det via målprisen gitt kompensasjon for fjerning av plantevernmiddel. Situasjonen er mykje den same for produksjonar innan grøntsektoren. Ut frå dette bør ein og få ein slik kompensasjon for aktuelle grønsakkulturar.

Areal- og kulturlandskapstillegget

Utalet er positiv til auken i arealgrunnlaget ein fekk for grønsaker i fjar, og vil rå sterkt til at arealgrunnlaget for frukt og bær og vert hevja til 60 dekar. Taket på 40 dekar har stått lenge nok nå. Utalet går også inn for at arealtilskotet for potet vert hevja til 75 kr pr dekar og at beløpet for grønsaker vert auka til 500 kr pr dekar.

Distrikts- og kvalitetstilskot

Utalet går inn for at maks tilskotsgrunnlag for tomat vert auka med 20 tonn, at kronesatsen pr kg/stk vert halde likt for alle kulturane, men at **maksbeløpa** vert justert opp med 30.000 kr for alle sonene.

Ein rår vidare til at det er berre varer som vert omsett gjennom godkjende grossistar eller anna organisert og kontrollerbart varesal, som skal leggjast til grunn for utbetaling av tilskotet.

Tilskot til kvalitets- og salsfremjande tiltak

Tiltak under denne posten er viktige og utalet vil særleg peika på tiltak retta mot plantevernmidlar. Situasjonen for mange kulturar innan grøntsektoren ang tilgang av godkjente plantevernmidlar er vanskeleg og det bør setjast av midlar til utvikling av nye middel. Ein bør og kunna satsa på eit nordisk samarbeid ut frå at forholda er nokolunde like. Utalet er også oppteken av at avgifter som vert betalt ved kjøp av plantevernmiddel, må kunna nyttast direkte til utvikling og utprøving av nye og/eller alternative plantevernmiddel.

Totalsummen for denne ordninga må aukast.

Økologisk landbruk

Gruppa ser det som rett at norsk landbruk inkludert grøntsektoren, dekker opp etterspørsla ein har av økologisk produserte varer. På sikt må størstedelen av meirkostnadane med produksjon av økologisk varer – m.a. mindre avling og behov for større areal - verta dekka opp med høgare prisar i markedet.

Fraktutjamning

Utalet ser det som viktig å oppretthalda den distriktsvis produksjonen innan grøntsektoren. Difor ser utalet det som svært viktig at det også for grøntsektoren vert ordningar som dekker deler av fraktkostnadene og utjamnar den og då særleg frakta frå produsent til pakker/grossist. Det er urimeleg at produsentane sjølv må dekkja transportkostnadene ved busetnad og drift ute i distriktet. Fraktutjamning også for grøntsektoren må difor prioriterast i komande jordbruksoppgjerd slik at produsentane ikkje må ta heile fraktkostnadene. Han bør og får dekka deler av pakke- og emballasjekostnadene.

Opplysningsarbeidet om frukt og grønsaker

Denne ordninga må oppretthaldast og gjerne aukast frå 7,5 mill kr i dag til ca 10 mill kr. Utalet ser det som viktig at ein har forbrukarane med seg. Midlane må i hovudsak brukast til marknadsføring av norskproduserte varer.

Energi i veksthussektoren

Utalet er oppteken av energikostnaden og det må arbeidast aktivt for å halda dei nede. Viktig er det og at fritaket for el-avgift vert oppretthalde. Utalet vil vidare be om at det vert opna for å setja inn gassmotrarar i veksthusa. Ved produksjon av straum som enten vert sendt ut på nettet eller brukt i eigen bedrift, vil veksthusnæringa kunna nyitta spillovarmen og CO₂-gassen i produksjonen i veksthuset. Det bør setjast av ekstra midlar til vidareutvikling av eit slikt opplegg som klart vil kunna få ein tydeleg grøn profil. Ut frå eit klimaomsyn er dette eit drivverdig og godt system, men ein må ha meir midlar til vidare utvikling av det.

Tilskot til bikuber

Utalet ser positivt på at tilskot til bikuber vart innført i avtalen i fjar. Biene er for mange produksjonar innan den grø-

ne sektoren, svært viktig for bestøvinga. Det treng plent ikkje vera mengden av bikuber som er det viktigaste, men at det er bier i nærmiljøet. Utalet vil ut frå det føreslå at kravet til driftsomfang for å få dette tilskotet, vert redusert til **15 kuber**.

Midlar til investeringstiltak

Landbruket har generelt stort behov for midlar til investeringar og utvikling av driftsapparatet sitt. Den grøne sektoren må få tildelt sin rettmessige del av desse midlane både i dei einskilde fylka, men og av dei sentralt fordelte midlane. Ut frå erfaringar ein har med Innovasjon Norge lokalt vil Grøntutvalet stilla spørsmål ved om det ikkje bør vera eit tak kor mykje støtte eit bruk kan få av BU-ordninga. Med svært knappe investeringsmidlar vekkjer det skepsis når nokre få få store beløp, medan mange ikkje får noko.

Tilskot til forsøksringane

Forsking og rettleiing er viktig for ein sterkt fagleg krevjande produksjon med små marginar. Skal produksjonen lukkast er det viktig at det er fagleg dyktige rettleiarar i nærmiljøet som kan følgja opp overfor kvar einskild produsent. Fleire forsøksringar slit med økonomien og må bruka ein for stor del av tida si til å skaffa seg økonomisk grunnlag utanom å driva rettleiing. Ramma til forsøksringane bør difor aukast vesentleg og då særleg til fagringar knytta opp mot forsøk og rettleiing innan spesialproduksjonar der det er få produsentar spreidd over store deler av landet. Døme her er forsøksringen for veksthus og for pyntegrønt.

Produsentsamanslutningar

Utalet ser samarbeidet mellom produsentane som svært viktig og at GSP får høve til å utarbeida best moglege oversikt over planlagde produksjonar og marknadssituasjonen til ei kvar tid. Støtta til dette må oppretthaldast.

Velferdsordningane

Desse må oppretthaldast. Utalet vil på nytt føreslå at veksthusnæringa kjem inn under ordninga for avløsing til ferie og fritid. Vekstssesongen innan veksthusnæringa omfattar heile året. Det er såleis ikkje noko pause i drifta og særleg ikkje for dei som i tillegg til vanleg produksjon også har småplanteoppal. Utalet ser ikkje noko grunn for at veksthusnæringa skal haldast utafor ordninga og vil difor

sterkt rå til at veksthusnæringa vert teke med i ordninga.

At veksthusnæringa kjem inn under avløysarordninga er og viktig for rekrutteringa til næringa. Veksthusnæringa er krevjande og må ha kontinuerleg tilsyn i like stor grad som i husdyrhaldet.

Utalandsk arbeidskraft

Grøntutvalet til Rogaland Bondelag vil oppmoda Norges Bondelag til å arbeida for at utalandsk, men og norsk arbeidskraft, kan arbeida fleire timer over ein viss hektisk innhaustingsperioden. For frukt og bær er det t.d. svært korte periodar innhaustinga kan føregå på. I desse hektiske tidene bør arbeidstidane gjennom ein viss perioden vera meir enn det som er godkjent i dag. Ein må kunna sjå på kva som er tillatt arbeidstid over ein kortare periode innan oljenæringa der det er tillatt med 12 timars arbeidsdagar over ein to vekers periode – gjerne og meir dersom situasjonen krev det.

Planteversituasjonen

Plantevern er ei stor utfordring i grønsakdyrkinga. Forsøksringane har saman med Bioforsk, hatt forsøk og utprøvingar i mange år for å finna alternative løysingar, utan å lukkast. Det er også lite nye ugrasmiddel. Sjølv om eit nytt

Salatproduksjon



middel har god effekt, er det ikkje alltid midla vert godkjent av Mattilsynet. Eit nordisk samarbeid i denne saka bør vera sentralt.

Mest prekært er situasjonen nå ang. ugrasmiddel. Etter at midla Ramrod og Afalon vart teke ut av markedet er det ein svært vanskeleg situasjon for hendiffensivs korsblomstra vekster og gulrot. Situasjonen er også tilsvarende for andre kulturar t.d. purre og lök. For eple har ein ein vanskeleg situasjon etter at Gu-sathion vart tatt bort. Næringa reknar med eit angrep av Rognebærmøll i 2010 dersom ein ikke har eit brukbart middel som vil hindra det. Vert det ikkje opna for fortsatt bruk av desse midla, må det arbeidast aktivt for å finna fram til al-

ternative middel. Vidare vil ein rå til at Norges Bondelag har nær kontakt med Norsk Landbruksrådgiving og andre fagmiljø som arbeider med desse problema.

Fortvilelsen er stor når middel vert utfasa før det kjem inn erstattande middel eller alternative tiltak. Ein føler også at det manglar ein ”heilheitleg” oversikt. Kålrot er eit godt døme på det. Det har vore arbeidd i mange år med å finna alternative metodar til å bekjempe kålfugla. Der har ein enda opp med å nytta eit insektsnett. Dette fungerer godt isolert sett, men så vart det einaste ugrasmiddelet ein kunne nytta, fjerna. Skal dyrkarane ha kontroll på ugraset, må dei ofte fjerna nettet for å radreinsa, og då kjem det kålfugla inn i feltet.

JURIDISK BISTAND FOR LANDBRUKET

odelsrett, ekspropriasjon, skjønn, fast eiendoms rettsforhold,
arv/skifte, generasjonsoverdragelser
for øvrig alminnelig praksis

HAVER Advokatfirma ANS er totalleverandør av forretningsjuridiske tjenester til næringsliv, kommuner, offentlige etater og privatpersoner. Vi er et av regionens fremste på fast eiendom og prosedyre. Firmaet har i dag til sammen 24 medarbeidere, hvorav 17 advokater og advokatfullmektiger.

Vi har kontorer i Stavanger og på Bryne, men påtar oss oppdrag fra hele landet. Firmaet er med i Advocatia – Norwegian Law Alliance – som er et landsdekkende advokatsamarbeid mellom åtte selvstendige advokatfirma med totalt ca 150 advokater.

HAVER Advokatfirma ANS*

STAVANGER: Forusbeen 78, 4033 Stavanger. Telefon: 51 55 44 10. Faks: 51 55 44 11

BRYNE: Postboks 443, 4349 Bryne. Besøksadresse: Øgårdsbakken 3, 4340 Bryne. Telefon: 51 77 00 50. Faks: 51 77 00 51

E-post: post@haver.no | www.haver.no

Tor Haver | Endre Skjørestad | Anders Storaker | Toralf Haver | Carl Aasland Jerstad | Magnus Jonsbråten | Ellen Cecilie Mostad | Sindre Oftedal
Sven Anders S. Drangsholt | Kjersti Lunde | Elisabeth Nygård | Vibeke Sagavaag | Bjarne Bekkeheien | Erik Bergslien | Inger Lise Hegre | Tore Tøsse Notøy

H A V E R

Tiltak i forkant og under jordbruksforhandlingane våren 2010

Forarbeidet i forkant av jordbruksforhandlingar stod sentralt for heile organisasjonen gjennom heile våren. Viktig for organisasjonen var å oppretthalda eit klart trykk i organisasjonen slik at medlemmer og heile organisasjonen hadde tru på forhandlingane.

Styret sitt utgangspunkt var å gå ofensivt ut gjennom uttalen sin til årets forhandlingar, men ein hadde ein klar følelse av at den statlege pengesekken var ennå meir tilknytta i år enn tidlegare sjølv om ein hadde tilnærma den same politiske samansetninga i Regjeringa. Heile organisasjonen si oppgåve – frå sentralt hald, fylkeslaga og lokallaga – var å byggja opp forståing og politisk vilje for at landbruket må få eit løft.

I frå Norges Bondelag var det lagt opp til eit heller omfattande løp som skulle enda opp i ei landsomfattande markering 14. april der ein skulle møta forbrukaren med overskrifta: **Norsk landbruk – meir enn bare lave priser**. Lokallaga vart bedne om å dela ut ”bøndenes kundeavis” som vert kalla ”**Mer enn bare lave priser**”. Kundeavisa tok for seg kva norsk landbruk betyr for matkvalitet, omsetjing, miljø, arbeidsplassar, industri og kulturlandskap – meirverdien du får med å kjøpa norsk mat.

Frå Norges Bondelag vert det anbefalt å stå i butikkane når det er mest handel, frå om lag kl 16.00 til kl 18.00 for å dela ut avis. Ein stilte lokallaga fri til å gjennomføra opplegget når det passa, men at ein burde finna eit tidspunkt som passa best etter dei lokale forholda. Det vert og anbefalt å ha aktivitetar som vekte oppmerksamhet rundt avisutdelinga. Lokallaga bestilte materialet direkte frå Norges Bondelag

Hovudelementa i markeringa vart gjennomgått på distriktsmøta i månads-skiftet jan./febr. Styremedlemene tok og kontakt med leiarane i lokallaga med oppmoding til engasjement. Saka vart og teken opp under årsmøtet til fylkeslaget. Rundt i lokallaga vart det god planlegging og dei fleste lokallaga gjennomførte makringa med å møta forbrukarane og andre med å dela ut avis.

Markering med hjelp av rundballar

Etter eige initiativ frå Bondelaga på Jæren vart det natta til eller tidleg morgen 29. april lagt ut 120 rundballar med ei nedoverpeikande pil som skulle symbolisere at det er eit stort gap mellom bøndenes og andre grupper si inntekt. Det dreidde seg om ein såkalt stille aksjon dagane før staten la fram sitt tilbud i jordbruksoppkjøret. Dette vart ein god aksjon som fekk brei mediadekning og med unntak av ballar som var lagt i rundkjørtningar eller for nær vegen – desse forlangde vegvesenet fjerna i løpet av morgontimane 29. april – vart dei fleste ballane liggjande til jordbruksforhandlingane var ferdige.

Møte med Rogalandssbenken

Også i år hadde fylkesbondelaget møte med Rogalandssbenken på Stortinget. Møtet var 7. april i Høghuset på Bryne. Her orienterte fylkesleiaren kort om landbruket i Rogaland, men streka først og fremst under dei viktigaste punkta i dei føreståande forhandlingane slik som at landbruket måtte få same krone-tillegg som andre grupper, noko av gapet i forhold til andre grupper må tettast, mjølkeproduksjonen må prioriterast, prisnedskrivning av korn til kraftfor må aukast og kraftig styrking av fraktordningane. Han kom og kort inn på arbeidet med ny landbruksmeldinga

som Landbruks- og matdepartementet då nett hadde starta arbeidet med.

Tiltak ved evt. brot

Som vanleg la organisasjonen opp detaljerte planar for tiltak som skulle gjennomførast dersom forhandlinga braut saman. På eit slikt tidspunkt er det ikkje tid for dei snille markeringane, men då er det viktig å setja foten ned og skikkeleg seja i frå kva ein meiner. I denne samanhengen vart det lagt opp til eit tretrins opplegg der lokallaga skulle gjennomkjøra lokale markeringar snarast mogleg etter at brotet vart eit faktum. Deretter skulle ein gjennomføra ei meir omfattande opplegg fylkeslaget skulle ha hovudansvaret for. Hovudmålet med den var å få ”talarstolar” flest mogleg plasser i fylket og treffa stortingsrepresentantar frå regjeringspartia her i fylket og seja i frå kva ein meinte om staten sitt tilbod og mangel på vilje til å gi bøndene eit løft. Siste trinn var å gjennomføra eit opplegg i Oslo der ein skulle ha markeringar m.a. utafor regjeringsbygget. Detaljert opplegg for dette var sendt lokallaga klar til gjennomføring dersom brotet skulle verta eit faktum.

Reaksjon på avtalen

Som kjent braut Norsk Bonde- og Småbrukarlag forhandlingane, medan Bondelaget valde å gå vidare og kom på overtid til semje med Staten om ein jordbruksavtale. Eit par av dei viktigaste momenta for at Bondelaget valde å gå inn for avtalen, var at ein hadde fått gjennomslag for overgang til prosenttoll for flytande mjølkevarer - det var ikkje inne i staten sitt tilbod – og at ein hadde fått på plass ei god innfraktordning og auka tilskotet til innfrakt på kjøtt i forhold til staten sitt tilbod.

Om ein fekk inn desse elementa var det likevel ikkje lett avgjersla for Bondelaget å akseptera avtalen. Skuffande svak generell inntektsauke til bøndene – ikkje tetting av gapet - var noko av grunnen til det. Eit anna viktig element var m.a. handteringa av primært jærgjordbruket der Jæren vart sett i ei eiga sone ang. driftstilskotet og fekk 5.000 kr mindre auke enn det andre bruk i Sør-Norge fekk. For tilskotet pr dyr vart det



Faksimile av kundeavisa bondelaget delte ut i forkant av forhandlingane.

for gris ein direkte reduksjon i satsane pr dyr. Andre landsdelar fekk og kutt.

I staten sitt tilbod var desse reduksjonane større, men forhandlingsutvalet til Norge Bondelag gjorde sitt yttarste for å fjerna desse kutta, men nådde ikkje fram. Styret i Rogaland Bondelag hadde også situasjonen oppe på eit telefonmøte under forhandlingane og signala frå fylkesstyret til sentralleddet var at det måtte gjerast det som kunne gjerast for å fjerna desse kutta. Når forhandlingsutvalet til Bondelaget ikkje oppnådde det og likevel valde å inngå avtale var det ein del medlemmer særleg på Jæren, som meinte at bondelaget burde ha brote forhandlingane. Noko av grunnen til at organisasjonen ikkje gjorde det er nemnd ovafor.

Sjølv om fylkeslaget hadde ønska eit betre resultat var avtalen det beste ein kunne oppnå og forhandlingsløysinga vart betre enn om ein hadde brote og staten sitt tilbud hadde vorte endeleg. Det ville vore nedtur for norsk landbruk og særleg for vårt fylke var fylkesleiar Ole Johan Vierdal sine kommentarar til avtale. Han gav og uttrykk for at han var glad Bondelaget kjempa så knallhardt som dei gjorde for å få vekk minusane for Jærjordbruket.

Det mest uheldige med avtalen i 2010 er truleg **signala** staten har gitt om



Rundballar med påteikna pil som peikar nedover, var lokallaga på Jæren sin måte å signalisera kva veg det gjekk med landbruket i forkant av forhandlingane våren 2010.

at Jærbonden skal knipast inn. Dette rammer spesielt bønder som har satsa og som vil ha landbruket som leveveg framover. Det er både svært uheldig og urimeleg noko også fylkeslaget tok opp i eit eige lesarinnlegg i m.a. Stavanger Aftenblad i juni månad der det klart vart gitt uttrykk for at Jærjordbruket ikkje vil tola eit slikt oppgjerd til. Avtalen har ført til skuffelse og irritasjon hjå bøndene og målet for fylkeslaget må vera å arbeida hardt for å fjerna dei

såkalla minusane som kom inn i jordbruksavtalen.

Sjølv om Rogaland Bondelag sitt eige forslag om å setja Jæren som eiga sone i kvoteordninga for mjølk også ligg inne i den frustrasjonen ein del jær-bønder har etter forhandlingane våren 2010, så var staten si behandling av Jæren ein vesentleg grunn for at Bondelaga på Jæren sende eige brev til Rogaland Bondelag der alt dette vart teke opp. (Sjå neste sak).

Innføring av eiga kvotesone for Jæren?

Styret i Rogaland Bondelag sitt einstemmige forslag i uttalen sin til jordbruksforhandlingane våren 2010, om deling av fylket i to soner ang. mjølkekvoter, førde til ein del reaksjonar. Enkelte lag har støtta det, men andre distrikt har reagert heller kraftig.

Fylkesstyret har brukt mykje tid på saka og drøfta ho på kvar einaste styremøte haust 2010. Fylkesstyret fekk og tilsendt eit eige brev frå Bondelaga på Jæren der det vart reagert heller kraftig på forslaget. Eige svar vart gitt der styret gav utfyllande kommentarar til forslaget sitt og at ein gav uttrykk for at styret arbeidde vidare med saka. Styret har og hatt møte med TINE Meieri Sør og hatt ho oppe på både distriktsmøta og på leiarmøtet om hausten.

På styremøtet i desember stod saka på nytt på dagsorden og etter grundig gjennomgang av saka såg styret at forslaget ville få heller store negative utslag for deler av fylket, gjorde styret på møtet 15. desember følgjande vedtak:

"Styret i Rogaland Bondelag har nytta mykje tid til å drøfta kva tiltak ein kan setja i verk for å oppretthalda mjølkeproduksjonen og fagmiljøet i heile fylket. Forslaget i uttalen til jordbruksforhandlingane 2010 om å dela fylket i to soner ang. kvoteordninga, har skapt sterke reaksjonar og styret ser at forslaget ville gitt ein del uheldige utslag. Styret i Rogaland Bondelag har ut frå dette gått vekk frå forslaget.

Forslaget har likevel sett fokus på ei sak som det er brei semje om. Styret vil difor fortsetja å arbeida for å oppretthalda eit aktivt landbruk over heile fylket i trå med nasjonale mål om å ha eit aktivt landbruk over heile landet.

Ut frå grundige drøftingar vil fylkesstyret føreslå følgjande tiltak for å oppretthalda eit aktivt landbruk med vekt på mjølkeproduksjonen i heile fylket:

- Betra den generelle økonomien innan landbruket og særleg mjølkeproduksjonen i distrikta. Ulike distriktsstillegg og produksjonstillegget må styrkast.*

Dette må ikkje føra til reduksjon i ulike ordningar for andre distrikt slik det vart gjort t.d. for Jæren under forhandlingane våren 2010. Ingen bønder har noko å gi frå seg.

- Midlar til investering må aukast kraftig og dei økonomiske rammevilkåra må verta slik at det er økonomisk forsvarleg å foreta investeringar til nytt fjøs på gardsbruk med ein produksjon tilsvarende ein familiebruksstørrelse.*
- Saman med TINE vil ein vera med å stimulera til etablering av mjølkeprosjekt i ulike regionar av fylket der hovudmålet vil vera å styrka det faglege miljøet og at produksjonen vert oppretthalden i heile fylket.*
- Endringar i regelverket for kvoteordninga er på høyring for tida. Ut frå det vil styret koma tilbake til evt. endringar av det regelverket i samband med fylkeslaget si behandling av forslaget i styremøtet i januar 2011."*

Ny landbruksmelding

Regjeringa ved Landbruks- og matdepartementet vedtok etter stortingsvalet hausten 2009 at det skulle utarbeidast ny landbruksmelding. Den førre meldinga - St.meld. nr 19 (1999-2000) Om norsk landbruk og matproduksjon - skulle avløysast. Sjølv startskudde for arbeidet var 1. mars. Fram til dette tidspunktet, men og seinare har Norges Bondelag vore oppteken av å koma med innspel på hovudområda med meldinga. Etter planen skal meldinga behandlast i stortinget før sommaren 2011.

Til styremøtet i januar førelåg det eit notat frå Norges Bondelag der fylkeslaga var bedne om å koma med innspel til. For å få ein god fagleg bredde i arbeidet med meldinga oppnemnde styret ei eiga arbeidsgruppe som skulle bistå fylkesstyret med utforminga av innspel til meldinga.

Arbeidsgruppa fekk følgjande samansettning:

- Arna Høyland og Ole Johan Vierdal frå styret
- Ole Magnar Undheim - TINE meieri Sør
- Olav Røysland – Nortura/Samarbeidsrådet
- Tor Audun Bilstad - Felleskjøpet Rogaland Agder
- Ståle Runestad – Grøtnærings
- Hadle Nevøy, landbruksdirektør - FMLA
Sekretærar - Olav Sande og Svein Helge Harbo

Med grunnlag i grundig drøfting i ovanemnde gruppe og seinare i styret sende fylkesstyret inn følgjande innspel til Norges Bondelag. Hovudspøsmåla var sett opp av Norges Bondelag.

Målsetninga for landbruket dei neste 10 år

Landbruket må fortsatt vera ei politisk næring der ambisjonsnivået må vera høgt.

Viktige hovudmål må vera:

- Eit aktivt landbruk over heile landet. Trendar dei siste åra har vore at produksjonen eller deler av den forsvinn i bygder og deler av landet. Dette har gått for fort dei siste åra – ein trend som bør kraftig bremsast.
- Eit effektivt grensevern
- Inntektsmålet for bøndene saman med godt fungerande velferdsordningar, må sikrar rekruttering til næringa.



Arbeidarpartiet vil stå svært sentralt når det gjeld regjeringa si utforming av inntektsmål og andre rammevilkår for landbruket i landbruksmeldinga som vert lagt fram våren 2011. Her Torfinn Opheim og Tore Nordtun - begge Ap.

- Med grunnlag i ein berekraftig produksjon må ein ha ei målsetting om å minst auka produksjonen i samsvar med auken i folketalet i landet. Sjølvforsyningssgraden må betrast og landet må ha rett til å produsera mat til sin eigen befolkning.
- Måla ein set opp for norsk landbruk må vera faktabasert.
- Meldinga må ta i vare **utviklingsbonden** – bonden som vil satsa på å vera bonde også om 10 år og meir. St. meld. nr 19 Om norsk landbruk og matproduksjon, har i stor grad vore til fordel for avviklingsbonden.
- Det må fortsatt vera eit hovudmål for landbruket at det er den sjølvstendige bonden som sjølv eig og driv garden.

Den norske modellen må sikrast og styrkast for framtid...

Skal landbruksproduksjonen vera uavhengig av fossil energi innan 2030?

- Vi kan ikkje setja oss målsettingar med så dramatisk omlegging av landbruksproduksjonen utan å vita konsekvensen av det.
- Innanfor klimaarbeidet må ein ha realistiske og faktabaserte mål. Dette vil ikkje vera til hinder for å ha ambisjonar om å verta betre.
- Bruk av anna energi fører og til CO₂-utslepp i det ein nyttar det.
- Landbruket er ein del av totaliteten - reduksjonar i klimautslepp må gjeraast i fellesskap med andre næringar.
- Landbruket er totalt sett CO₂ nøy-

tralt. Utslepp av lystgass er derimot ei utfordring.

- Bruk av mat til produksjon av energi er feil.

Skal produksjonsvekst vera basert på import av kraftfør eller bruk av eigne areal?

- Det er ikkje mogleg å oppretthalda norsk landbruk utan import av korn. Skal ein auka matproduksjonen i landet må ein også auka importen av korn.
- Normalt utgjer norsk korn 65 – 70 % av innhaldet i kraftforblandingane. Stor del av resten er importert vare for å oppnå ein kvalitet som husdyrhaldet krev. Importregimet for denne delen av kraftforet må løysast opp for å kunna utnytta det norske kornet best mogleg.
- Jordbruket i Rogaland er tufta på import av korn frå andre delar av landet og/eller utlandet.
- Basisproduksjonen av korn må vera i Norge og tilpassast produksjonen etter behov.
- Norge bør satsa på ei fornying og utvikling av planteslaget for produksjon av konsentrert karbohydrat til kraftforproduksjonen.

Korleis kan den norske modellen styrkast?

- Det må arbeidast aktivt for å oppretthalda ein stor politisk forståelse for norsk landbruk. Det må gjerast ved å oppretthalda forståelsen for landbruket ute hjå folk flest slik at

politikarane må følgja opp og støtta opp om norsk landbruk.

- Oppretthalda omsetningssystemet via samvirkeorganisasjonane er svært viktig og særleg i ei tid med kamp om landbruket sine eigne merke og kjedane sitt ønske om å bruka eigne merkevarer. Dette er ein kamp om kven som skal ha størst innflytelse i varemerkedet overfor forbrukarane.
- Bøndene og utøvarane sjølv må slå ring om elementa i den norske modellen. Dessverre er det ofte enkeltbønder som sjølv riv dette ned og næringa kan fort vera sin eigen verste fiende. Enkelte stabbesteinar bør setjast ned her for å auka forsting for dei langsiktige elementa i saka.
- Samvirke må sjølv vera dyktige – det skapar tillit både overfor bøndene/ produsentane og hjå forbrukarane.

Korleis auka lønnsemda?

- Strukturendring må ikkje vera svaret. Mange har satsa på det til nå, men effekten inntektsmessig har på langt nær ført til det ein har forventa. Staten har til nå teke inn for stor del av rasjonaliseringsvinst.
- Kunnskap og lønnsemda heng saman. Kunnskap hjå bonden og hans støtteapparat må vera grunnlag for avgjersler som vert tekne på det enkelte bruket. I praksis ser ein at lønnsemda varierer mykje frå bruk til bruk. Det kan vera ulike grunnar til det, men den gode økonomien ligg ofte i detaljar i produksjonen. Desse må bønder som ligg svakt i dag, få hjelp til å finna.
- Det må vera politisk forstång og vilje til å auka inntekta til bøndene
- Produktprisen må utnyttast i det omfanget marknaden tillet det til ei kvar tid.



Fylkesleiar Ole Johan Vierdal har ei stor utfordring med å arbeida for gode rammevilkår i den nye landbruksmeldinga.

- Importvernet må sikrast og ulike tiltak knytta opp mot det må utnyttast maksimalt for å sikra omsetnaden av norske produkt. Døme - prosenttoll på ost i staden for kr-toll.
- Reduksjon av kostnad - både dei som er knytta til produksjonen på garden, men også reduksjon i dei mange pålagde skattar og avgifter og inntektsskatten.

Korleis sikra landbruket som ei kunnskapsbasert næring?

- Det er høgare landbrukskompetanse på seniorbønder enn dei som startar som bønder i dag. Årsaka er blant anna at ungdom i dag tek seg anna utdanning, og er i anna yrke før dei startar som bonde.
- Fylkeskommunen har ansvar for fagskuletilbodet. Fylkeskommunen kan skreddarsy tilbod ved etterspurnad. Det vil kunna gje god landbrukskompetanse.
- Fagbrev er for tilsette og innhaldet i fagbrevutdanninga er mykje forma ut frå eit samarbeid mellom partane i arbeidslivet. Bonden er sjølvstendig næringsdrivande.
- Det bør stillast krav til minsteutdanning for å driva eige føretak i landbruket.
- Høgskuletilbodet innan landbruk må utviklast vidare. Studiet bør utviklast slik at det vert mogleg å ta ei bachelorgrad innan landbruk – t.d. bygde-næringsstudiet.
- Ein må ha ei fagleg god rettleiingsteneiste i landbruket. Rogaland Bondelag fryktar næringa vil få problem med å rekruttera landbruksfagleg dyktige rettleiarar framover.

Korleis skal Norges Bondelag arbeide for å styrkja norsk næringsmiddelindustri?

- Styresmaktene si rolle er å setja krav og vera premissleverandør. Næringsmiddelindustrien bør føreheld seg til dette.
- Konkurransevilkåra er ulike. Samvirke er pålagt for stort samfunnsansvar i dag.
- Det må innførast kvoteauksjonar på import av råvarer
- Landbruket må utarbeida felles bransjekrav for levering av jordbruksprodukt.

Anna engasjement gjennom året ang. ny landbruksmelding

På årsmøtet til fylkeslaget vart det avgitt ein eigen uttale til denne saka. Sjå lenger framme i årsmeldinga.



Vil ny landbruksmelding legga grunnlag for å kunna vinda pila oppover?

Ein del av regjeringa sitt arbeid med å innhenta innspel til meldinga i startfasen var gjennomføring av fem høyrmøte rundt i landet. Leiar i Rogaland Bondelag Arna Høyland hadde Bondelaget sitt innlegg under Landbruksdepartementet sitt møte i Bergen 5. mars. Her understreka ho noko av det same som fylkeslaget hadde sendt Norges Bondelag – sjå ovafor. Ho poengterte spesielt krav om eit effektivt grensevern og krav om at inntektsmålet og velferdsordningane må vera på eit nivå som sikra rekrutteringa til næringa. Vidare peika ho på at produksjonsmålet må vera at ein aukar produksjonen minst så mykje som må til for å oppretthalda sjølvforsyningsgraden i landet. Den må helst hevjest og Rogaland må få sin av ein slik auke. Avslutningsvis streka ho under at den nye meldinga må ta i vare utviklingsbonden – bonden som vil satte på framtida.

Departementet hadde og eit eige høyrmøte 14. juni på Særheim. Også her deltok landbruksminister Lars Peter Brekk. Fleire dyktige unge bønder hadde gode innlegg. Fleire av desse vart og fulldig refererte i Bondevennen kort tid etterpå.

Utover hausten har ein orientert om landbruksmelding og det er arbeidet med tema tilknytta den. I tillegg har saka vore opp på årsmøta i lokallaga, på leiarmøtet og i andre samanhengar. På nyåret 2011 legg fylkeslaget opp fleire møte med politikarar på fylkesnivå og med stortingsbenken der ein vil få fram landbruket i Rogaland sin posisjon og kva som er viktig framover for å kunna oppretthalda eit aktivt landbruk over heile fylket. Fylkeskommunen sin eigen pla – Regionplan for landbruket i Rogaland – som vart lagt ut til høyring først i november 2010, gir og viktige innspel til utforminga av ny landbruksmelding.

Strategi for bruken av BU-midlane for 2011

Rogaland Bondelag vert saman med Rogaland Bonde- og Småbrukarlag, Rogaland Fylkeskommune og Innovasjon Norge Rogaland invitert av Fylkesmannen landbruksavdelinga til møte for å drøfta strategien for bruken av BU-midlane i Rogaland for 2011

I frå FMLA vart det lagt opp til at ein vil avverna ei tyngre gjennomgang av strategien etter at Regionplan for landbruket i Rogaland og ny landbruksmelding er formeldt vedteken. Rogaland Bondelag fann det likevel rett at ein alt nā ville gå inn for visse justeringar ang. kravet til storleik på produksjonseinin-gane før dei får tildelt BU-midlar og om ikkje heile produksjonar på garden bør kunna takast med i ei økonomisk total-vurdering på slutten i vurderinga om

prosjektet tilfredsstiller krava for å få tildelt midlar.

Viktige punkt i det notatet fylkes-bondelaget la fram under drøftingsmøtet var:

Rogaland Bondelag har forståelse for at det ikkje vert gjort noko gjen-nomgåande revidering av strategien i år i påvente av sluttbehandling av **Regionalplanen for landbruket i Rogaland** og **Ny mat- og landbrukemelding**, men at ein alt nā peika på at ein må sjå på enkelte endring som:

- Basisproduksjonane i landbruket må prioriterast Ein bør spissa tildelinga meir mot denne delen av landbruket.
- Miljøretta tiltak bør og prioriterast – m.a. støtte til bygging av gjødsellager.
- Ved konkrete investeringsopplegg må

ein i sluttvurderinga og sjå heilheten i den økonomiske situasjonen på gar-den.

- Alle bruksstørrelsar må trekkjast meir med ved tildeling av midlar. Dette gjeld alle produksjonar. Heile Rogaland må vurderast under eit og adressa til prosjektet må ikkje vera så avgjerande for tildeling av midlar el-ler ikkje, slik ein opplever i dag. Også mindre bruk over heile fylket er viktige for at landbruket skal kunna ta i vare den multifunksjonelle funksjo-nen næringa er tildelt.
- Ved tildeling av midlar må ein vera meir open for at utbyggjar kan ha noko meir ledig kapasitet og større høve til utviding av produksjonen enn det som vert lagt til grunn i dag.

Evaluering av arbeidet til Innovasjon Norge

Med grunnlag i sentrale politiske kref-ter har eit konsulentfirma gjennomført ei evaluering av Innovasjon Norge (IN) sitt arbeid og sett spesielt på om ønska effekt og intensjon av samanslåinga av Statens Nærings- og Distriktsutvi-klingsfond, Norsk Eksportråd, Norges Turistråd og Statens veiledningskontor for oppfinnerar i 2004, er oppnådd. BU-ordninga vart lagt inn under Innovasjon før dei andre nemnde organa vart over-førde.

Evalueringa konkluderer med at BU-midlane passer ikkje inn i Innovasjon Norge sitt opplegg då midlane er avsett i jordbruksavtalen og målsettinga for BU-midlane ikkje er samanfallande med IN sin målstruktur. Sjølv om BU-midlane ”ikkje passer inn” hjå IN, meinar evaluator at IN gjer ein god jobb med å forvalta midlane. Alternativ plas-sering av forvaltinga av BU-midlane er Fylkesmannen (landbruksavdelinga) eller Statens Landbruksforvaltning (SLF).

Saka vart sendt fylkeslag på høyring. I uttalen sin seier styret seg godt nøgd med arbeidet til Innovasjon Norge Ro-

galand og vil ut frå grunngivinga nedforsterkt rå til at Innovasjon Norge fortsatt skal vera forvaltar av BU-midlane. Styret ser det som viktig at ein ikkje går inn på ei sektorisering av næringslivet i landet.

I grunngivinga heter det at primærlandbruket, men og tilknytta bedrifter m.a. næringsmiddelinndustrien, er alt næring og er såleis ein del av det totale næringslivet i fylket. Ut frå dette er det viktig å ha ei samla vurdering av utviklinga av næringslivet i fylket så vel som på nasjonalt plan. Difor vil ei fjerning av forvaltinga av BU-ordninga frå Innovasjon føra til ei uehdig sektorisering av næringslivet i landet.

Fordeler med dagens opplegg for forvaltinga av BU-midlane:

- Rogaland Bondelag får delta aktivt og vert teken på alvor ved utformin-ga av strategien for tildelinga av BU-midlane i fylket
- Innovasjon følgjer lojalt opp strate-gien for bruken av BU-midlane
- Rogaland Bondelag har tilnærma fast plass i Innovasjon Norge Roga-lan

- Denne styrepllassen fører til at bondelaget får viktige kontaktpunkt mot anna næringsliv i fylket og mot det politiske miljøet.
- Innovasjon lokalt har bygd opp ein god kompetanse overfor landbruket og for økonomisk vurdering av søker-nadar
- Det er god kontakt og samspele mellom FMLA og Innovasjon Norge Rogaland
- Via styreplassen får landbruket innsikt i situasjonen for anna næringsliv i fylket
- Ein får plassert landbruket inn i ein større samanheng saman med næ-ringslivet elles i fylket.

Rogaland Bondelag får rett noko negative tilbakemeldingar på Innovasjon Norge Rogaland si handtering av enkelte søker-nadar. Ein del av det beror m.a. på misforståelse og at Rogaland får tildelt langt for lite midlar i forhold til behovet i fylket. Dette skapar misstemming og IN får dessverre kritikken.

Forskrifter for tildeling av RMP-midlane i Rogaland

I frå FMLA-Rogaland fekk fylkeslaget oversendt forslag til forskrifter for Regionale miljøprogram (RMP-ordninga) til landbruket i Rogaland for 2010.

Gjennom RMP-ordninga får Rogaland tildelt 24 mill kr til fordeling. Under behandlinga av saka i 2009 sende RB inn forslag om å hevja tilskotet til drift av beitelag frå kr 6,- pr sau til 11 kr. Det fekk vi gjennomslag for og er teke med i forslaget for nye forskrifter.

Nytt for i år er at ein skal bruka ein del midlar til Pilotprosjektet 2010 der målet er å redusera fosforavrenninga til Skas Heigre-kanalen. Det er her utarbeidd eit eige avtaleformular med ulike vilkår grunneigarane skal slutta seg til for å få tildelt midlar via RMP-potten. Denne avtalen har i løpet av vinteren vorte drøfta i ulike fora. Nokre grunneigarar i området har og vorte trekt inn i arbeidet med utforminga av avtalen. Forankringa for bruk av midlar via RMP til dette ligg i § 17 i utkastet til forskrift.

Tidlegare har styret arbeidd for å få tilført 10 mill kr ekstra via RMP-ordninga øyremerka arbeidet opp mot dette og Asjon Jærvassdrag sitt arbeid. Dette vart ikkje fullt opp i jordbruksdelen sitt krav. Skal ein gjennomføra EU sitt vassdirektiv full ut for alle vassdraga i åra framover, vil det krevja store beløp og truleg mange gonger RMP-ramma.

I saka om handlingsplan for trua artar i Rogaland, er det signalisert at det skal brukast midlar frå RMP til tiltak for å vera om desse artane. Her vert det presisert frå RB si side at for å fi-

nansiera tiltak som går direkte på vern av trua artar, må det finansierast av midlar utanom jordbruksavtalen.

I vedtaket frå styret heiter det at Rogaland Bondelag aksepterer dei framlagde forskriftene for RMP-ordninga i Rogaland for søknadsomgangen 2010. Rogaland Bondelag er og positiv til Pilotprosjektet 2010 og det arbeidet som er lagt ned samtidig med framlagt avtaleutkast med bønder i det aktuelle området og bruk av ein del midlar over RMP til gjennomføring av EU sitt vassdirektiv i Skas

Heigre-området. For full gjennomføring av Vassdirektivet ser fylkesbondelaget for seg at det vil krevja store pengebeløp skal ein gjennomføra det etter malen for Skas Heigre. Ut frå dette vil Rogaland Bondelag krevja at det framover vert nytta vesentleg med midlar utanom jordbruksavtalen til gjennomføring av tiltak knytta til vassdirektivet.

Rogaland Bondelag går i mot at RMP-ordninga skal nyttast for å gjennomføra spesifikke vernetiltak for trua artar – både planter, dyr og fuglar.

Vi satser på landbruk

SpareBank 1 SR-Banks rådgivere har lang erfaring og kjenner godt til viktigheten av landbrukets rolle i samfunnet og de utfordringer og behov som landbruket har.

Sammen kan vi skreddersy finans- og forsikringsløsninger for deg og ditt bruk.

Ta kontakt på telefon 02008 eller besøk våre nettsider for å komme i kontakt med ditt lokalkontor.



Forskrifter om hald av pelsdyr

Norges Bondelag sende ut forslag til ny forskrift om hald av pelsdyr frå Mattilsynet til høyring. Fylkeslaget tok kontakt med Rogaland Pelsdyralslag og fekk oversendt felles uttale frå Rogaland og Hordaland Pelsdyralslag. Styret drøfta sak og med grunnlag i uttalen frå dei to fylkeslaga og drøftingar i styret vedtok fylkeslaget følgjande uttale:

Styret støttar felles uttale frå Rogaland og Hordaland Pelsdyralslag men presiserte følgjande punkt:

Rutinar og journal

Rogaland Bondelag er positiv til at dei sosiale forholda mellom dyra skal vektleggjast ved avl, men stiller spørsmål ved korleis punktet i paragraf 8 "Avls-dyr skal være testet for tillitsfullhet overfor mennesker før de benyttets i avl" skal tolkast. Dette bør avklaraast betre.

Forbud mot livdyrutstilling

For dei langt fleste husdyra innan norsk landbruk har livdyrutstilling vore viktig del av avlsarbeidet og for interessa og det fagleg miljøet mellom oppdrettarane. Rogaland Bondelag vil sterkt rå til at det fortsatt vert opning for å kunna gjennomføra enkelte utstillingar både for å fremma avlsarbeidet og for å styrkja det faglege miljøet rundt pelsdyroppdrett.

I regelverket går det fram at det skal leggjast vekt på rolege og tillitsfulle dyr gjennom utvelging av avlsdyr. Det bør og vera grunnlag for at ein fortsatt bør kunna gjennomføra livdyrutstilling.

Krav til opphaldstad og utforming av bur

I forskriftene vert det lagt opp til svært detaljerte reglar for utforming av bura til dei ulike pelsdyrlaga. Slik må det og kanskje vera, men ein må sjå på kva som er praktisk gjennomførbart utan at samla kostnadar vert for omfattande og det vert for komplisert å få det til. Erfaringar frå det praktiske pelsdyrhaldet må vektleggjast mykje og RB viste til innspela i uttalen frå Rogaland og Hordaland Pelsdyralslag.

Bruk av nakketang og munnlås

Rogaland Bondelag kjenner til at fleire oppdrettarar reagerer på dette forboden, men fylkeslaget aksepterer utfor-



*Nye forskrifter om hald av pelsdyrnæringa vil gi pelsdyroppdrettarane nye utfordringar.
Foto Bondevennen*

minga av punktet slik det står. Det inneholder ei viss opning for bruk av utstyret i gitte situasjonar.

Kontakten med og arbeidet opp mot pelsdyrnæringa

I meldingsåret har ein hatt nær kontakt med pelsdyrnæringa og det har vore fleire treffpunkt der pelsdyrnæringa og bondelaget har møtt kvarande og drøfta ting. Først og fremst kan ein trekka fram besøket leiinga i Norges Bondelag først i september. Eit av besøka var på farmen til Hege og Geir Brattebø på Tjørn i Bjerkreim. Leiaren i Norsk pelsdyravlslag Bertran Trane Skadsem deltok og deltokartane frå Norges Bondelag fekk ei god innføring i pelsdyrnæringa under besøket. Meir informasjon anna stad i årsmeldinga.

Fylkesleiare og org.sjefen var og invitert til informasjon og omvisning på pelsdyrnæringa sin forkjøkken i Sirevåg. Etter besøket der var vi med på omvisning og drøfting av viktige tema for næringa heime hjå leiaren i Norsk pelsdyravlslag Bertran Trane Skadsem.

Under mediakjøret næringa vart utsett for etter oppslag hausten 2010 der det vart vist skada dyr frå nokre besettingar, følgde fylkeslaget situasjonen

nært og det var fleire kontaktar mellom fylkesleiaren og -styremedlemmer mot sentrale personar i næringa både her i fylket og på sentralt hald. Ein støtta opp om enkeltpersonar som var sett overfor eit urimeleg hardt mediakjør.

I ei pressemelding fylkeslaget saman med Norges Bondelag sende ut i denne samanhengen peika fylkesleiari Ole Johan Vierdal på at ein må få på plass ei eiga sertifiseringsordning for pelsdyr så snart som muleg. Vårt utgangspunkt er at alle dyr i Norge skal tas godt vare på. Samtidig må vi ha tillit til at Mattilsynet følgjer opp det regelverket som er grunnlag for næringa i dag, understreka han.

Han understreka også at det er ikkje rett å kollektivt straffa ei heil næring for dei feila nokon få gjer. Bondelaget meiner pelsdyrnæringa er ei viktig distriktsnæring, og det er bondens ansvar å sikre god dyrevelferd for alle produksjonsdyr.

I uttalen vart det og understreka at når ein driver med levende dyr, ja så vil enkelte dyr verta sjuke. Desse må tas under rett behandling med ein gang - uten at det skal bety avliving umiddelbart.

Utvida bruk av skogfondsordninga

Rogaland Bondelag vart oppmoda av medlemmer til å ta opp spørsmålet om utviding av bruken av skogfond-ordninga. Her betaler skogbrukarane inn 4–40 % bruttoverdien av skogsvirket dei sel. Skogsvirket kan definerast svært vidt og ang. juletre heiter det i forskrifta:

"Ved sal av juletre og pyntegrønt kan skogeigaren sjølv bestemme om det skal setjast av midlar til skogfondet"

I forskriftene ang. bruken av midlane heiter det vidare at avsetningane kan nyttast til skogkulturtiltak, under dette planlegging, administrasjon og gjenomføring, men med unnatak av:

"Kvalitets- og produksjonsfremmende tiltak bortsett frå i felt for juletre og pyntegrønt."

Juletrepredusentane sitt ønske er å fjerne dette unntaket slik at tiltak for juletre- og pyntegrøntproduksjonen også kjem inn under ordninga så lenge dei og kan betala inn til fondet.

Ved behandlinga av saka støtta styret forslaget om at skogfond-ordninga og bør kunna nyttast til tiltak i juletre og

*Juletrepredusentar
ønskjer å få nytta
skogfondsordninga slik
skogbruket
elles nyttar ho.
Foto Bondevennen.*



pyntegrønt. Ut frå det sende styret saka over til Norges Bondelag og ba dei vurdera saka og ta ho opp med Landbruks-

og matdepartementet for å få endra § 11 punkt 1.2 i samsvar med dette.

Din advokatkontakt i Nord-Rogaland

ADVOKATENE

VIKSE, HAUGLAND, BERGE, BACHMANN OG MANNES

MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING - KONTORFELLESSKAP

Sørhauggt. 77, (Markedet 5. etg.) Boks 10, 5501 Haugesund

www.advokateneimarkedet.no - Telefax: 52 70 87 66

**Landbruksjus, (fast eiendoms rettsforhold, odelsrett, konsesjonslov,
tomtefeste, ekspropriasjons- og bygningsrett, m.m.),
arve- og skifterett, erstatnings- og forsikringsrett,
gjeldsforhandlinger og alminnelig praksis.**

Advokat Bjørn O. Vikse

Tlf.: 52 70 87 50

Mobil: 950 42 999

vikse@advokateneimarkedet.no

Advokat Jens Otto Haugland
Møterett for Høyesterett

Tlf.: 52 70 87 55

Mobil: 901 24 723

haugland@advokateneimarkedet.no

Advokat Ole Johan Berge

Tlf.: 52 70 87 60

Mobil: 917 96 357

berge@advokateneimarkedet.no

Advokat Trond Jarle Bachmann

Tlf.: 52 70 87 57

Mobil: 916 77 877

bachmann@advokateneimarkedet.no

Advokat May Britt Mannes

Tlf.: 52 70 87 65

mannes@advokateneimarkedet.no

Organisasjonssaker

| | |
|---------------------------------------------------------|----|
| Besøk av leiinga i Norges Bondelag | 30 |
| Vervekampanjen hausten 2010 | 32 |
| Aktive lokallagsmidlar 2010 | 32 |
| Agrovisjon 2010 | 33 |
| Bruk av restmidlar frå avviklinga av BSF Rogaland | 33 |

Besøk av leiinga i Norges Bondelag

Etter årsmøtet til Norges Bondelag sommaren 2009 hadde Rogaland ikkje direkte representant i styret i Norges Bondelag. For å kompensera dette noko vart det hausten same året teke initiativ overfor den sentrale leiinga i organisasjonen – både den politiske og den administrative – med å inviterte dei til eit par dagars rundreise i Rogaland. Målet med invitasjonen var å gi leiinga ei generell innføring i landbruket i Rogaland, men og for å trekka fram spesielle tema fylkesstyret er spesielt opptekne av for Rogalands-landbruket. Nokre av desse var veksthusnæringa, verdien av kultutbeite, spreiearealkravet, pelsdyrnæringa og jordvernproblematikken. Besøket vart gjennomført 6. og 7. september.

I frå styret i Norges Bondelag deltok leiari Nils T. Bjørke, første nestleiar Berit Hundåla og medlem av AU Einar Frogner. I frå administrasjonen deltok generalsekretær Per Gunnar Skorge, landbrukspolitisk sjef Jostein Lindland og Randi Undseth frå informasjonsavdelinga. I frå fylkesstyret deltok leiari Ole Johan Vierdal, nestleiar Arnestein Gilje og styremedlem Gette Eidesen under heile opplegget forutan Olav

Sande og Svein Helge Harbo som hendlholvis sjåfør av minibuss og guide under turen. Første dagen inkludert middagen om kvelden, var heile styret med.

Omfattande program

Det starta med eit kjapt besøk i Måltides Hus på Ullandhaug der dagleg leiari for Måltides Hus Ellen S. Math Henriksen orienterte om funksjonen til "huset" og Anne Siri Høiland om prosjektet NCE Culinology. I hovudsak går dette ut på å kopla saman alle interesser for mat i Rogaland – frå bonden som produsent til teknologi og vitenskap - for å få eit best mogleg resultat til forbrukaren.

Etterpå drog ein til Rogaland Bondelaget sitt kontor i Hillevåg. Først ut her var landbruksdirektør Hadle Nevøy som gjekk gjennom utkastet til ny Regionplan for landbruket i Rogaland og beskrev dagens situasjon for landbruket, men peika først og fremst på utfordringar og målsetningar for landbruket i fylket framover.

Deretter tok leiari i Norsvin Rogaland, Geir Heggheim oss med inn i svinenæringa sine utfordringar. Forutan å visa produksjonen sitt omfang i fylket, kom han inn på resultatet av jordbruks-

forhandlingane i vår og understreka eit klart behovet for ein reduksjon av kraftforprisen og at ein må unngå vidare kutt i overføringane til grisehaldet.

Anne Grete Rostad hjå Fylkesmannen landbruksavdelinga, gjekk inn på utfordringar landbruket i fylket har i samband med krav i EU sitt Vassdirektivet og ved revidering av gjødselvareforskrifta. Ho orienterte om tiltak som var gjennomført i fylket for å betra og førebyggja forureining frå landbruket og peika på konsekvensane ved innstramming av gjødselkravet. Ho understreka behovet for at ein fortsatt må kunna nytta kulturbeita som spreieareal.

Tomatproduksjonen

Så gikk turen til tomatkommunen Finnøy, med besøk i gartneriet til Håvard og Edle Skavland på Talgje. I tillegg var det orienteringer om jordbruks- og veksthuskommunen Finnøy, om det treårige veksthusprosjektet i Ryfylke, om økonomiske nøkkeltal i veksthusnæringa og markedssituasjonen og framtidsutsikter i tomatproduksjonen. Dagen vart avsluttet med møte med representanter for Miljøgartneriet i Hå.

Kulturbeita – viktig bidrag i førproduksjonen

Kulturbeita er ein viktig ressurs for landbruket i Rogaland og rundt 30 % av jordbruksarealet i fylket er kulturbeite. Noko av målet med rundreisa var nett å gi eit innblikk i kva denne ressursen betyr for mange bønder som har grovforetande dyr.

Gjesdal er ein av dei kommunane der kulturbeita er viktig og difor var det naturleg for fylkeslaget og ta dei dit og då var leiaren i Gjesdal Bondelag, Kåre Søyland på Søyland eit naturleg val. Under orienteringa i fjøset viste han via kart



Fra rundreisa med leiinga i NB. Kåre Søyland viser med hjelp av kart omfanget av kulturbeita sine. Næringspolitisk sjef Jostein Lindland og fylkesleiari Ole Johan Vierdal følgjer nøy med.

over garden, kor omfattande beiteareala var. Berre for nokre år sidan hadde han gjødsla opp nye område for å auka omfanget av kulturbeita på garden og med det gi plass for meir sau og betring av totaløkonomien på garden. Totalarealet på garden er ca 3.000 dekar der ca 300 dekar er gjødsla beite og 135 dekar fulldyrka.

Noko nøyaktig tal for formengda kulturbeita gav hadde Kåre ikkje, men det gav forgrunnlag nok for dei 75 saune pluss lam gjennom heile beitesesong pluss størstedelen av grovforgrunnlaget for mjølkekyrne i beiteperioden.

Kulturbeita var og viktig som spreieareal for husdyrgjødsel der han og fekk ein del hønsegjødsel tilkjørt for bruk på beita. Med grunnlag i dette ville Kåre Søyland få store problem dersom dei pågåande revideringa av spreieareal-krava vil føra til at ein ikkje lenger kan gjennomføra open spreieing av husdyrgjødsla med trykkvogner.

Nabo til Kåre Søyland, Magnus Søyland var og med. Vinteren 2008/09 laga han heftet "Landbruk - Kulturlandskap – Biologisk mangfold" der han viser sitt levande engasjement for nett kulturlandskapet inkludert kulturbeita. Via heftet sitt viser han at berre eit aktivt landbruk er med å opprettheld eit fint kulturlandskap.

Pelsdyrnæringa og mjølkeproduksjonen

stod som dei siste postane på programmet for rundreisa i Rogaland.

Pelsdyrfarmen til Geir og Hege Brattebø på Tjørn i Bjerkreim var utgangspunktet for gjennomgangen av pelsdyrnæringa sin situasjon. Oppdrettarane sjølv saman med leiar i Norsk Pelsdyravslag Bertran T. Skadsem, gav ei grundig gjennomgang i utfordringane til pelsdyrnæringa. Hege og Geir som begge



Frå rundreisa til leiinga i Norges Bondelag. Kulturbeita var eit viktig tema og her på synfaring hjå Kåre Søyland, Gjesdal. I front er generalsekretær Per Gunnar Skorge, Kåre Søyland og leiar Nils T. Bjørke. Foto Randi Undseth.

var sysselsette på garden, hadde tillegg til dei ca 1000 minkspene, om lag 260 vinterfora sau. Ekteparet starta opp med mink i 2006 og hadde tileigna seg god innsikt i pelsdyrnæringa og delte det vилleg med besøket frå Norges Bondelag.

Arnstein Røyneberg ynskte velkommen til gards på Røyneberg samdrift i Sola. Arnstein som er hovudansvarleg for samdrifta, gav uttrykk for at samdrifta med ca 65 årskyr og eit eige foretak med slakte-dyrproduksjon på ca 20 mordyr, kravde dagen og vel så det. Med god hjelp frå faren Eivind, og andre gjekk det likevel nokolunde greitt rundt, også økonomisk sjølv om det var berre 3 – 4 år sidan dei bygde nytt fellesfjøs og starta opp.

På grunn av at dei arealmessig var sterkt "oppspist" av Forus Industri, var størstedelen av arealet dei dreiv basert på leige. Faren - Eivind Røyneberg - ga også ei innføring i den langvarige, og nyttelause kampen for å beholda dyrka mark rundt garden. – "Byen spiser seg nærmere og nærmere år for år"- uttrykte Eivind noko fortvila.

Lærerikt

Leiar Nils T. Bjørke og resten av gjestene frå Norges Bondelag fekk eit godt innblikk i landbruket i Rogaland gjennom eit heller omfattande program desse to dagane. - Det er alltid kjekt å komme ut til enkeltbønder og sjå korleis politikken virkar, sa Bjørke etterpå.

- Eg er imponert over stå-på-viljen blandt bønder vi møtte. Vi hadde ein god dialog, det var mykje interessant å sjå og mykje å læra. Vi har lært at det er store skilnadar i forutsetningane, også i Rogaland, og det er kjekt å møte aktive bønder som har tru på næringa. Vi møtte også bønder som synes dei har det bra, sjølv om dei har lange dagar og mykje arbeid, oppsummerte leiren i Norges Bondelag Nils Bjørke etterpå.

Vaksenopplæring på høgt nivå var første nestleiar i Norges Bondelag, Berit Hundåla sin kommentar då vi nærma oss flyplassen etter to hektiske dagar i Rogaland.



Arnstein Røyneberg ønskjer generalsekr. i Norges Bondelag Per Gunnar Skorge, velkommen til gards.



Hege Brattebø gir nestleiar i Norges Bondelag Berit Hundåla innføring i stell av mink.

Vervekampanjen hausten 2010

Styret i Norges Bondelag gjorde sommaren 2010 vedtak om å setja i gang ein landsomfattande vervekampanje i heile organisasjonen til hausten. Formålet var å samle heile organisasjonen til eit felles løft på medlemsverving og sikre at alle tillitsvalte gjer ein ekstra jobb i denne perioden. Målsettingen var ein nettovekst på 500 medlemmer i 2010.

Kampanjepериодen skulle gå over to månadar og gjennomførast frå 1. oktober til 30. november. Ein meir intensiv aksjonsperiode skulle gjennomførast midtveis i kampanjepериодen frå 25. oktober til 5. november. Målet med ein slik aksjonsperiode var å skape eit ekstra trykk i heile organisasjonen samt sikre redaksjonell omtale.

Fylkeslaget sitt verveutval la i møte 21. september opp til følgjande tiltak:

- Utvalet gjennomfører ringerunde til lokallaga i perioden 1. – 14. november.
- Utvalet set ei målsetning for vervearbeidet at fylkeslaget skal ha 6450 medlemmer ved årsskiftet
- Utvalet deltek på leiarmøtet
- Oppfordra lokallaga til å nytta tilsendte lister over potensielle medlemmer
- Lokallaga skal oppfordrast til å ringa sjølv til potensielle medlemmer

Ved drøftinga i styret gjorde ein vedtak om å følgjer opp planane frå Norges Bondelag og setja fokus på medlemsverving i løpet av hausten. Fylkesstyret si oppgåve i denne samanhengen var:

- Verva minst ein ny medlem kvar.
- Verva ”kjendispersonar” ein kan ha oppslag om på fylkeslaget si heimeside
- Ta opp temaet på årsmøta i lokallaga og oppfordra laga til innsats – mål-



Under vervekampanjen meldte garnarane på Smedsvik Gård i Skjold seg inn som medlemmer. Faren Martin W. Reed i midten med sønene Geir og Kåre på kvar si side.

setning kvart lag minst 3 nye medlemmer

- Peika på vervepremiane

Oppmoding om engasjement i lokallaga og lister over potensielle medlemmer vart sendt lokallaga frå fylkeskontoret. Vervingsopplegget vart også profilert under fylkeslaget sin stand under Agrovisjon 2010 og styret oppmoda lokallaga til å bruka lokale bygdedagar og liknande til det same.

Vervekampanjen var vellukka for heile organisasjonen og særleg for Rogaland Bondelag. På landsbasis fekk ein 948 nye medlemmer og med det næraast det doble av målsetninga. Rogaland var det fylket som fekk flest nye medlemmer med ein auke på 102 i løpet av vervekampanjen. Hordaland Bondelag fekk nest mest nye medlemmer med 96 nye medlemmer. Av lokallaga i Ro-

galand var det Sandnes Bondelag som verva flest med 10 nye medlemmer, Skjold vera ni nye. Totalt var det pr 8. desember kome 359 nye medlemmer i Rogaland Bondelag. Det gav ein netto auke på det tidspunktet på 104 nye medlemmer.

Under vervekampanjen vart det verva 290 bruksmedlemmer, 416 personlege medlemmer, 224 husstandsmedlemmer og 18 landbruksrelaterte selskap. I Rogaland vart det verva 31 nye medlemmer med bruk, tre nye selskap vart registrerte i medlemslista pluss 33 husstandmedlemmer. I det dei fleste av sistnemnde gruppe er ektefelle eller andre på gard, vil det seia at over halvparten av dei nye medlemmene i Rogaland i vervekampanjen, er direkte knytta til jordbruksproduksjonen.

Aktive lokallagsmidlar 2010

Aktiviteten i lokallaga er stor. Det ville merkast godt rundt omkring i fylket dersom lokallaga sluttar med sitt arbeid. Fylkeslaget får midlar frå Norges Bondelag for å stimulera til aktivitet i lokallaga. Opplegget med å honorera aktive lokallag har ein hatt i ein del år nå. Det er fylkeslaget som lagar retningslinjer for kva aktivitetar dei vil prioritera og som skal honoreras. I Rogaland har ein sett opp følgjande tiltak/aktivitetar som lokallaga kan få midlar til:

- Medlemsmøte
- Møte med lokalpolitikarar/kommuneadministrasjon
- HMS tiltak i lokallaget
- Landbruksspelet
- Barnehage og skuleaktivitetar
- Open Gard – arrangement
- Delteke på kurs i valkomité arbeid
- Andre gode tiltak i lokallaget sitt arbeidsområde.

Ut frå desse prioriteringane vart det utbetalt kr 55 000,- til dei 21 laga som søkte om midlar.

For å motivera til medlemsverving i lokallaga vert det gitt kr 200,- pr ny medlem frå Norges Bondelag, i tillegg vert det og honorert frå fylkeslaget. Satsane her er kr 200,- for kvar ny produksjonsmedlem og kr 100,- for kvar ny personleg- eller husstandsmedlem.

Agrovisjon 2010

Agrovisjon 2010 vart arrangert dagane 22. – 24. oktober. Rogaland Bondelag er medarrangør og nestleiar i styret Arnstein Gilje, var med i hovudkomiteen for arrangementet. Bondelaget tek ingen økonomisk risiko med å delta som arrangør. Agrovisjon vert arrangert kvart tredje år, som alternerer med Landbruksmessa på Lillestrøm og Agrosjå i Stjørdal.

Leiar i Norges Bondelag Nils T. Bjørke heldt opningsforedraget på Agrovisjon. Landbruks- og matminister Lars Peder Brekk held innlegg om framtida for norsk landbruksproduksjon. Det var og andre foredrag med høg kvalitet innan landbruk og landbrukspolitiske tema. Rogaland Bondelag hadde stand i utstillingssalen saman med Rogaland Bygdekvinnelag og Inn på Tunet i Rogaland. Det er ikkje mogleg å måla effekten med å delta med stand på Agrovisjon. Styret er likevel opptatt av at vi er der svært mange av våre medlemmar er, og at det er mogleg å treffa både tillitsvalde og tilsette for dei som ønskjer det. Det er eit høgt lydnivå med mange inntrykk i messehallen. Dei som står på stand må vera aktive med å ta kontakt med forbipasseende av standen for å få dei til å stoppa opp. Besøket på standen var godt.



Fra Rogaland Bondelag og Bygdekvinnelag sin stand på Agrovisjon 2010. Margun Nedrebø, RBK og Lisa Breiland fra RB. Gette Eidesen RB, bak.

Årets Agrovisjon vart lagt opp noko meir kompakt enn tidligare arrangement. Det var gratis fagprogram/foredrag, med bondepub på fredags kveld og festmiddag på laurdags kveld, men inngangspengar til utstillingsområdet. Alle arrangement forgjekk i Stavanger Forum sitt messeområde. Tidlegare arrangement av Agrovisjon har ikkje hatt

det besøket som var nødvendig for å forsvara arbeidet/kostnadane med arrangementet. Årets arrangement var vellykka ut frå målsettingane som vart sett før arrangementet. Med eit frammøte på ca 10.000 besøkande i år vert det truleg Agrovisjon også i 2013.

Bruk av restmidlar frå avviklinga av BSF Rogaland

Ved avviklinga av BSF i Rogaland vedtok avviklingstyret å overføra inneståande beløp på BSF sin konto til Rogaland Bondelag. Pengane skulle brukast til opplæring og at alle medlemsorganisasjonane i BSF skulle kunna søkje om midlar til si kursverksamhet. Ved årsskifte 2009/2010 stod det att kr 220 469,-.

Med grunnlag i dette vedtok styret følgjande retningslinjer for bruk av midlane.

1. Fylkesledd til organisasjonar tilhøyrande i Rogaland

og som var knytta til BSF Rogaland, kan søkja om midlar til kurs for sine tillitsvalde og medlemmer.

2. Kurs i valnemndsarbeid for lokallaga

Enkle og korte kurs for medlemmer i valnemnder Rogaland Bondelag eller andre organisasjonar som kjem inn under punkt 1 ovafor, inviterer til for lokallaga sine, kan få dekka kostnadane fullt ut av desse midlane.

3. Organisasjonskurs

Når aktuelle organisasjonar i fylket arrangerer kurs for tillitsvalde i lokallaga, kan dei søka om støtte. For kurs som kan godkjennast etter BSF sine sentrale retningslinjer (minst 8 timer) kan det søkast om dekking av utgifter for opp til kr. 5000 pr kurs.

4. Kurs for unge/nye bønder

Det er viktig å stimulera til rekruttering av ungdom til bondeyrket. For helgekurs for denne målgruppa, kan det gis støtte på opp til kr 10 000 pr kurs. Andre kursopplegg for målgruppa kan det og søkjast om tilskot til.

5. Anna opplæring

Organisasjonane kan og søkja om midlar til anna tillitsmannoplæring. Styret i Rogaland Bondelag skal i slike tilfeller fastsetja tilskotet etter innstilling frå administrasjonen til fylkesbondelaget.

Tildeling for kurs etter punkt 2 – 4 ovafor skal behandlast administrativt. I tvilstilfelle eller ved klager på administrative vedtak, skal styret til Rogaland Bondelag gjera endeleg vedtak.

Andre saker

| | |
|-------------------------------------------------------------------------|----|
| Regionalplan for landbruket i Rogaland | 34 |
| Aksjon Jærvassdrag og auke i tilskotet frå Regionalt miljøprogram | 35 |
| Ny organisering av arbeidet med vassdirektivet | 35 |
| Revidering av gjødselvareforskrifta..... | 36 |
| Ny vegnorm for vegnettet..... | 36 |
| Landbruksutdanninga i Rogaland | 38 |
| Verneopplegg som følgje av ny Naturmangfoldlov..... | 39 |
| Forvaltningsplan for Jærstrendene..... | 40 |
| Potetål – framtidig forvaltning | 41 |
| Planprogram for areal og transport på Haugalandet | 42 |

Regionalplan for landbruket i Rogaland

Fylkesmannen Landbruksavdelinga (FMLA) tok i 2009 initiativ til å utarbeida ein **Regionalplan for landbruket i Rogaland**. Det er Rogaland fylkeskommune som er den formelle planansvarlege, men utarbeidninga av sjølvle planen er det i hovudsak FMLA som saman med mange andre partar og instansar har stått for. Grunnlaget for planen er omtalt i Rogaland Bondelag si årsmelding for 2009.

Hovudarbeidet med planen i løpet av meldingsåret har stort sett vore å forma forslaget til plan. Den politiske styringsgruppa er samansett av ein representant frå kvar av dei politiske partia i fylkestinget. Under denne sit Prosjektgruppa med representantar frå ulike organisasjonar og etatar innan landbruket. Rogaland Bondelag sin representant her har vore styremedlem Per Inge Egeland, Hjelmeland. I tillegg til denne gruppa har det vore 10 faggrupper der bondelaget og bøndene har vore godt representerte. Desse gruppene har hatt fleire møte gjennom året.

Arbeidet med regionplanen har vore tema på fleire møte i organisasjonen gjennom året. Først under årsmøtet i mars der landbruksdirektør Hadle Nevøy gjekk gjennom viktige punkt. Han orienterte om planen under samlinga med leiinga i Norges Bondelag då dei var her først i september. Landbruksplanen var og tema under nokre av årsmøta i lokallaga pluss at ass. landbruksdirektør Anfin Rosnes orienterte om planen under leiarmøtet hausten 2010.

Planen vart ferdig og sendt ut på høyring først i november 2010. Dei lokale bondelaga og andre instansar innan næringa, er sterkt oppmoda til å koma med sine merknadar til planen innan høyringsfristen 1. mars 2011. FMLA skal også gjennomføra fem informasjons- og høyringsmøte i løpet av januar 2011. Fylkesbondelaget sin merknadar til planforslaget vil ein koma tilbake til i årsmeldinga for 2011.



Faksimile av regionplanen

Aksjon Jærvassdrag og auke i tilskot frå Regionalt miljøprogram (RMP)

Aksjon Jærvassdrag (AJV) har sitt arbeidsområde frå Randaberg kommune i nord til Hå kommune i sør, og har hovedfokus på kommunalt avløpsvatn og avrenning av næringsstoff frå landbruket. Dette området er eit av det mest landbruksaktiva området i landet.

Midlar til RMP vert sett av i jordbruksforhandlingane. Den totale ramma er på kr 410 mill og av dette får Rogaland 24 mill kr. Dette beløpet er for lite i forhold til dei arbeidsoppgåvene som ein har innan miljøutfordringane i rogalandsjordbruket.

Arbeidsoppgåver Aksjon Jærvassdrag primært arbeider med er:

- Alle vassdrag vert overvaka kvart år. Måling av vasskvalitet. Det vert teke prøvar av næringsinnhaldet og algeforekomst m.m.
- Anlegg av renseparkar, igjennstøyping av gjødselportar og oppretting av bekkelag.
- Anlegg av gjødselfrie kantsoner

- Frivillege tiltak i landbruket, gjeld også Vindafjord kommune
- To prosjektleiarar i 80 % stilling kvar. Dei arbeider primært opp mot bøndene og gir informasjon og legg til rette for innsats av frivillege tiltak retta mot reduksjon på tilførsel av næringsstoff frå landbruket ut i vassdraga.
- Gir støtte til badeplassar, turstiar, informasjonstiltak m. m.
- Vassdirektivet. Tiltaksplan for Figgjo-vassdraget og spesielt Skas-Heigre vassdraget.

I tillegg til ovannemnde oppgåver er vassdirektivet nå blitt gjeldande for alle vassdraga i fylket. For å koma i posisjon med frivillege tiltak, stimulert med midlar frå RMP, er det behov for ein auke i tiskotsatsen på omlag kr 10 mill.

Oppmoding om auke i RMP løyvingane vert sendt Norges Bondelag, men det vart ikkje gjennomslag for ein slik auke i RMP-løyvinga ved årets jordbruksforhandlingar.



Foto Bondevennen.

Ny organisering av arbeidet med vassdirektivet – bondelaget si deltaking

Då arbeidet med vassdirektivet for Figgjo-vassdraget vart utført, var arbeidet organisert av Fylkesmannen i Vest-Agder. Frå 1. januar 2010 vart arbeidet overført til Fylkeskommunen og Rogaland vart ein eigen Vannregion der ansvaret nå er lagt til Rogaland fylkeskommune. I første arbeidsrunde gjekk arbeidet berre opp mot Figgjo-vassdraget. Når er det foreløpige arbeidet med dette vassdraget ”ferdig” og tilsvarande arbeid skal setjast i gang for resten av fylket og planfase to skal starta opp og vera ferdig for utsending til høyring innan utgangen av 2011.

I det arbeidet med vassdirektivet er overført til fylkeskommunen, og Rogaland er ein eigen vassregion, vert det lagt ned ein del arbeid for å finna den beste organiseringa av arbeidet.

Hovudskissa for organiseringa er at det på fylkesnivå skal vera eit **Vannregionutvalg for vannregionen Rogaland**. Medlemmer i dette er primært politika-

rar/ representantar får kommunane og representantar frå ulike statlege sekstornmydigheter. Dette vert eit stort utval med eit par møte i året. Under dette vert det eit **Arbeidsutvalg (AU)**.

I tilknyting til arbeidet på fylkesnivå skal det og vera ei **Regional referansegruppe**. Denne referansegruppen skal vera eit talerør for dei respektive interessene som t.d. friluftsliv, reiseliv, energiproduksjon, landbruk, fiske m.m. Rogaland Bondelag er representert i denne.

Rogaland vert vidare delt inn i fire vassområdet – Jæren, Dalane, Ryfylke og Haugalandet. Om dette igjen vert delt opp med arbeidsgrupper/referansegrupper for kvart vassdrag i regionen er ennå uklart. For kvart av desse regionane er det planar om å etablere eigne underutval – **vannområdeutval**. Hovudoppgåvene for desse vil vera å organisa arbeidet som skal gjennomførast for kvart vassdrag.

Ut frå målsetninga med arbeidet ang. Vassdirektivet og ønskje om å trekka inn dei ulike partane i dette arbeidet, har Rogaland Bondelag bedt fylkeskommunen om at organisasjonen vert representert i dei fire lokale utvala også og då med ein evt. to bønder frå kvar region. Når desse er på plass kan det vera aktuelt at landbruket sine representantar i dei fire vassområdeutvala og RB sin representant i den Regionale referansegruppen, utgjer eit eige team for fylkesbondelaget med oppgåve å overvaka og foreta nødvendig innspel til arbeidet sett frå landbruket og bøndene si side.

Revidering av gjødselvareforskrifta

Landbruks- og matdepartementet har gitt Mattilsynet i oppdrag å revidere forskriftene som omhandle lagring og bruk av husdyrgjødsel. Målsettinga nå er at ei reviderte forskrifter skal gjelda frå årsskiftet 2011/12.

Mattilsynet ynskte innspel før arbeidet med revideringa av gjødselforskifta starta opp. Rogaland Bondelag poengterte i sitt innspel kor viktig beitearealet er for gjødsling med husdyrgjødsel i vårt fylke. Vel ein tredel av jordbruksarealet i fylket er beite, om lag 330 000 dekar, og svært mykje av dette arealet er godkjent som spreieareal. I ny forskrift må det ikkje settast krav til spreieteknikk som gjer at husdyrgjødsel ikkje kan spreiaast på beite. Dagens husdyrproduksjon er tilpassa dagens krav, og små endringar til arealkrava kan gje store konsekvensar for husdyrhaldet i fylket. Det vart vidare påpeika at alle endringar i forskifta må vera jordbruksfagleg forankra, både økonomisk og reelt.

Dette er ei sak som kan få konsekvensar for mange av våre medlemmardersom det vert ei innskjerping av krava til lagring og spreiling av husdyrgjødsel. Styret i Rogaland Bondelag sette difor ned ei breddt samansett faggruppe med følgjande mandat:

*Spreiing av gjødsel utan nedmolding må verta tillatt også i nye forskrifter.
Foto Bondevennen.*



"Gruppa skal gje faglege innspel til Rogaland Bondelag og andre på forhold som vert omtala i arbeidet med revidering av regelverket for organisk gjødsel. Utvalet kan også på eige initiativ ta opp saker som vil styrke kompetansen innan organisk gjødsel, som til dømes næringsinnhald i husdyrgjødsel, mengde gjødsel pr dyr og eventuelt andre forhold som kan påverke regelverket for bruk av organisk gjødsel."

Rogaland Bondelag har bedt Norges Bondelag følgje denne saka spesielt, og det er Miljø og kvalitetsutvalet på sentralt hald som har ansvaret for saka. Ole Andreas Byrkjedal, Gjesdal er fast medlem i utvalet.

Ny vegnorm for vegnettet

Dei åtte kommunane på Jæren pluss Forsand har i samarbeid utarbeida eit forslag til vegnorm på kommunale vegar. Forslag til vegnorm byggjer for det meste på Statens Vegvesen sine handbøker for dei aktuelle fagområda.

Innhaltet i Ny vegnorm består av fem kapittel:

- Norm for veg og gateutforming
- Norm for vegbygging
- Veiledar for drift og vedlikehald
- Veiledar veg og gatebelysning
- Vedlegg (Definisjonar, skjema, tittelfelt, kommunale tillegg osv)

I høyningsuttalen la styret vekt på følgjande punkt:

Vedlikehald av grøntareal langs veg og sykkelsti:

Dei aller fleste kommunane nyttar stort sett bare mekanisk ugrasbekjemping på

dei grøne areaala i tilknyting til veg og sykkelstiar. Skal ugrasbekjemping vera effektiv må areaala haldast vedlike med luking og klypping fleire gonger i vekstsesongen. I fleire høve ser ein at dette kunne vorte gjort tidlegare i voksteren til eksempelvis høymola. Mål om å stoppa ugrasspeining frå offentlege areal må inn i Vagnormen.

Gang – og sykkelstiar:

I samband med planlegging av gang- og sykkelstiar bør ein ta omsyn til jordvern. Slik som bredda på buffersona mellom veg og gang- sykkelsti, store skrånningar/fyllingar som ikkje kan nyttast i jordbruksdrift. Omdisponering av jordbruksjord må vert minst mogleg. Det er viktig at jordvern/redusert forbruk av matjord vart lagt som premiss tidleg i planlegginga av eit tiltak. Omsynet til jordvern må inn i Vagnormen.

Gjerdehald:

Det er eigaren av vegen som til vanleg har ansvar for oppsett og vedlikehald av gjerde. I praksis kjøper eigaren av vegen seg fri frå den oppgåva. Det som i dei fleste høve er vanleg er at grunneigaren får eit eingangsbeløp for oppsett av gjerde, og at det ikkje er lagt inn kostnader med vedlikehald av gjerdet. Ved etablering av gjerde langs trafikkert veg er slitasjen monaleg større enn om gjerdet var i utmaka. Ved planlegging av gjerde må det takast omsyn til etablerte jordbruksavkjørslar, møteplassar osv. Kommunane sitt ansvar når det gjeld oppsett og vedlikehald av gjerde langs kommunal veg, må inn i Vagnormen.

Høgskuleutdanning for livskraftige bygdesamfunn

Bachelorstudium i bygdeutvikling

Ei reise mot nye ideear, perspektiv, produkt og verksmeder

Økonomi og leiing

Rekneskapsforståing • Bedriftsøkonomi •
Rettslære • Internasjonal økonomi • Leiing

Husdyrproduksjon

Dyrevelferd • Produksjon • Produktkvalitet
• Marknadstekning

Handlingskompetanse

Samarbeid • Roller • Gruppeprosessar
• Kommunikasjon

Nyskaping

Kreativitet • Produktutvikling og -merking •
Ressidenti kasjon og ressursutvikling •
Natur- og kulturbasert næringssutvikling •
Entreprenørskap • Samskaping og nettverksskaping

Kunnskap for utvikling!

Bachelorstudium gir 180 studiepoeng.
Årstudium gir 60 studiepoeng.

Studia går over 1-3 år med 6-10 samlinger frå september-april/mai.

Studia er godkjende for lån/stipend i Lånekassen.
Studieavgift.

Oppnak til studiestart, dersom ledige plassar.

www.hlb.no

Landbruksparken
Sæheim, Postvegen 213,
4353 Klepp stasjon
Tlf. 51 79 94 00
Fax 51 79 94 01
post@hlb.no - www.hlb.no



Agronomkurs

Kompetanse, inspirasjon
og tru på framtida

Agronomutdanning på kveldstid over to eller flere år. Ta dei faga som passer deg - når det passer deg.

Felles programfag

- Plante- og husdyrproduksjon
- Gardsdrift
- Utmark og kulturlandskap

Valfrie programfag

- Økonomi og driftsleiing
- Traktor og maskin

Krav til inntak:

Minst 19 år, minst ½ år praksis i landbruket
Ingen elevbetaling.

Undervisninga startar omkring 25. august og
skuleåret sluttar med eksamenar i mai/juni året etter.

Søknadsskjema finn du på www.vlj.no

For meir informasjon, ta kontakt.

Vinterlandbrukskulen på Jæren
Sæheim
Postvegen 213
4353 KLEPP ST
Tlf. 51 79 94 00
E-post: post@vlj.no



VIERDAL ADVOKATFIRMA AS



TELEFON 51 91 75 00

BERGELANDSGATA 13, POSTBOKS 719, 4003 STAVANGER, TELEFAKS 51 91 75 01

e-post: kontoret @vierdal.no www.vierdal.no

-
- FAST EIENDOM • ODELSRETT • SKATTERETT • ARV/GENERASJONSSKIFTE
 - SKIFTEOPPGJØR • EKSPROPRIASJON/SKJØNN • ERSTATNINGER
 - GJELDSFORHANDLING
- ALMINNELIG PRAKSIS.
-

ADV. KÅRE VIERDAL, ADV. PAUL AAKRE, ADV. FREDRIK BIE, ADV. FLEMMING M. KARLSEN, ADV. HEGE OFTEDAL,
ADV. RAGNHILD PEDERSEN, ADV. ELLEN FJERMESTAD-SVENDSEN, ADV. GISLE DANIELSEN, ADV. KRISTIN FJELD-EIKEN
ADV. FLM. DAG JOSEF FOSS ALSVIK, ADV. FLM. HELEN BERGESEN, ADV. FLM. GUNNAR STOKKE
I KONTORFELLESKAP: ADV. KRISTIAN MONSEN

Landbruksutdanninga i Rogaland

Rogaland Bondelag har spelt inn synspunkt til fylkesparti på bruk av og vidareutvikling av Øksnevad vgs.skule. Fleire fylkespolitikarar er nå opptekne av denne sektoren. Landbruksutdanning har vore oppe på dagsorden i fleire høve den siste tida. Det er bra at landbruksutdanninga i Rogaland vert sett på dagsorden.

I fylket er det tilbod om landbruksutdanning på fleire institusjonar, Øksnevad vgs. skule er eigd av fylkeskommunen, dei andre utdanningsinstitusjonane er stiftingar eigd av kommunar, organisasjonar osv. Utgangspunktet for innspela er konklusjonar frå dialogkonferansen på Jæren Hotel 4. november med tema: Kompetanse i landbruket, betre rekruttering, nye karrierevegar og nytt regionalt kompetansesenter?

Rogaland Fylkeskommune legg ned store resursar på vidareutvikling av skulen. Det er bygd nytt fjøs, ny ridehall og det skal byggjast ny idrettshall og nytt undervisningsbygg. Undervisningstilboden skal styrkjast ved at landbruksmekanikar- og anleggslina skal flyttast til Øksnevad.

Skulen gir i dag følgjande tilbod:

- | | |
|-----|-------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Vg1 | Med valfrie programfag innan anleggsgartnar, landbruk eller hestefag |
| Vg2 | Anleggsgartnar og driftsoperatør idrettsanlegg Hest og hovslaging Landbruk og gartneri |
| Vg3 | For anlegg/idrettsanlegg – lærlingplass Naturbruk med påbygg for studiekompetanse Agronom |

I år er det 6 elevar på agronomlinna. Skulen ser for seg ein auke i talet på elevar i åra framover.

Det må satsast på fleire felt innan landbruksutdanninga:

Grunnudanning innan landbruk er viktig. Frå fleire hald kjem det innspel om og krav om kompetansebevis i landbruket. Matproduksjon er så viktig at det bør vera ein form for sertifisering innan denne sektoren, og det vil vera med å hevja statusen i næringa. Vi skal ikkje kalla det for fagbrev, det er ei ordning mellom arbeidsgivar og arbeidstakar og



Kokkeelevar på besøk i eggpakkeriet til Marianne Storhaug Strøm, Klepp. God kjennskap til norske råvarer er også ein del av utdanninga.

regulert av dei aktørane. Matproduksjon vert for det mesta utført av sjølvstendige næringsdrivande. Rogaland Bondelag ønskjer ein form for kompetansebevis innan matproduksjon. Det vert i dag oppfatta som om Agronomtittelen ikkje gir formell fagkompetanse som eit fagbrev gir innan sine fag. Tilboden om studiekompetanse som vert gitt innan Naturbruk, må marknadsførast betre.

Fagskule innan landbruk. Dette er eit undervisningstilbod etter agronomutdanning, eller realkompetanse innan faget. Fylkesbondelaget er med i ei arbeidsgruppe der blant anna Øksnevad vgs og Vinterlandbruksskulen på Jæren og er med. Det er for tidleg og seja noko om innhaldet i eit studie her, men husdyrhald og bedriftsleiring vil vera naturlege fagområde for Rogaland. Undervisninga bør leggast opp tilpassa for bonden. Eit slikt studie vert finansiert av fylkeskommunen.

Høgskule for landbruk og bygdenæringar. Krav om studiekompetanse eller realkompetanse. HLB tilbyr i dag bachelorstudie innan bygdeutvikling. Andra fag som gir studiepoeng er husdyrproduksjon, økonomi og bedriftsleiring, handlingskompetanse og nyskaping.

Konkret - korleis styrkja Øksnevad vgs?

- Statusen som elev på Øksnevad vgs må hevjest.
- Agronomutdanninga må få høgare status. Det må gjevast eit tilbod om eit undervisnings- og praksisløp som syner at eit arbeid innan landbruket, både som bonde og i ein av landbruket sine organisasjonar eller bedrifter, er interessant.
- Skulen må vera synleg og aktiv overfor rådgjevarar og dei som skal velja utdanning.
- Skulen må synleggjera at landbruksutdanning er nødvendig for å kunna motta ny kunnskap og bruka denne i si eiga daglege drift, og i nye driftsformer på garden.
- Skulen må vera med i arbeidet på utvikling av opplæringsstillingar (trainee stillingar) innan landbruket, dette tilbodet må vera forankra i undervisning og arbeid i landbruksrelatert virke.
- Skulen og landbruket sine organisasjonar (også samvirkebedriftene) må saman delta på fagdagar, yrkes- og utdanningsmesser.

Verneopplegg som følgja av ny Naturmangfoldlov

Med grunnlag i ny lov – Lov om forvaltning av naturens mangfold – Naturmangfoldlova – har Direktoratet for Naturforvaltning utarbeidd ny forskrifter for forvaltning av ulike naturtypar og prioriterte artar. Både frå Norges Bondelag og frå Fylkesmannen Miljøvernnavdelinga i Rogaland, har Rogaland Bondelag fått saker ang. dette til uttale.

Når det gjeld **utvalde naturtypar** i Rogaland gjeld dette: slåttemark, slåttemyr, kalksjørar og hule eiker. Slåttemarker finn ein i fleire kommunane, slåttemyr er berre registrert i Hjelmeland, kalksjørar i Sola, Klepp, Time og Hå, medan eksempel på hole eiker finn ein i alle kommunane.

For **trua planteartar** fekk ein utkast til handlingsplan for sju artar som berre veks i Rogaland. Alle er rødlisteartar – nokre vert omtala som kritisk trua, medan både Jærflene og Jærtistel vert vurdert som sterk trua artar.

Dei sju artane er:

- Dvergmarikåpe, primært på Rennesøy
- Saronnellik, primært på Rennesøy
- Ekornsvingle, primært på Rennesøy
- Islandsgrønkule, Jærstrendene
- Jærflene, Jærstrendene
- Jærtistel, heilt sør i Hå kommune
- Skremjelt, Førrebotn i Hjelmeland kommune

Områda ein finn dei trua artane er oftaast små og vert i stor grad omtalt i kva-

dratmeter. Kravet plantene set for å kunna overleva er ulike, men for dei fleste gjeld det at dei må ha eit moderat beitepress. Eit for sterkt beitebress fører til at dei vert borte, men med eit for lite beitepress vert dei overdekka og får for lite lys. Dei tåler heller ikkje gjødsling slik at spreiing av blautgjødsel på beite der ein finn desse artane, vil føra til at dei raskt går ut.

For **prioriterte artar** gjeld dette i denne omgangen for Rogaland sin del: elvemusling, storsalamander og svart-halespove. Førstnemnde finn ein i fleire elvar, storsalamander i fleire kommunane, medan svarthalespove hekker primært på Jæren.

Bakgrunn for verneopplegg

Norge har eit stort tal på naturtypar og trua/prioriterte artar som er av spesiell verdi for det biologiske mangfoldet. I dag er uthydding av artar ein av dei viktigaste og største miljøtrussel verda står overfor. På global basis er det påvist at artar har døydd ut i stadig høgare tempo i løpet av dei siste tiåra. Dei viktigaste grunnane til tap er endring i naturtypar og leveområde for planter og dyr som følgje av inngrep, arealbruk og innføring av nye driftsformer. Til trass for omfattande tiltak og positiv utvikling på enkelte område, har likevel ei rekke naturtypar og artar i løpet av dei siste femti åra gått sterkt tilbake.

For å gjera noko med tapet av natur-

mangfoldet sette miljøvernministrane i EU-landa inkluderte den norske, seg eit klart mål i 2001 å stanse tapet av biologisk mangfold innan 2010.

Under behandlinga av verneforskriften gjekk styret inn for følgjande:

Med grunnlag i framlagt rapport og handlingsplan for utvalde naturtypar, trua og prioriterte artar i Rogaland, aksepterer Rogaland Bondelag arbeidet med å ta i vare dei aktuelle artane og då som ein del av kulturlandskapet.

Fylkesbondelaget presiserte at opplegg og forslag til tiltak i handlingsplanen **ikkje** må vera ein verneplan og praktisert deretter, men at det vert gjennomført reelle forhandlingar og drøftingar med dei aktuelle grunneigarane i kvart einskild tilfelle og ut frå behov for tiltak. Avtalen ein kjem fram til må så vera den konkrete handlingsplanen. Rogaland Bondelag er glad for at dette ligg som grunnlag i handlingsplanen og forventar det vert følgd opp.

Arealet handlingsplanen omfattar i dei einskilde tilfella, må vera klart avgrensa og ikkje større enn det høgst trengst for å kunna ivareta arten. For storsalemandar gjekk Rogaland Bondelag sterkt i mot kravet i paragraf 5 i foreslått forskrift om ei randsone på 300 m i forhold til tilhaldsstaden og at det skal vera ein vandringskorridor mellom dammar der avstanden er mindre enn 1000 m. Både omfanget av randsona og avstandane mellom dammane for å krevja vandringskorridor må reduserast vesentleg.

Rogaland Bondelag aksepterer at landbruket sine verkemidlar som Regionalt Miljøprogram og SMIL-ordninga, vert trekt inn i denne samanhengen for å få ein heilhet i forvaltninga. Men til gjennomføring av tiltak spesielt for dei aktuelle artane, må det dekkast via budsjettmidlar frå Miljøverndepartementet og ikkje av midlar frå RMP- eller SMIL-ordninga.

Det må og gi økonomisk kompensasjon for ulemper og tap av inntekt grunneigarne vert påført pga spesiell forvaltning og skjøtsel. Dette må innarbeidast i avtalen med grunneigarne.



Foto Bondevennen

Forvaltningsplan for Jærstrendene

Ei stripe langs Jærstrendene frå Randaberg i nord til Sirevåg i sør, har vore verna i hovudsak som landskapsvern sidan 1977 med ny gjennomgang av verneforskriftene i 2003. Sjølve verneforskriftene vart vedteke i statsråd i desember 2003.

Til alle verneforskrifter og verneområde skal det utarbeidast forvaltningsplanar. Svært forsinka vart forvaltningsplanen for Jær-strendene ferdig utarbeidd våren 2010 og sendt ut på høyring med uttalefrist 15. oktober. Utkaster til forvaltningsplan utgjer 2 hefter.

Ein forvaltningsplan bygger på verneforskriftene og skal gå meir i detaljar om korleis dei verna områda skal forvalta i praksis. I det verneforskriftene ligg fast og ikkje er til behandling nå, skal forvaltningsplanen ikkje vera strengare og heller ikkje opna opp for ei mildare behandling/bruk av dei aktuelle områda.

Dei klart største areala innanfor verneområdet for Jærstrendene er **Landskapsvernområde** som er det mildaste vernet. I enkelte spesielle område utgjer vernet enten **Plantefredningsområde**, **Fuglefredningsområde eller Naturminner**. Det er som regel mindre område som er spesielle enten i forhold til den botaniske samanhengen, at området har spesiell betydning for fuglelivet eller har spesielle naturelement i seg. Deler av strandene er viktige område for trekkfuglar. Desse vernetypane er strengare enn landskapsvernet og set langt større restriksjonar for vidare bruk av området.

På fleire måtar er Jærstrenden spesiell og svært artsrik med mange fortidsminner med meir som gjer området svært interessant på mange vis og som storsamfunnet ønsker å ta vare på. Jærstrendene har dessutan noko av det eldste kulturlandskapet og jordbruksarealet ein har her i landet. Ut frå dette er det også eit svært komplisert område med behov for ulik forvaltning. Ut frå dette er området delt inn i tre kategoriar vernesoner:

- A Spesielt stor verneverdi
 - t.d. Børaunen i Randaberg
- B Vanleg kulturlandskapssoner
 - størstedelen av området
- C Spesiell tilrettelegging og tiltak
 - t.d. sandstrendene – Sola-stranda

Under utarbeidninga av planen har Fylkesmannen Miljøvernavdeling hatt



nært samarbeid med grunneigarar, kommunane og Utvalet for Jærstrendene der Arild Ånestad, Klepp er RB sin representant

Hefta vart sendt ut til alle grunneigarane på forsommaren og i månadsskifte august/september vart det halde fire informasjonsmøte – eit i kvar kommune – om planen. Saksbehandlar Per Kristian Austbø hjå Fylkesmannen gjekk gjennom planen på ein grei og fyldig måte. Som observatør og lyttar deltok orgsjefen på tre av desse. Fleire av punkta i uttalen til bondelaget har sitt utspring i synspunkt som kom fram under desse møta.

Rogaland Bondelag sin uttale:

Rogaland Bondelag ser positivt på at det endeleg føreligg ein forvaltningsplan for Jærstrendene og håper den vil vera avklarande for grunneigarar og andre som forvaltar dette området. Bondelaget vil og gi positiv tilbakemelding på utforminga av planen og orienteringa som vart gitt på dei fire møta som vart arrangert i samband med høyringa av planen. Invitasjonen frå Fylkesmannen under møta om at dei som ønska besøk eller samtale med saksbehandla, er og positivt. Rogaland Bondelag set pris på at dialog vert lagt til grunn for vidare samarbeid og løysing av konfliktar.

Forvaltning etter erfaringmessig kunnskap

I Naturmangfoldlova som trødde i kraft 1. juli 2009, vert det lagt vinn på at eit vern og med det forvaltning, skal vera kunnskapsbasert og då både ut frå vitenskapeleg kunnskap, men også ut frå erfaringmessig kunnskap. Det siste begrepet er ekstra poengtert i den nye lova og i forarbeidet til lova. Rogaland Bondelag oppfordra med grunnlag i det sterkt til at bøndene og grunneigarane sin erfaringmessige kunnskap og innsikt vert vektlagt ennå meir framover i forvaltninga av områda. Kor vidt dette er lagt vekt på i forslaget til forvaltningsplanen er ein usikker på, men ein vil på det sterkest rå til at dette vert følgd opp i den praktiske forvaltninga av områda. Forvaltninga må og gi opning for den tekniske utviklinga ein har innan landbruket.

Uttak av grus

Ut frå praksis er det tillatt for grunneigarar det er aktuelt for, å ta ut inntil 5 m³ med sand/grus til eige bruk – med høve til større uttak enkelte år og mindre andre år. Rogaland Bondelag vil med utgangspunkt i den erfaringmessige kunnskapen, be miljøvernstyresmaktene til å revidera dette og opna opp for eit større uttak på generelt basis. Tidlegare var det høve for større uttak

og vårt spørsmål er om innstraminga er fagleg grunngitt.

Verknad av vernet innafor vernesona

I verneplanen er det trekt opp klare grenser for kor vernet går og kva areal som fell utanom. Rogaland Bondelag er klar over at anna lovverk – t.d. Plan og bygningslova – vert gjort gjeldande for område som grensar opp mot vernet, men praksis har og vist at Fylkesmannen har insigelse til planar utanfor området på grunn av at det aktuelle planområdet/tiltak ligg opp mot verneområdet. Dette vert det reagert kraftig på og fyl-

kesbondelaget vil be om at vernet berre får verknad innafor verneopprådet og at ein ikkje i praksis flytter vernegrensa og med det utvidar verneområdet.

Dyrka mark innafor verneområdet

Rogaland Bondelag er kjent med at enkelte område innafor verneområdet er fulldyrka mark. I merknadane frå Rogaland Bondelag til den reviderte verneplanen av 2003, ba bondelaget om at desse områda vart tekne ut av vernet. Dette vart følgd opp berre i mindre omfang. Om endring av vernegrensene ikkje er sak nå, står vi for det same og

ein vil be om at forvaltinga av desse områda ikkje må hindra vanleg agro-nomisk drift og bruk av arealet. Fylkesbondelaget vil på det sterkest be om at desse områda ikkje vert pålagt ei tilba-keføring til opphavleg tilstand.

Eigen forvaltningsplan for Rott

Rogaland Bondelag vil støtta forslaget om at det vert arbeidd med ein tilnærma eigen forvaltningsplan for øya Rott og omkringliggjande holmar. Dette arbeidet må gjennomførast i nært samråd med grunneigarane og faste brukarane av øya.

Potetål – framtidig forvaltning

Spørsmål om kva regelverk ein skal ha for potetål har vorte reist dei siste åra. I denne saka har Rogaland Bondelag hatt nær kontakt med Norsk landbruksrådgiving Rogaland – tidlegare Jæren Forsøksring – som har følgd opp enkeltbønder i denne samanhengen, på ein svært bra måte.

I tilknyting til Grøntutvalet sin uttale til forhandlingane våren 2010 avgja utvalet følgjande uttale:

Dagens regelverk har i praktisk vist at det slår uheldig ut for bøndene. Til sin yttarste konsekvens kan heile Jæren verta bandlagt dersom ein fortsett med dagens regelverk. Det er vidare tilfeldig korleis regelverket slår ut og det er klart behov for ei endring av det. Det er og døme på at det har gått nær fire år fra jordprøvar er tekne til bonden/jordeigar får kjennskap til analyseresultatet. Dette skaper økonomiske problem og usikkerhet. Arbeidet med saka dei siste åra viser at det er ei svært komplisert sak og bønder ønskjer ikkje å ta jord-prøver for å undersøkja om det er potetål i jorda. Skulle ei slik prøvetaking visa seg at jordet er smitta med potetål, vil det få store konsekvensar for bonden si framtidige drifta av dette arealet, men også av heile garden.

Ut frå denne vurderinga gav grøntutvalet våren 2010 uttrykk for at det er viktig at det snarast mogleg vert utarbeidd ein ny forvaltningspraksis som vil gi avklaringar om korleis både bøndene, men og rettleiingstenestad skal forehaldra seg i desse sakene. Grøntutvalet støttar eit opplegg der næringa og bonden må leva med dette og ta ansvar for forvaltinga av saka.

Ut frå dette bad Rogaland Bondelag v/Grøntutvalet, Grøntutvalet sentralt om å arbeida aktivt for å få ei løysing basert på EU sitt regelverk ang. potetål. Med eit slikt regelverk vil næringa og bonden kunna leva med potetålen.

Ny bransjestandard for potetål

Mattilsynet har arbeidd med bransjestandard for potetål og sende ut forslag til nytt regelverk hausten 2010.

I det Norsk Landbruksrådgiving Rogaland er dei som har arbeidd mest med denne saka og vore i nær kontakt og støtte for dei bøndene som har vorte ramma med restriksjonar for dyrking av potet, er det dei som kjenner denne problematikken best her i området.

Med grunnlag i det støtta Rogaland Bondelag fullt ut tilrådingane Norsk landbruksrådgiving Rogaland som saman med andre avdelingar til Norsk landbruksrådgiving har utarbeidd med saka og deira uttale.

I uttalen til ny bransjestandard peika Rogaland Bondelag på at ein har forståelse for at ein fortsatt må kjempa mot potetålen, men vil ut frå erfaringar frå fleire område både i Europa og deler av landet her, støtta ein eit regelverk som er tilpassa ulike område i landet. Fylkeslaget gjekk såleis inn for den inndelinga som Norsk Landbruksrådgiving har kome med:

1. Områder uten påvising av PCN
2. Områder med påvist gul, men ikke resistensbrytende PCN
3. Områder med påvist resistent-brytende rase av gul
4. Områder med påvist kvit PCN
5. Settepotetområder

og at regelverket vert tilpassa kvar av desse situasjonane/områda.

Rogaland Bondelag har tru for at bøndene som er opp i denne situasjonen, har respekt for sjukdommen og vil gjera sitt til at ein unngår unødig og uheldig spreiing av PCN. Ein må kunna gi dei den tilliten og at Norsk Landbruksrådgiving med sine lokale avdelingar får i oppdrag å ha førstekontakt og rettleiingsfunksjon opp mot potetprodusentane. Dei må få ansvaret for gjennomføringa av bransjestandarden for PCN. Det vil gi bøndene eit eigarforhold til problematikken og dei vil i neste omgang følgja opp med konkrete tiltak.

God dyrkingsstrategi byggjer på forståing av PCN sin biologi, populasjonsdynamikk og skaden sin samanheng med smittenivå og jordtype. I utgangspunktet vil jord smitta med PCN ikkje verta smittefrei innan rimeleg tid. Derfor må potetprodusentar i områder med funn av PCN, læra seg til ”å leve med” nematoder. Utgangspunktet for denne sameksistensen er å leggja opp til eit dyrkingsopplegg av potet som gjer at ein ikkje kjem over skadeterskelen, og med det minimere risikoen for spreiing.

Målsettinga med nye bransjestandardar for PCN må vera å leggja opp til eit grunnlag for ein framtidig potetproduksjon med god lønnsemrd innafor gitte rammer.

Planprogram for areal og transport på Haugalandet

I frå Rogaland Fylkeskommune fekk Rogaland Bondelag oversendt forslag til planprogram for utarbeidning av ein ny **Regionplan for areal og transport på Haugalandet**. Utanom kommunane i Nord-Rogaland dekkjer planen også Sveio og Etne. Opplegget med planprogrammet er å få fram viktige punkt som må med i utarbeidninga av endleg plan. Planprogrammet vart også sendt dei lokale bondelaga til uttale.

Hovudpunkt i Rogaland Bondelag sin uttale

Overordna element

Rogaland Bondelag ser det som svært positivt at det vert utarbeidd med ein slik plan etter mal for tilsvarande plan for Nord-Jæren som vart lagt fram for vel 10 år sidan. Planen "Haugalandet mot 2050" må ha eit langsiktig perspektiv og det er viktig at det vert ein plan **for dei overordna elementa** i regionen og då står arealforvaltninga og transportsystemet som noko av det viktigaste.

I frå naturen si side har planområdet ein svært variert natur og arrondering der det skulle liggja godt til rette for å unngå nedbygging av jordbruksareal. I uttalen vart det vist til nyleg utsendt brev frå Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet med overskrifta *Kommunenes ansvar å ta vare på jordressursene*.

I alt utredningsarbeid som skal utførast i regi av utforminga av endleg plan, bør difor arealforvaltning kombinert med eit sterkt jordvern, stå svært sentralt. Med dei naturgitte forholda bør det liggja godt til rette for at ein skal kunna verna om og unngå nedbygging av dei heller små jordbruksområda inkludert kulturbeita, ein har i regionen. Det er snakk om **politisk vilje** til å føreta dei nødvendige grepene. Ut frå dette peikar bondelaget på at planprogrammet må reflektera klart den auka politiske vektlegginga ein har hatt dei siste åra på jordvern og innarbeida det som ein tydeleg premiss for planarbeidet. Samarbeid på tvers av kommunane må og trekka inn slik det og går fram av brevet frå regjeringa.

Nærings- og kompetanseutvikling

I dette kapittelet er næringslivet omtala. Landbruket vert også til ein viss grad



Foto Bondevennen.

trekt inn i denne samanhengen. Fylkesbondelaget peika likevel på at landbruket i større grad enn det som er gjort i plandokumentet, må takast inn som ein del av det samla næringslivet og ikkje berre i samband med arealforvaltninga. Forutan sjølve matproduksjonen på gardane – det viktigaste med norsk landbruk – står landbruket for stor verdiskaping. I tillegg legg landbruket også direkte og indirekte grunnlag for sysselsetting og næringsengasjement utafor bruken. Utan produksjonen på det enkelte bruket, vil også stor del av det tilknytta næringslivet falla vekk. Dette viser kor viktig det er at arealgrunnlaget for det enkelte bruket vert oppretthalde og helst utvida. Arealgrunnlaget til garden er også ofte minimumsfaktoren for drifta på gardsbruka.

Utredningsbehov

- kompetanseheving

I høyringsdokumentet vert det gitt uttrykk for behov for sjå nærrare på kompetansebehovet for "*de større bransjene i regionen*". Gjennom Tveit vgd skule har regionen eit godt anlegg for utdanning ikkje berre innan primærlandbruken, men også innan skogbruk og fiskeoppdrett. Behovet for kompetanse og rekruttering innan landbruket er klart til stades og regionen må ta i vare ressursen som ligg på Tveit til dette.

Utredningsbehovet

- framtidige utbyggingsareal

I regionen er det etablert mange større

eller mindre senter der innbyggjarane pendlar mellom desse ut frå ulike behov som jobb, innkjøp, fritid, hels m.m. Ut frå dette er det etablert ein desentralisert infrastruktur på ulike område. Dette må ein byggja vidare på der det er aktuelt og det vil tena utviklinga for regionen også jordvernmessig. Men på den andre sida må ein ikkje vera redd for å bryta dette og byggja opp ny infrastruktur dersom det på sikt vil tena regionen og ikkje minst jordvernsaka. Også her bør eit evt samarbeid på tvers av kommunane vera svært aktuelt.

Regionen må unngå sterk koncentrasjon rundt sentrumsnære område. I staden for ei einsidig utbygging av sentra må ein vurdera andre område sjølv om det vil innebera eit samarbeid og felles løysingar med nabokommunar.

Representasjon

i det vidare arbeidet

Av planprogrammet går det fram at det skal arbeidast heller omfattande på ulike område. I dette arbeidet krev Bondelaget på vegne av landbruket at representantar frå næringa vert tekne direkte med i ulike arbeidsgrupper. Ein må ikkje gløyma at det er bøndene som eig langt størstedelen av arealet som er innlemma i slike planar. Ut frå det må det vera heilt naturleg at eigarane av arealet og er representert i planarbeidet.

Arbeidet i utvala

Info-utvalet

Informasjonsutvalet – Info-utvalet – har i meldingsåret hatt to møte. Saker utvalet har arbeidd med:

- Kurs for nye/unge bønder
- Nettsida til bondelaget.
- Skulekontaktar
- Open Gard (sjå eige oppsett)
- Profilering av bondelaget

Kurs for nye/unge bønder

Det var kurs for unge bønder hausten 2010 i samanheng med Agrovisjon.

Nettsida til bondelaget

Det er oppretta sider for nokre lokal-lag, men det er liten aktivitet på side-ne. Ein har og oppfordra lokallaga til å senda stoff til kontoret slik at vi kan leggja det på Rogaland Bondelag sine sider.

Informasjonsdag for skulekontaktane

Det var invitert til møte for skulekon-taktane 18. november. Dette vart avlyst på grunn av lite påmelding.

Samarbeidet med skulen går godt nokre stader, men andre har vanskar med å sleppe til. Landbruksspelet vert gjennomført kvart år i nokre lag, men ein slit med å få nok bønder til å vera med på skulen.



*At bondelaget har god kontakt med skuleverket er viktig.
Her frå kurs fylkesbondelaget har for skulekontaktar i lokallaga.*

Profilering av bondelaget

Info-utvalet har sett på profilering/re-klame av bondelaget. Det er laga roll-ups med 3 ulike motiv. Desse kan bruk-kast saman eller kvar for seg.

Alle har kornbandet og Rogaland Bondelag øvst elles har dei følgjande utforming:

1. Bilete av sauер med tekst under:
Ope landskap

2. Bilete av kyr med tekst under:

Trygg mat

3. Bilete av gulrøter med tekst under:
Lokal mat

Det vart og drøfta om ein skulle laga krus. Prisen vart for høg då det var lite interesse frå lokallaga for desse. Ein vil i staden bruke Norges Bondelag sine krus.



Frå "open gard" i Forsand. Leik på "traktoregga".

Verveutvalet

Verveutvalet har hatt to møte i melflingsåret – 4. mars og 21. september. Hovudoppgåva til verveutvalet er å leggja opp strategi for vervearbeidet i fylkeslaget. I strategien for vervearbeidet i 2010 sette utvalet klare mål:

- ”Auka medlemstalet i fylket til 6450 og medverka til å redusera utmeldingar med konkret oppfølging av desse.
- Fokus på aktive bønder og dei som er på veg inn i landbruket. Målet på sikt er 70 % av dei som mottek produksjonstilskot. Men også andre med sterkt tilknyting til næringa”

Utvælet har gjennomført to ringerundar til lokallaga i løpet av året. Ein skulle overfor lokallaga poengtera kor viktig det er å ta vare på nye medlemmer og viste til brev frå Norges Bondelag der ein ønskjer målretting av vervearbeidet og at det ligg ei utfordring i å auka andelen aktive produksjonsmedlemmer. Utvælet opprettheld forslaget om å premiera lokallaga med 200 kr pr ny medlem med produksjon og 100 kr for personleg og husstandsmedlem for 2010.

Utvælet ønskjer å ha god kontakt med lokallaga og deltek difor på årsmøtet og leiarmøtet til fylkeslaget.

Oppsummering av vervearbeidet og medlemsutviklinga er omtalt lenger bak i årsmeldinga.



Nye medlemmer under vervekampanjen. Brødrne Geir og Kåre Reed på Smedsvik Gård.

Styret i Rogaland Bondelag har tidlegare gått inn for at premieringa av lokallaga skulle leggjast om slik at grunnlaget for premierung ikkje berre skal vera medlemsutvikling, men også trekka inn andre aktivitetar i lokallaget. Aktivitetsprisen for 2009 gjekk til Nærø Bondelag og vart delt ut på fylkesårsmøtet i mars 2010. Prisen bestod av Aktivitetsklubbe og 5.000 kr. AU og leiar i verveutvalet saman med administrasjonen plukka ut laget som fekk prisen.

Styret sende og forslag på Nærø Bondelag som kandidat til det beste lokallaget til Norges Bondelag. Laget nådde ikkje fram men Norges Bondelag følgde rådet frå oss om å leggja ei brei vurdering til grunn ved utvelging av det beste laget i organisasjonen.

Norges Bondelag støtta arbeidet i verveutvalet til Rogaland Bondelag med 15.000 kr i 2010. RB får også eit tilskot på 5.000 kr til vervepremie til lokallag.

Rica Maritim Hotel
-et Rica Partner Hotel i Caiano-gruppen

Telefon: 52 86 30 00
Mail: post@hotelmaritim.no

Grøntutvalet

Utvalet har hatt eit møte og då i tilknytning til utforminga av utvalet sin uttale til jordbruksforhandlingane våren 2010. I samband med utforminga av uttalen vart representantar frå ulike organisasjonar og enkeltpersonar knytta til den grøne sektoren, inviterte til eit eige møte saman med utvalet.

Første delen av møtet vart nytta til orientering og drøfting av oppgåvene til GPS der markedet og produsentsamarbeid var hovudtemaet til konsulent Bjarte Åsbø.

Hovudoppgåvene til GPS er:

- Samarbeid mellom grøntprodusentane på tvers av grossisttilhørigheit om markedstilpassing og pristilråding
- Ha eit sterkt fokus på kvalitet og profilering av norske produkt
- Skal ikkje driva næringspolitikk
- GSP er finansiert gjennom eit trekk på 2 promille av frukt- og grøntomssetnaden til frisk konsum hjå medlemmene og midlar frå SLF over jordbruksavtalen.

GPS har eit eige styre og fem konsulenter som er plassert på ulike stader i landet. Åsbø er i Rogaland og har i hovudsak ansvar for veksthusgrønsaker. Dei har og ei aktiv heimeside – www.grontprodusentene.no. Forutan styret har dei ulike styringsgrupper for enkelte grupper der varemottakarar og grossistar er representert. Eit av hovudmåla for organisasjonen er å ha best mogleg oversikt over produksjonen av dei ulike varene. Gjennom det kan ein styra og gi råd om produksjonsomfanget og tiltak for å få jamnast mogleg tilføring av ulike vareslag ut i markedet. For å lykkast i det er ein heilt avhengig av at ein har best mogleg oversikt og at alle produsentane melder inn planlagt produksjonen av ulike kulturar.



*Tomatproduksjonen hadde i 2010 eit utfordrande og vanskeleg år med stor overproduksjon.
Foto Bondevennen*

Åsbø var og innom markedssituasjonen for ulike produkt og då særleg for tomat og agurk. Markedet for agurk er metta. Om arealet med agurk er stabilt vert avlingane pr kvm større og dermed vert det auke i produksjonen. Situasjon for tomat er vanskeleg. Næringsa har ikkje tatt ut målprisen siste året. Totalforbruket av tomat i Norge er ca 32.000 tonn pr år. Vår eigen produksjon er ca 9.000 tonn. I den norske tollperioden – frå 10. mai til 10. okt. – produserer vi ca 8.500 tonn. I same perioden importerer vi ca 5.000 tonn – mykje av dette er charry-tomat som er nærmast dumpa ut på markedet i frå Nederland.

Problema med marknadssituasjonen for tomat sommar/haust 2010

Utvalet med leiaren Ståle Runestad var og sterkt engasjert i tida markedssituasjonen for tomatprodusentane var svært vanskeleg. Saman med lokale produsentar i Finnøy kommune la dei opp eit bra opplegg då leiinga i Norges Bonde-

lag besøkte Rogaland der noko av tida vart nytta til møte hjå tomatprodusent Håvard Skavland, Talgje og eit eige møte ettrtepå der fleire personar innan veksthusnæringa i Finnøy orienterte om situasjonen for tomatproduksjonen i fylket. Seinare same dag møtte leiinga i Norges Bondelag også Kåre Wiik der det vart orientert frå Miljøgartneriet sin situasjon og satsing på ca 70 nye dekar med veksthusareal i ein omgang og då hovudsakleg tomatproduksjon.

I frå Norges Bondelag si side var oppmodinga til næringa om å vera opne for kvarande gjennom GPS-ordninga å styre den totale produksjonen i forhold til behovet i markedet.

Fylkeslaget ved leiar og organisasjonssjefen deltok og på ulike møter der markedssituasjonen for tomat vart drøfta. Under årsmøtet til Norges Bondelag hadde ein og eit eige møte med sentrale personar innan næringa for å drøfta kva som kunne gjerast.

Jordvernutvalet

Det har ikkje vorte halde møte i Jordvernutvalet i 2010, men temaet har stått sentralt i samfunnsdebatten gjennom heile året og då oftast på ein positiv måte sett frå bondelaget si side.

Leiaren i utvalet har saman med administrasjonen drøfta enkelte spørsmål og arbeidd konkret med fleire saker

medlemmer har teke opp med fylkeslaget. Ein har og hatt nært samarbeid med Jordvernforeninga i Rogaland.

Organisasjonssjefen fekk forespørsel frå Jordvernforeninga i Vestfold om å koma dit på eit medlemsmøte, for å orientera om erfaringane med fylkesdelplanen Byutviklinga på Nord-Jæren

– 10 år etter at planen trådde i kraft. Med hjelp av representantar frå Fylkesmannens Landbruksavdeling fekk ein eit godt grunnlag for å trekka fram erfaringane så langt.

Årsmelding U-landsutvalget 2010

Vårt utviklingsprosjekt i Sambolabo i Kamerun ligger opp mot grensen til Nigeria. Over 16.000 mennesker bor her fordelt på 26 landsbyer og omland, og området har fortsatt en rivende utvikling også dette året etter oppstarten i 2006.

Våre to prosjektmedarbeidere har fulgt tett opp grupper som de tidligere har startet. Dette året har spesielt opplæring i å lage syltetøy, såper, sy klær, dyrke grønnsaker osv, gitt kvinnene større muligheter for å bli mer uavhengig av mannens innsats og inntekt. Det betyr igjen at mannen/familien har fått frigjort midler til andre områder som helse, utdanning, utbedring av bygninger osv. Felleshjelpsgrupper med oppsparing i hjelpefond har hjulpet over 40 stk med utgifter til fødsler, bryllup, sykdom og begravelser etc.

Kvinnedagen som ble feiret for første gang i 2009 da U-landsutvalget var på evalueringstreise til Sambolabo, ble videreført også dette året. Endringene for kvinnene er det mest slående resultatet av prosjektet. Kvinnene er blitt mer synlige, og man opplever et større fellesskap og endring i mentalitet der de deltar i mer utviklingsrelaterte gjøremål.

Ungdommene har fått kursing i ulike teknikk for innsamling av honning. Inntekter fra dette salget har gitt større muligheter for innkjøp av motorsyklar som gjerne nytes til taxi-kjøring.

En ekstra gave fra Felleskjøpet Rogaland Agder gjorde det mulig å starte opp, litt forsiktig, et innkjøpssamvirke i 2010. I oppstartåret har en konsentrert seg om innkjøp av såfrø, litt plantevernmidler, handelsgjødsel og enkle jordredskaper. En viktig milepæl er nådd.

Dette året ble målet om å bygge totalt 3 broer på henholdsvis 10, 13 og 20



Her hogges det opp småstein til pukk. Innbyggerne kan gå opptil 1 mil for å finne stein noen steder.

m nådd. Prosjektets innsats har vært innkjøp av cement, jern og forskaling, samt teknisk assistanse i planlegging og gjennomføring. Disse broene har styrket økonomien i landbruket og gjort helsetjenestene lettere tilgjengelig for befolkningen. ”Der veien går skjer det utvikling” fortalte befolkningen i fjor, og det har de rett i. Man ser også at både fylket og kommune er med og støtter brobyggingen, men størst innsats gjør befolkningen selv på dugnad med å hente stein, grus og ikke minst manuelt arbeid. Hele 11 landsbyer går sammen om disse prosjektene. Utfordringene i området er å skaffe vann til støping i tørketida. Det er også bekymringsfullt at det er stor mangel på rent drikkevann i området. Mangel på teknisk kompetanse har gjort at brønnbygging ikke er startet, men det jobbes aktivt med dette problemet.

Innbyggeren i Sambolabo har et mål om å lage et felles samlingssted hvor det

kan skje opplæring for kvinner, ungdom og andre. Brønner, kornmølle og innkjøpsordninger for frø og gjødsel var også ønskelig. Våre prosjektmedarbeidere blir møtt med stor respekt og tillit blant innbyggerne og myndigheter. Det er meget stor vilje til å få til ønskede endringer. Vi er svært fornøyd med det som er oppnådd i disse tre årene i et nytt område. Dette skyldes to ting: en stor innsats fra våre ansattes side, samt stor positivitet og vilje til endring blant innbyggerne.

Vi vil rette en stor takk til enkeltpersoner, 4H klubber, bygdekvinnelag, bondelag, samvirkebedrifter osv for engasjement og innsats i prosjektet. Vi har lyst å trekke fram Utstein 4H som alene har samlet inn 12.000 kr! Takk også til Tveit videregående skole som har valgt prosjektet som ”Operasjon Dagsverk”, for basarer, skrapinnsamlinger, offegaver på Høsttakkegudstjenester osv. Vi takker for at vi er blitt invitert til å fortelle om prosjektet både på tv, radio, høsttakkegudstjenester og møter ellers. Dette gjør vi gjerne for å nå målet om å samle inn 250.000 kr årlig! I år kom det inn kr. 244 157.

Nye brosjyrer er trykket opp dette året, og det er opprettet en komité som planlegger tur og 50 års jubileum i 2012. Mye verdifull historie skal nå bli tatt vare på for ettertiden.

*Elisabeth K. Nesheim,
Leder for U-landsutvalget*



Støping av broer gir trygg fremkomst av folk og varer i regnida.

DYR SOM TRIVES GIR BEDRE INNTJENING.

DET ER SUNT BONDEVETT.

Gardbruker: Rolf Asle Svela



INNREDNINGER

Reime Agri er Norges største og eneste produsent av komplette innredningsprogram for alle dyreslag. Innredningsløsningene er utviklet i nært samarbeid med forskningsinstitusjoner, forhandlere og dyktige brukere. Våre innredninger er kjent for solid kvalitet gjennom mange tiår.

Reime
REIME AGRI AS

Organisasjonsarbeidet

Årsmøta i lokallaga

Årsmøta i lokallaga i 2010 vart stort sett gjennomførde i løpet av oktober månad, berre nokre få kom seinare. På dei langt fleste årsmøta var det med representantar frå fylkeslaget – styret eller administrasjonen. Tema ein tok opp var noko ulikt, men på dei fleste årsmøta var ein innom næringspolitikk med kort oppsummering av forhandlingane våren 2010. Ein var og innom organisasjonssaker som verveaksjonen organisasjonen skulle gjennomføra i løpet av oktober og november samt ein orienterte om arbeidet med ny landbruksmelding forutan arbeidet med EU sitt vassdirektiv og utfordringar næringa vil stå overfor ved ei revidering av spreiearealkrava. Under fleire årsmøta vart også fylkeslaget sitt forslag om deling av fylket kvotemessig drøfta. (Saka er nærmere omtalt under styret sin utale til jordbruksforhandlingane lenger framme i årsmeldinga og andre stader) Nokre lag støtta fylkesstyret sitt vedtak, medan andre lag gjekk strekt imot. Administrasjonen utarbeidde notat som grunnlag for innlegga under årsmøta.

Som deltakar under årsmøta har representantane frå fylkeslaget også ein viktig funksjon med å lytta etter signal i lokallaga. Fylkesstyret er interessert i å få tilbakemelding på arbeidet til fylkesbondelaget og organisasjonen sentralt. Under årsmøta kom det fram tema fylkeslaget vart bedd om å arbeida vidare med og som styret vil ta opp på ulike måtar framover, ikkje minst i samband med fylkeslaget sitt arbeid med uttalen til forhandlingane 2011.

Ut frå oppsummeringane styret gjorde etter årsmøterunden, sit styret at med eit positivt inntrykk av årsmøta og vil gi ros til lokallaga for omfattande og breitt engasjement i lokallaga i løpet av året. Styret vil særleg framheva lokallaga sitt engasjement i samband med ulike tiltak våren 2010 i tilknyting til planlegginga og gjennomføringa av den nasjonalt omfattande aksjonen med temaet ”Norsk Landbruk – mer enn bare lave priser”. Lokallaga delte ut ”bøndenes kundeavis” som bar namnet ”Meir en bare lave priser”. Kundeavisa tok for seg kva norsk landbruk betyr for matkvalitet, omsetning, miljø, arbeidsplas-



Jamt over godt frammøte under årsmøta i lokallag. Her frå årsmøtet til Vats Bondelag hausten 2010. Foto Peder Lundegård

sar, industri og kulturlandskap – meir-verdien forbrukarane får ved å kjøpa norsk mat. Opplegget vart gjennomført onsdag 14. april.

Over store deler av fylket la bøndene/lokallaga ut innpakka halm-/grasballar som var malte grøne i enden med ei svart tjukk pil som viste nedover når grasballen var lagt ut langs vegbanen eller kryss. Ballane vart kjørt ut natta til eller tidleg morgen 29. april. Nokre låg til godt uti mai, medan dei som låg for nær kjørebanen eller i kryss/rundkjøringar vart pålagt fjerna tidlegast mogleg om morgonen 29. april.

Under årsmøta har det vore godt med spørsmål og ein god debatt. Frammøtet varierer noko. I større lag ligg frammøteprosenten på rundt og under 10 % av medlemmene, medan mindre lag ofte har større prosentvis deltaking. Nokre lag kan nok arbeida noko meir med førebuinga og annonseringa av årsmøtet sitt for å få betre frammøte. For å gi lokallaga hjelp med å utforma ei årsmelding, setja opp rekneskap for lokallaget og utforma sjølve innkallinga med årsmøtesaker, har Info-utvalet utarbeidd malar til bruk for lokallaga. Desse ligg på fylkeslaget sine heimesider for bruk.

Årsmøterunden har ført til at det er nye leiarar i 12 av dei 43 lokallaga vi har. Det er ei normal utskifting. Det er

nå 5 kvinneleg leiarar. Ved gjennomgang av tilbakemeldingane om vala og konstitueringa i haust, er kvinnedelen i lokallagsstyra rimeleg bra, men det må vera ei klar oppmading til valnemndene rundt i lokallaga å arbeida meir for å få kvinner inn i lokallagsstyra samtidig som kvinnene og må vera meir ville til å ta på seg slike verv.

Leiarmøte 2010

Leiarmøte 2010 vart arrangert i førekant av og saman med Agrovisjon 2010 torsdag 21. og fredag 22. oktober. Det er leiarane i lokallaga i fylket og dei fremste tillitsvalde i landbruksorganisasjonar som vert inviterte. Det var 31 lokallag som møtte med leiar/representant og 6 personar frå andre landbruksorganisasjonar.

Første dag av leiarmøte var halde på Hotel Alstor i Stavanger. Leiar i Norges Bondelag Nils T. Bjørke innleia til debatt på tema innan målsettingane i norsk landbrukspolitikk og utfordringar innan landbrukspolitikken i åra framover.

Av andre saker det vart innleia til debatt på var:

- Verdien av lokallaga sitt engasjement i forkant av jordbruksforhandlingane, ein kontinuerleg prosess ved informasjonssjef i Norges Bondelag Kjetil Randem.

- Regionplan for landbruket i Rogaland - ass. landbruksdirektør hjå fylkesmannen Anfinn Rosnes viste møylyden det omfattande arbeid som heile landbruket i fylket hadde lagt ned for å få ei god og framtidsretta regionplan for landbruket i fylket.

- Vassdirektivet vil nok dei aller fleste som driv praktisk jordbruksdrift koma borti. Prosjektleiar i Rogaland fylkeskommune Vegard Ness orienterte om oppstart, organisering og planar framover for arbeidet med å gjennomføra arbeidet med klassifisering og moglege tiltaksplanar innan vassforvaltinga.
- Helse miljø og sikkerheit i landbruket er eit tema som må vera på dagsorden heile tida. Førebygging av uønska hendingar må vera ein del av det daglege gjeremålet på garden. Distriktsleiar Kolbjørn Taklo frå Landbrukets HMS teneste sette tema på dagsorden.

Fredag 22. oktober vart Agrovisjon 2010 opna med landbruks- og matminister Lars Peder Brekk. Leiarmøtet tok del i Agrovisjon sine faglege foredrag med ulike landbrukspolitiske og økonomiske tema utover heile dagen. Det var og sett av tid til besök i messehallane.

Tilbakemeldingane frå deltakarane på leiarmøte ga eit tydeleg signal om at årets leiarmøte var utbytterikt og godt organisert. Tidspunktet for møtet - torsdag og fredag - førde til at nokre lokallagsleiarar fekk ein ekstra utfordring med å skaffa avløysar. Leiarmøtet er ein viktig møteplass og det er det møtet utanom årsmøtet, der heile organisasjonen i fylkeslaget, bondelaget sentralt og representantar frå dei andre landbruksorganisasjonane i fylket er samla til meiningsutveksling og nye kontaktar.

Distriktsmøta

Det vart også i 2010 arrangert to rundar med distriktsmøte i fylket der styra i lokallaga vert inviterte. Møta vart haldne i månadsskifta januar/februar og oktober/november. Møteplassane er Helleland for lokallaga i Dalane og Sør-Jæren, i Sandnes for lokallaga på Nord-Jæren og i Ryfylke og Aksdal for lokallaga på Haugalandet.

Distriktsmøta på ettermiddagen 2010

På møta i januar/februar var det ein gjennomgang av landbrukspolitiske tema. Det vart lagt fram tal på inntektsutviklinga dei siste åra, med tal frå Tveit Rekneskap a/s og rekneskapslag i Sør-Rogaland. Det vart ein god diskusjon på utfordringane som måtte med i jordbruksforhandlingane. Rammevilkåra til samdriftene innan mjølkeproduksjon, utforminga av arealtilskota var også oppe som tema. Strategiar og tiltak fram mot forhandlingane 2010 og ved eit eventuelt brot i forhandlingane, var ein eigen programpost på møta. Det var 28 lokallag med 70 deltakarar som deltok på distriktsmøta i denne runden.

Distriktsmøta hausten 2010

Målsettinga med distriktsmøta om hausten er å gje inspirasjon og informasjon om viktige saker organisasjonen

Frå distriktsmøtet
på Helleland.
Fylkesleiar Ole
Johan Vierdal
orienterer.



skal arbeida med gjennom vinteren, samtidig som ein utvekslar erfaring om møteopplegg m.m. mellom lokallaga. Innleiingsvis inviterte leiaren i Rogaland Bondelag Ole Joan Vierdal, til diskusjon på årets resultat på jordbruksforhandlingar, om utspel og resultat som ramma Rogaland spesielt.

Lokallaga får mange høyringssaker til uttale i løpet av arbeidsåret 2010/2011. Lokallag må sjølv legga opp sitt arbeid og prioritera kva saker som er viktigast for laget. Det viktigaste arbeidet i denne samanheng er innspela til jordbruksforhandlingane. Dei er viktige for fylkeslaget sin uttale til Norges Bondelag. Av andre organisasjonssaker var det den store landsomfattande verveaksjonen det vart orientert om. Rek-

neskapslag i Dalane og Jæren og Tveit Rekneskap a/s la fram tal frå driftsgranskingsane i sine område, og oppfordra lokallaga til å ha dette som tema på sine medlemsmøte. Gjensidige har samarbeidsavtale med Bondelaget, og det er ein god anledning for Gjensidige til å møta lokallaga for å informera om og få tilbakemelding på viktige saker som gjeld innan landbruksforsikringa. På denne runden av distriktsmøta deltok 31 lokallag med om lag 85 personar.

Ved oppsummeringa av distriktsmøta var styret godt nøgd med oppmøtet og engasjementet. Distriktsmøta er ein av dei viktigaste møteplassane mellom fylkeslaget og lokallaga. Fylkeslaget har og stor utbytte av distriktsmøta.

Arbeidet i lokallaga og kontakten med fylkeslaget

Arbeidet i lokallaga har også i år vore omfattande og krevjande. Fylkeslaget og Norges Bondelag har pålagt lokallaga omfattande arbeidsoppgåver dei har takla på ein god måte. Ein kan berre nemna tiltak i samband med opplegget "Norsk landbruk – meir enn bare lave priser" (omtalt lenger framme i årsmelding), medlemsverving og førebuing av aksjonar ved evt. brot. Ein vil særleg trekka fram lokallaga sitt omfattande engasjement i forkant av jordbruksforhandlingane gjennom konkakten mot politikarane, utdeling av bøndenes kundeavis **Mer enn bare lave priser**. Open Gard-arrangementa er også eit stort løft for dei som har slike opplegg. Også ved fleire andre høve når fylkeslaget og kontoret har hatt behov for hjelp til gjennomføring av konkrete oppgåver, har lokallaga stilt opp.

Både fylkesstyret og administrasjonen vil retta ein stor takk til lokallaga med leiärane i spissen, for velvilje og stå på vilje dei viser i mange samanhengar. Lokallaga er utan tvil eit solid grunnlag for heile organisasjonen og det er viktig

for oss på fylket så vel som på sentralt hald, å pleia denne kontakten og leggja forholda til rette frå vår side til ein fortsatt brei innsats på lokallagsnivå. Medlemmene og lokallaga er med rette grunnfjellet i organisasjonen.

Arbeidet på lokalplanet er eit teamarbeid, men av og til er det nok einskilde eldsjeler og då ofte leiaren i lokallaget, som legg ned ein større innsats enn andre. Rogaland Bondelag rettar ein spesiell takk til desse.

At aktiviteten i lokallaga er omfattande viser også årsmeldingane, orienteringane under distriktsmøta og søknadane om aktive lokallagsmidlar. Kreativiteten er stor. Fylkeslaget ser det som viktig at lokallaga engasjerer seg i saker medlemmene er interesserte i. Dette vil framover vera svært viktig i og med at kommunane har fått større forvaltningsansvar. Fylkeslaget har registrert at lokallaga har fått betre kontakt og dialog med kommunepolitikarane og det lokale næringslivet. Dette er positivt og må utviklast. Positivt er det også at lokallaga gjennomfører tiltak som

legg grunnlag for sosialt fellesskap mellom bøndene gjennom bondecafear, drøssestove, bondepub og liknande.

Fylkesbondelaget ser det også som svært viktig å ha god kontakt med lokallaga. Forutan dei tradisjonelle samlingane har fylkesstyret difor også fordelt lokallaga seg i mellom og lagt opp til å ringja eller ha kontakt på anna vis, med leiärane to gonger i løpet av året. Her legg ein opp til å slå av ein prat med dei og få tilbakemelding om saker lokallaga er opptekne av og gi innspel fra fylkeslaget si side. Etter desse rundane vert det føreteke ei oppsummering i styret der saker vert gjennomdrøfta.

I løpet av meldingsåret her ein sendt mesteparten av posten elektronisk til lokallaga. I løpet av året når spesielle ting på går og under sjølve jordbruksforhandlingane, bruker kontoret ofte e-post og/eller SMS for å nå raskt ut med informasjon. Tilbakemeldingane viser at dette vert positivt motteke.

Medlemsutviklinga i fylket

Ved årsskiftet 2010/2011 var det 6.522 medlemmer i Rogaland Bondelag. Dette er det høgaste medlemstalet Rogaland Bondelag har hatt nokon gong. Totalt er det kome til 386 nye medlemmer i løpet av året. Med ein avgang på 270 medlemmer gir det ein netto auke i medlemstalet for Rogaland Bondelag på 116 personar i løpet av 2010.

Hovudgrunnane for at personar går ut av organisasjonen er av naturlege årsaker slik som at dei har sluttat i næringa, har flytta, ikkje betalt kontingen-ten det siste året eller død. Heller få har meldt seg ut med å oppgi at dei er usamde i bondelaget sin politikk.

Av dei nyinnmelde personane er over 100 direkte knytta til eit bruk eller ein annan produksjonseiningar. I tillegg er det registrert 19 nye andre foretak i medlemsregisteret. Dette betyr at av

dei snautt 400 nyregistrerte medlemmene i Rogaland er truleg over halvdelan direkte knytta til gardsbruk ved at begge ektefellene eller andre på bruket, har meldt seg inn.

Dei fleste lokallaga har hatt auke i medlemstalet i løpet av året. Flest nye medlemmer har Sandnes Bondelag med 43 nye. Deretter kjem Stavanger og Time med 31 nye kvar og Gjesdal og Sola med 28 nye medlemmer kvar. Størst nettoauke i talet på medlemmer har Sola Bondelag med ein auke på 14 medlemmer. Fleire andre lag ligg rett etter med ein netto auke på 13 medlemmer. Det er Sandnes, Bjerkreim, Gjesdal, Rennesøy og Skjold Bondelag.

Vervekampanjen heile organisasjonen gjennomførde frå 1. oktober til 1. desember bidrog godt ang. utviklinga av medlemssituasjonen i organisasjonen. I

Rogaland vart det verva 102 nye medlemmer. Rogaland var det fylket som fekk flest nye medlemmer. På landsbasis gav vervekampanjen ein medlemsvekst for Norges Bondelag på 948 medlemmer og ein nettovekst på vel 500 medlemmer. Ved slutten av året hadde organisasjonen 62.505 medlemmer og det er det høgaste medlemstalet sidan 1998.

Open Gard-arrangement

22. august var den fastsette søndagen for Open Gard-arrangement i 2010. I Rogaland vart det gjennomført 4 arrangement denne dagen og ein på Tveit i Nedstrand 30. mai. Det var 21. gongen Open Gard var på skolen. I tillegg var det eit arrangement i Sveio som var eit samarbeid mellom lag i Hordaland og Rogaland. Været varierte. Nokre av arrangementa fekk skikkelege tordnenbyger mens andre slapp unna.

Talet på besökande på dei ulike arrangementa var:

- Ca 5000 på Nedstrand på Tveit vg. skole
- Ca 2000 på Øksnevad vg. skole
- Ca 600 på Vigrestad hjå Elin og Knut Åge Gjersdal
- Ca 400 på Forsand hjå Annbjørg og Torstein Haukalid
- Ca 1800 på Randaberg hjå Gro og Trond Vistnes

Open Gard har vorte eit fast og tradisjonelt arrangement for Bondelaget. Tema dette året var **"Kjærleik til norsk mat"**

For lokallaga som tek på seg desse arrangementa er det eit krevjande arbeid, men med over 9.000 besökande berre her i fylket, har det utan tvil ein stor verdi for landbruksoppdraget. Rogaland Bondelag vil retta ein varm takk til dei som har teke dette på seg – både vertane som opnar tuna sine og andre som hjelper til. Vårt håper er at vi fortsett kan ha slike arrangement i fylket.

Dato for Open Gard 2011 er 21. august.



Frå Open gard på Tveit i juni.
Fylkesleiar Ole Johan Vierdal
opna tilstellinga.
Randi Røtterud står ved sida.
Foto Peder Lundegård



Sonja Herikstad Skårlund
fra Info-utvalet i Rogaland
Bondelag overrekker blomar til
Oddmund Hognestad.
Ola Sunde står i midten.

Kurs for unge og nye bønder

På kurset deltok 42 unge framtidige bønder. Kurset var fullteikna, og var på same tid som Agrovisjon 2010 - 22. – 23. oktober 2010. Kurset var lagt opp med både faglege føredrag, sosiale samling og deltaking på Agrovisjon sine tilbod. Møtestaden var Rica Forum Hotel.

Hovudtema på kurset var eige-domsovertaking. Advokat Jan Bangen frå Norges Bondelag var førelesar her.

Av programmet kan ein også nemna: Forskjellege driftsval innan landbruket: Roar Grødeland, Sigrid Bakka og Margrethe Dysjaland fortalte om sine driftsval på deira gardar. Elles var det innlegg om økonomiplanlegging, landbrukets HMS teneste og landbrukssamvirke, kva rolle har samvirkeorganisasjonane i utøving av landbrukspolitikken.

Tidlegare år har kurset vorte arrangert frå fredag til søndag. Dette året vart kurset arrangert over to dagar, fredag og laurdag. Vi er noko usikre på om den gode tilslutnaden skyldast at kurset vart arrangert i samband med Agrovisjon, eller at kurset gjekk over to dagar. Neste kurs vert også over to dagar.

Skattekurset

Det årlege skattekurset for tilsette ved rekneskapskontora i fylket vart halde på Rica Maritim Hotell, Haugesund, 30. november og 1.desember. 20 kontor i Rogaland har avtale med Norges Bondelag og frå desse møtte 161 personar. Eit kontor deltok på tilsvarende kurs i Agder. Rogaland Bondelag har ansvar for den tekniske delen av arrangementet, medan Norges Bondelag er ansvarleg for den faglege biten.

Årets skattekurs tok som vanleg opp dei nyaste oppdateringane av regelverket rundt skatt, avgifter og rekneskap. I år vart det særleg fokusert på vedlikehald og vurdering av det og spørsmål ang. pensjon. I frå Norges Bondelag foreleste adv. fullmekting Marianne E. Imerslund og rådgivar Arne Stein Tveito. Seniorrådgivar Ola Helgeland frå Skatt Vest, gjekk gjennom aktuelt frå Skatteetaten som erfaringar frå siste års likning og vurderingar ang. næringssbegrepet kontra hobby. Rådgivar Karin Hansen frå Innovasjon Norge Rogaland orienterte om Innovasjon



Stor deltagelse på skattekursa Bondelaget arrangerer for tilsette ved rekneskapskontora i fylket.

Norge sine ordningar overfor landbruket.

Kurset er stort, men det er også viktig at rekneskapsførarane frå heile fylket får koma saman og den sosiale biten er viktig.

Ekstra kursdag

Det vart i år halde to parallelle kurs under den ekstra kursdagen - i forkant av det ordinære skattekurset. Det eine kurset hadde temaet "Daglig ledelse av regnskapskontor" der Endre Jørgensen, dagleg leiar i Vekstra AS,

var forelesar. 15 deltakarar følgde dette kurset.

For det andre ekstrakurset var temaet "Merverdiavgiften – muligheter og fallgruver". Advokat Terje Bakke frå Ernst & Young var forelesar her og han gjorde eit tungt og innvikla tema interessant. 79 rekneskapsførarar var med på dette kurset.

Tilbakemeldingane var at begge kurssar var svært lærerike og nyttige.



Verktøyene du trenger på kort og lang sikt

Vi har alle banktjenestene du har bruk for både til gårdsdriften og privat. Vi er Norges Bondelags samarbeidspartner på banktjenester og har i snart 100 år jobbet for gode produkter og betingelser for landbruket. Det har gitt oss kunnskap som bidrar til økonomisk trygghet og enklere hverdag for deg.

Sjekk dine muligheter på Landkreditbank.no eller ring 815 52 245.

 **Landkredit Bank**
Enkel å bruke. Lett å snakke med.

Samarbeidet mellom Rogaland Bondelag og Gjensidige Forsikring

Samarbeidet byggjer på den sentrale avtalen mellom Gjensidige Forsikring og Norges Bondelag. Der heiter det at det skal vera eit samarbeidsorgan i kvart fylket og at dette skal ha minst to møte. Vidare skal det utarbeidast ein fylkesvis arbeidsplan. Samarbeidsutvalet i Rogaland – SU-Rogaland - har i medlemsåret hatt eit møte.

Arbeidsplan for samarbeidet

I arbeidsplanen for 2010 var det lagt opp til konkrete mål både for vervearbeidet til bondelaget og for tilslutning til bondelaget si gruppelivsordning. Ang. førebyggjande tiltak som møte om helse og sikkerhet, er det og sett klare mål – minst 10 i løpet av året.

I planen vert det lagt stor vekt på arbeid med trygging av familien med

fokus på unge bønder. Vidare har ein følgd opp saker medlemmene har teke opp. Ved gjennomgåing av planen ved slutten av året var SU godt nøgd med måloppnåelsen

Anna samarbeid/kontakt mellom RB og Gjensidige

I tillegg til det eine møtet i SU for Rogaland var det halde eit felles Regionsamling mellom fylkesbondelag på Vestlandet og Gjedsidige Vest. Samlinga var lagt til Førde 28. og 29. september. Hovudtema var samarbeidet mellom Bondelaget og Gjensidige framover og då med utgangspunkt i ny samarbeidsavtale mellom Gjensidige og Norges Bondelag. Etterpå var ein på besøk på Panorama Samdrift DA der assurandørar frå Gjensidige gjekk konkret gjennom



GJENSIDIGE

korleis dei arbeider i felten med prisfastsetting og skadeførebyggjande tiltak. Siste dagen gjekk representantane frå Gjensidige gjennom organisasjonen si framtidstenking og markedsutvikling.

Svein Arne Steinbru som er landbruksansvarleg i Gjensidige Vest, var og med på distriktsmøta fylkesbondelaget hadde for styremedlemmene i lokallaga i månadsskiftet oktober/november.

Gjensidige hadde også julemøte for leiarane i lokallaga på Jæren der temaet var kva skjer etter att brannskaden har oppstått – spørsmål rundt taksering og erstatning etter brannskade.

Landbrukets HMS-teneste

Landbrukets HMS teneste er eigd av Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukerlag.

Landbrukets HMS teneste er ei førebyggjande helse-, miljø- og sikkerhetseneste, og alle som har sitt arbeid i landbruket kan bli medlem. Det er tilsett HMS rådgjevarar med spesialkompetanse innan landbruk, som arbeider i ein samarbeidande regionale HMS bedrift. I samarbeid med fagpersonar frå HMS-tenesta vert det gitt behovstilpassa rettleiing på garden til alle medlemmane. Alle medlemmane får tilbod om helsekontroll kvart tredje år.

I 2007 vart det vedtatt ”Felles plan for HMS-arbeidet i norsk landbruk”.

Denne planen har dei aller fleste organisasjonane i landbruket gitt si tilslutning til.

Visjonen er:

- Ingen dødsulukker i norsk landbruk
- Alle bønder skal ha ” Ingen ulukker på min gard” som mål for HMS arbeidet på sitt bruk.

Landbrukets HMS-teneste har utarbeida kurset ”Praktisk HMS-arbeid” som er skreddarsydd for landbruket. Dette kurset dekker krava i Arbeidsmiljøloven § 3-5 om HMS-kompetanse for føretakets leiar. Dette kurset er den beste motivasjonkjelda til eit betre HMS-arbeid på garden. I Rogaland er det i løpet av 2010 vore 17 kurs i ”Praktisk HMS-arbeid”:



Landbrukets HMS-skole

www.lhms.no

Våren 2010 11 kurs med 131 deltakarar
Hausten 2010 6 kurs med 81 deltakarar
Sum for 2010 17 kurs med 213 deltakarar

For arbeidsåret 2009 deltok 218 personar på same kursopplegget.



Personalet

I løpet av 2010 har det ikke vore noko endring i personalet ved kontoret.

Følgjande har hatt sitt arbeid ved kontoret gjennom året:

- Organisasjonssjef Svein Helge Harbo
- Førstekonsulent Olav Sande
- Førstekonsulent Signe Henriksen
- Førstekonsulent Målfrid Husebø – 90 %
- Organisasjonssekretær for RBU Marlen Hognestad, har hatt 25 % stilling og utført sekretærjobben i hovudsak heime eller på kveldstid på kontoret.

Personalet ved kontoret 2010.

Frå venstre: Målfrid, Svein Helge, Olav og Signe. Signe har godt lag med både folk og fe.



Personalet har ein tur av og til for å verta kjent i fylket. I 2010 gjekk turen til Ryfylket og her takkar Olav Tjalve Lekvam for mottakelse og orientering under besøket på Fellesfjøset han er med i på Leite i Strand.

Leiarane i lokallaga

| | Leiarane 2009/2010 | Leiarane 2010/2011 |
|----------------------|---------------------------|---------------------------|
| 81101 01 Eigersund | Sigmund Slettebø | Sigmund Slettebø |
| 81101 02 Helleland | Torbjørn Birkeland | Terje Taule |
| 81102 01 Sandnes | Morten Malmin | Gunn Marit S. Svhuis |
| 81102 02 Riska | Sigmund Svendsen | Sigmund Svendsen |
| 81103 01 Stavanger | Karl Anders Nilsen | Torgeir Kinn |
| 81106 01 Skåre | John Egil Frøystad | John Egil Frøystad |
| 81111 01 Sokndal | Tron Skjefrås | Tron Skjefrås |
| 81112 01 Lund | Sigbjørn Andreas Hofsmo | Øyvind Steinnes |
| 81114 01 Bjerkreim | Svein Roar Tengesdal | Svein Roald Tengesdal |
| 81119 02 Nærøysund | Jofrid Torland Mjåtveit | Ove Morten Sør-Reime |
| 81119 03 Varhaug | Ole Andreas Aarsland | Ole Andreas Aarsland |
| 81119 04 Søre Hå | Abraham E. Aarsland | Bjørn Friestad |
| 81120 01 Klepp | Jon Serigstad | Jon Serigstad |
| 81120 02 Bore | Anne Skasheim | Anne Skasheim |
| 81120 03 Orre | Roar L. Grødeland | Sigmund Wiig |
| 81121 01 Time | Livar Nedrebø | Olav Aasland |
| 81122 01 Gjesdal | Kåre Søyland | Kåre Søyland |
| 81124 01 Sola | Malvin Hebnes | Arnstein Røyneberg |
| 81127 01 Randaberg | Kjell Ingar Bø | Kjell Ingar Bø |
| 81129 01 Forsand | May Ann M. Levik | Inga Skretting |
| 81130 01 Strand | Børge Næss | Børge Næss |
| 81133 01 Hjelmeland | Tom G. Dyrskog | Jarle Mjølhus |
| 81134 01 Suldal | Ole Martin Eikeland | Ole Martin Eikeland |
| 81135 01 Sauda | Ola Magnar Birkeland | Ola Magnar Birkeland |
| 81141 01 Finnøy | Per Bergøy | Per Bergøy |
| 81141 03 Fogn | Gerd Johanne Bø | Gerd Johanne Bø |
| 81141 04 Sjernarøy | Jon-Arne Vadla | Jon-Arne Vadla |
| 81141 05 Ombo | Ann-Mari Lindanger | Ann-Mari Lindanger |
| 81142 01 Rennesøy | Guttorm Gudmestad | Guttorm Gudmestad |
| 81144 01 Kvitsøy | Anders Nordbø | Anders Nordbø |
| 81145 01 Bokn | Jan Kåre Are | Jan Kåre Are |
| 81146 01 Tysvær | Sven Ivar Dybdal | Sven Ivar Dybdal |
| 81149 01 Nord-Karmøy | Ragnar Vikingstad | Mats Einar Skeie |
| 81149 04 Sør-Karmøy | Kjell Arvid Sandhåland | Kjell Arvid Sandhåland |
| 81151 01 Utsira | Bjarne Austrheim | Bjarne Austrheim |
| 81154 01 Vikedal | Nils Bakkedal | Nils Bakkedal |
| 81154 02 Sandeid | Magne Økland | Magne Økland |
| 81154 03 Imsland | Anita Øvregård | Bjarne Rønnevik |
| 81154 04 Vats | Andreas Lundegård | Andreas Lundegård |
| 81154 05 Skjold | Norleif Fjeldheim | Norleif Fjeldheim |
| 81159 01 Ølen | Bård Arne Lunde | Bård Arne Lunde |
| 81159 02 Bjoa | Ernst Grønnestad | Ernst Grønnestad |
| 81159 03 Vikebygd | Jens Morten Koltveit | Jens Morten Koltveit |

Rekneskapen 2010

| Inntekter: | Rekneskap 2009 | Budsjett 2010 | Rekneskap 2010 | Utgifter: | Rekneskap 2009 | Budsjett 2010 | Rekneskap 2010 |
|-----------------------------------------------------|---------------------------|--------------------------|---------------------------|-----------------------------------------------------|---------------------------|--------------------------|---------------------------|
| Avgiftsfritt varesal | 40,00 | | 6 205,00 | Varekjøp | | | 22 318,00 |
| Årsmøtet - deltakaravgift | 68 400,00 | 70 000 | 65 700,00 | Lønn og sosiale utgifter - 60% stilling | | 225 000 | 271 587,00 |
| Leiarmøtet - deltakaravgift | 56 000,00 | 34 000 | 27 900,00 | Daggodtgjersle - styret | 180 250,00 | 230 000 | 162 000,00 |
| Leiarmøtet - tilskot frå FMLA og BSF | 25 905,00 | | | Arbeidsgjevaravgift - styret | 26 472,75 | 34 000 | 23 899,50 |
| Leiarmøtet - tatt av "Aktive lokallagsmidlar" | 30 000,00 | | | Møte- og reiseutgifter - styret | 63 054,00 | 86 000 | 84 843,45 |
| Fylkesleiarars reisebudsjett - att av pott i NB | 9 644,33 | | | Telefongodtgjersle - styret | 7 500,00 | 7 500 | 7 500,00 |
| Tilskot frå NB og SR til Nye bønder kurs + kursavg. | | 60 000 | 66 694,00 | RB sin del av fylkesleiarars reisebudsjett | | 30 000 | 104 430,00 |
| Annonseinntekter - årsmelding | 51 000,00 | 50 000 | 51 400,00 | Servering - alle møter | 43 764,25 | 47 000 | 44 196,25 |
| Tilskot til vervearbeit frå NB | 20 000,00 | 20 000 | 20 000,00 | Ymse møte | 10 500,00 | 5 000 | 3 532,38 |
| Rammebevilgning frå Norges Bondelag | 789 730,00 | 806 000 | 805 500,00 | Utvala - daggodtgj.,, møte- og reiseutg. | 64 750,75 | 60 000 | 30 063,75 |
| Refusjon kontorteneste: | | | | Årsmøtet | 187 438,50 | 195 000 | 191 843,00 |
| RBK | 25 000,00 | 60 000 | 50 000,00 | Leiarmøte | 202 607,10 | 95 000 | 89 684,25 |
| RBU | 10 000,00 | 20 000 | 15 000,00 | Distriktsmøta | 28 638,00 | 31 000 | 23 604,00 |
| Sponsormidlar frå Samarbeidsrådet | 42 000,00 | 42 000 | 42 000,00 | Open Gard | 635,00 | | 634,00 |
| Prosjekt - felles sekretariat | 419 834,00 | | | Nye brukar kurs | | 60 000 | 66 694,00 |
| Prosjekt - Landbruk på dagsordenen 2009 | 60 000,00 | | | Kurs arealplanlegging | 11 128,00 | 15 000 | |
| Kurs ang. arealplanlegging | 12 800,00 | 15 000 | | Årsmeldinga | 49 500,00 | 50 000 | 42 820,00 |
| Prosjekt - Frå dal til fjell | 17 373,00 | | | Ymse kostnader - støtte til møte | 6 806,00 | 10 000 | 19 998,91 |
| Bygdekompasset - sal av permer | 16 305,62 | | | Støtte til Jordvern arbeidet - Sandnes | 20 000,00 | | |
| Støtte til studieaktivitet | 54 888,00 | | 10 000,00 | Representasjon | 550,00 | 6 000 | 4 697,00 |
| Tilskot frå FMLA - "Kokketur" | | | 10 000,00 | Kostnad med prosjektet Frå Dal til Fjell | 18 250,50 | | |
| Mottatt for kopiering | 1 100,00 | | 1 000,00 | Kostnad BSF | | | 4 112,00 |
| Renteinntekter | 13 220,00 | 20 000 | 24 418,00 | Agrovisjon RB sin del | | | 12 482,00 |
| Rest avsette midlar inntektsført - Note 1 | | | 22 494,70 | Rundreise med NB | | | 32 332,47 |
| Avsette midlar til: | | | | Kostnader "Kokketur" | | | 22 040,50 |
| EU-arbeidet | | 8 281 | | Prosjektet - felles sekretariat | 400 543,66 | | |
| Vervearbeit | | 23 031 | | Prosjektet - Landbruket på dagsordenen 2009 | 31 320,52 | | |
| Utadretta informasjon | | 15 312 | | Verveutvalet | 13 736,00 | 7 000 | 30 548,75 |
| Profileringsartiklar | | 20 000 | | Gebyr | 3 026,50 | 3 500 | 2 825,86 |
| Utstyr - nytt møterom | | 50 000 | | Støtte til Stormøte | 5 000,00 | | |
| Rekruttering til Tveit Vgd Skule | | 5 000 | | Støtte til Prosj. - felles sekretariat, RB sin del. | 8 334,00 | | |
| Studiearbeit | | 19 601 | | Kostnader med ymse kurs | 35 286,16 | | |
| Sum inntekter | 1 723 239,95 | 1 338 225 | 1 218 311,70 | Vervearbeitet overført rest tilsk. til verveutv. | 6 264,00 | 23 031 | |
| Underskot 2010 | | | 80 375,37 | Avsett til studiearbeitet | 19 601,84 | 19 601 | |
| | | | 1 298 687,07 | Avsett til profileringssartiklar | 20 000,00 | 20 000 | |
| | | | | Avsett til utstyr til nytt møterom | 50 000,00 | 50 000 | |
| | | | | Avsett til Tveit Vidaregåande skule | 5 000,00 | 5 000 | |
| | | | | EU-arbeidet/rest avsetning | | 8 281 | |
| | | | | Avsett til utadretta informasjon for fylkesl. | | 15 312 | |
| | | | | Udisponerte midlar/overført eigenkap | 203 282,42 | | |
| | | | | Sum utgifter | 1 723 239,95 | 1 338 225 | 1 298 687,07 |

Status pr. 31. desember 2010

| Eigedelar: | 2009 | 2010 |
|----------------------------------------------|---------------------|-------------------|
| Andelar Jæren Folkehøgskule | 4,00 | 4,00 |
| Andelar Høgskulen Landbruk og Bygde-næringer | 5,00 | 5,00 |
| Andelar Fagforum for mat og drikke | 1,00 | 1,00 |
| Andelar A/S Nationen | 1,00 | 1,00 |
| Kundefordringer | 16 760,00 | 13 303,00 |
| Mellomregning NB - leiars reisebudsjett | 9 644,33 | |
| Andre kortsiktige fordringar | 36 820,00 | |
| Kasse | 888,00 | 0,00 |
| Sparebank 1 SR-Bank | 906 697,24 | 908 113,37 |
| Nortura Gilde Vest BA - innskot | 60 528,68 | 0,00 |
| Konto for skattetrekk | | 29 109,00 |
| Sum | 1 031 349,25 | 950 536,37 |

| Skuld og eigenkapital: | 2009 | 2010 |
|-------------------------------------------------|---------------------|-------------------|
| Eigenkapital pr. 01.01. | 346 893,87 | 550 176,29 |
| Overskot 2009/Underskot 2010 | 203 282,42 | -80 375,37 |
| Eigenkapital pr. 31.12. | 550 176,29 | 469 800,92 |
| Skuldig forskottstrekk | 42 517,00 | 29 109,00 |
| Skuldig arbeidsgjevaravgift | 18 964,84 | 15 358,75 |
| Skyldig distriktsmøte | 10 461,50 | 1 779,00 |
| Uebtalte rekningar - momskomp. studiearb. | 12 103,00 | |
| Mellomrekning NB - leiars overforbruk | | 104 430,00 |
| Rest "aktive lokallag" | 52 756,72 | 127 173,72 |
| Velferdsmidlar til dei tilsette | 2 274,84 | 0,00 |
| Studiearbeide - fond overført RB ved nedlegging | | |
| av BSF - Rogaland - Note 2 | 220 469,73 | 202 884,98 |
| Avsett til EU arbeidet | 8 281,40 | |
| Avsett til medlemsvervning | 23 031,43 | |
| Avsett til utadretta informasjon - rest | 15 312,50 | |
| Avsett til profileringsartiklar | 20 000,00 | |
| Avsett til utstyr til nytt møterom | 50 000,00 | |
| Avsett til Tveit Vidaregåande skule | 5 000,00 | |
| Sum skuld | 481 172,96 | 480 735,45 |
| Sum skuld og eigenkapital | 1 031 349,25 | 950 536,37 |

Note 1

Rest avsette midlar overført til eigenkapitalen

| | |
|---------------------------------------|---------------------|
| 1. EU arbeidet - rest | 8 281,40 |
| 2. Vervearbeidet - rest | 23 031,43 |
| 3. Utadretta informasjon - rest | 9 062,50 |
| 4. Profileringsartiklar - overforbruk | -1 806,25 |
| 5. Utstyr nytt møterom - overforbruk | -16 074,38 |
| | kr 22 494,70 |

Note 2

Bruk av fond - studiearbeit

| Pr 1/1- 2010 | kr 220 469,73 |
|--------------------------|----------------------|
| Unge Bønder kurs | kr -10 000,00 |
| Valkomitekurs | kr -2 584,75 |
| RBK - org/leiarkurs | kr -5 000,00 |
| Att pr 31/12.2010 | kr 202 884,98 |

Stavanger 31. desember 2011

Signe Henriksen, rekneskapsførar
Svein Helge Harbo, organisasjonssjef

Revisjonsfråsegn:

Rekneskapen er gjennomgått, revidert og funnen i orden.

Stavanger, 28. januar 2011

Bjørn Vistnes
Svein Levik

Styret

Stavanger 24. januar 2011

Ole Johan Vierdal, leiar
Arnstein Gilje, nestleiar
Gette Eidesen
Per Inge Egeland
Stein Pettersen
Margunn Nedrebø (RBK)
Elin Grødeland (RBU)

Medlemsoversikt

| | Medlemstal 01.01.2010 | Ut | Inn | Stopp ubetalt | Medlemstal 31.12.2010 |
|-------------|----------------------------------|------------|------------|----------------------|----------------------------------|
| Eigersund | 79 | 4 | 3 | 0 | 78 |
| Helleland | 103 | 4 | 6 | 1 | 105 |
| Sandnes | 476 | 30 | 43 | 5 | 489 |
| Riska | 89 | 3 | 4 | 0 | 90 |
| Stavanger | 174 | 23 | 31 | 0 | 182 |
| Skåre | 26 | 1 | 2 | 0 | 27 |
| Sokndal | 43 | 2 | 1 | 1 | 42 |
| Lund | 96 | 6 | 3 | 0 | 93 |
| Bjerkreim | 349 | 8 | 21 | 2 | 362 |
| Nærøysund | 327 | 10 | 18 | 1 | 336 |
| Varhaug | 263 | 12 | 10 | 3 | 261 |
| Søre Hå | 214 | 7 | 7 | 1 | 214 |
| Klepp | 189 | 12 | 9 | 2 | 186 |
| Bore | 109 | 7 | 3 | 1 | 105 |
| Orre | 149 | 10 | 5 | 1 | 144 |
| Time | 532 | 24 | 31 | 0 | 539 |
| Gjesdal | 290 | 15 | 28 | 4 | 303 |
| Sola | 244 | 14 | 28 | 2 | 258 |
| Randaberg | 165 | 2 | 11 | 0 | 174 |
| Forsand | 62 | 3 | 5 | 0 | 64 |
| Strand | 174 | 13 | 10 | 0 | 171 |
| Hjelmeland | 230 | 12 | 9 | 3 | 227 |
| Suldal | 261 | 4 | 11 | 1 | 268 |
| Sauda | 74 | 2 | 3 | 0 | 75 |
| Finnøy | 244 | 5 | 10 | 0 | 249 |
| Fogn | 51 | 1 | 1 | 1 | 51 |
| Sjernarøy | 68 | 2 | 2 | 0 | 68 |
| Ombo | 34 | 0 | 1 | 0 | 35 |
| Rennesøy | 236 | 8 | 21 | 1 | 249 |
| Kvitsøy | 11 | 0 | 0 | 0 | 11 |
| Bokn | 36 | 1 | 1 | 0 | 36 |
| Tysvær | 219 | 7 | 15 | 0 | 227 |
| Nord-Karmøy | 96 | 3 | 4 | 0 | 97 |
| Sør-Karmøy | 82 | 3 | 5 | 2 | 84 |
| Utsira | 2 | 1 | 0 | 0 | 1 |
| Vikedal | 61 | 2 | 1 | 0 | 60 |
| Sandeid | 90 | 0 | 0 | 0 | 90 |
| Imsland | 54 | 0 | 0 | 0 | 54 |
| Vats | 129 | 2 | 4 | 0 | 131 |
| Skjold | 120 | 0 | 12 | 0 | 132 |
| Ølen | 83 | 5 | 3 | 1 | 81 |
| Bjøa | 36 | 2 | 3 | 2 | 37 |
| Vikebygd | 35 | 0 | 1 | 0 | 36 |
| | 6405 | 270 | 386 | 35 | 6522 |

Gardsrekneskapslaga i Rogaland

| Lag/kontor | Rekneskapssjef | Lag/kontor | Rekneskapssjef |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------|
| Bjerkreim Rekneskapskontor AS Nesjane 4389 Vikeså 51 45 21 88 - fax 51 45 21 58 - post@bras.no | Jostein Røysland | ReNett avd. Ølen Nerheim Store 5580 Ølen 53 76 62 59 - birger@renett.no | Birger Fitjar |
| Finnøy Økonomi AS Finnøy Næringshage 4160 Finnøy 51 71 45 00 - fax 51 71 45 01 - post@finnøy.com | Elise Lunde | Rennesøy og Randaberg Rekneskapslag Seljebakken 10 4150 Rennesøy 51 72 00 00 - fax 51 72 00 01 - everone@rennrekn.no | Kirsten A. Østhus |
| Nord-Jæren Regnskap AS Gartnerveien 41 4016 Stavanger 51 90 69 10 - fax 51 90 69 11 - post@njr.no | Harald Selvåg | Sola Regnskap BA Postboks 135 4097 Sola 51 71 99 30 - fax 51 71 99 31 - srl@broadpark.no | Guri Sandvin Ringvoll |
| Gjesdal Regnskap AS Postboks 166 4339 Ålgård 51 61 80 44 - fax 51 61 74 72 - gjesdal@grl.no | Lars Helleland | Suldal Økonomi og Rådgiving AS Ola Jelsa Verven 1 Postboks 54 4239 Sand 52 79 05 30 - fax 52 79 05 46 - post@suldalokonomi.no | |
| HG - Regnskap St. Olavsgt. 2 4319 Sandnes 51 68 62 00 - fax 51 68 62 01 - hg@hgregnskap.no | Geir Borgen | TF-regnskap TF Gården 4120 Tau 51 74 48 80 - fax 51 74 48 81 - post@tf-regnskap.no | Odd Jøssang/ John Erevik |
| Hå Gardsrekneskapslag Møllevei. 4 4360 Varhaug 51 79 36 60 - fax 51 79 36 61 - haa@hgrl.no | Per Herikstad | Time Rekneskapslag Håland 4340 Bryne 51 77 18 00 - fax 51 77 18 01 - post@time-rekneskapslag.no | Ferdinand Zimmermann |
| Klepp Rekneskapslag Postvegen 209 4353 Klepp St. 51 78 69 90 - fax 51 78 69 91 - klepp@grl.no | Martin Svebestad | Tveit Regnskap AS 5574 Skjold 52 76 71 00 - fax 52 76 71 09 - regnskap@tveit.no | Jone Tveit |
| Nærbo Rekneskapslag Jadarvegen 15 4365 Nærbo 51 79 97 50 - fax 51 79 97 60 - naerbo@grl.no | Åge Bryne | Tysvær Økonomi BA Postboks 74 5575 Aksdal 52 75 40 10 - fax 52 75 40 11 - post@toko.no | Svanhild Storstein |
| Partner Regnskap AS Jordbruksavd. 4137 Årdal i Ryfylke 51 75 42 50 - fax 51 75 42 51 - firmapost@partnerregnskap.no | Jarle Ove Østerhus | Vik Rekneskapskontor 4174 Helgøysund 51 71 20 00 - fax 51 71 20 09 - karin@rederi-regnskap.no | Torbjørg Karin Vik |
| RegnskapService Haugaland AS Postboks 185 4297 Skudeneshavn 52 84 65 00 - fax 52 84 65 01 - skudenes@regnskapservice-haugaland.no | Jan Thomassen | VS Regnskap AS Rennesøygt. 8 5537 Haugesund 52 72 70 22 - fax 52 71 25 49 - gunnar@vsregnskap.no | Gunnar Knutsen |
| | | Økonor Dalane Øyevolleveien 10 4460 Moi 51 40 94 00 - fax 51 40 94 01 - torgeir.sleveland@okonor.no | Torgeir Sleveland |

Notater

Notater

Notater

Notater



- langsiktigkeit, sikkerheit og best økonomi

Om du er storfeprodusent med 2 års produksjonssyklus eller kyllingprodusent med 30 dagars oppføringstid, så ligg det eit langsiktig perspektiv bak investeringane i kjøproduksjonen.

Da er det trygt å ha ein samarbeidspartner som har same langsiktigeita som grunnlaget for verksemda si. Ein samarbeidspartner som også

garanterer avsetnad for det du produserer, uansett kvar du bur eller kor stor produksjon du har. Men kanskje viktigast alt: Ein samarbeidspartner med eit overordna mål om å gje bonden best økonomi - både på kort og lang sikt.





Landbruksbygg

I stål, tre, sandwich eller
betongelementer

Gjødselkummer

Størrelser fra
590 - 3460 m³

Vi tilbyr fleksible løsninger i materialvalg og sammensetninger som tilpasses til dine ønsker og behov.

Vi har systemer som er meget rasjonelle, enkle og prisgunstige, og vi kan levere byggesett etter ønske (til f.eks. maskinhus, lagerbygg).

Ta kontakt for mer informasjon og pristilbud.

GRUDE
LANDBRUKSBYGG

Bedriftsveien 35, 4353 Klepp Stasjon.
Tlf. 918 71 505, epost: post@grudebygg.no
www.grudebygg.no

Nybygg eller rehabilitering?

Ta kontakt med AH Bygg A/S
Vi har solid erfaring med
alle typer bygninger til landbruket



Møllevn. 12 - 4360 Varhaug
Tlf. 51 79 85 79 Fax: 51 79 85 78




GJENSIDIGE

BENYTT DINE MEDLEMSFORDELER



Som medlem tilbys du unike personforsikringer tilpasset dine behov – og du får tilbud om viktige sikkerhetsprodukter til lav pris.

Kontakt oss på 03100, se gjensidige.no/landbruk eller kom innom vårt kontor.



SAMARBEIDSRÅDET

for landbruksorganisasjonane
i Rogaland

Sandvikvegen 21 - Postboks 278 - 4002 Stavanger
Telefon 51 88 72 70 - Telefax 51 88 02 80

